




HØGSKOLEN I BERGEN

Institutt for vernepleie og sosialt arbeid

## Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid



### Fritid for unge med Asperger syndrom: ei skattekiste?

### The leisure time of Asperger youth: a treasure box?

av

Inger Helen Midtgård  
Juni 2011

## *Forord*

Eg som alltid har vore best på 60 meteren, har akkurat avslutta mitt livs maratonløp, mi masteroppgåve. ”Å læra skal gjere ilt” er motto frå eit revyinnslag me hadde på eit skulejubileum i heimbygda. Eg kan i dag seie meg 100 prosent samd i mottoet. Det har vore ilt, det har kosta men mykje og nær tatt luven og livet frå meg. Samstundes er det noko av det kjekkaste eg har vore med på. Himmel og helvete i salig blanding.

Eg vil takke jentene mine, Rakel og Maria som har halde ut med ei fjern og til tider amper og forvirra mor. No skal spisebordet i stova ryddast for stablar av bøker, artiklar, lause ark og gule post-it lappar og endeleg nyttast til måltid att!

Ein stor takk til Helge Folkestad, rettleiar og dr. polit for god rettleiing og stort tolmod. Takk for ditt flogvit, di evne til å halda motet oppe og skubba meg passeleg framover i passande tempo.

Takk til Marit Midtgård for det flotte framsidebiletet du teikna.

Takk til medstudentane Ellen, Gro Hege, Ingrid og Linda for støtte og oppmuntring.

Takk til Hege Hansen, min framifrå forskingsassistent som i tillegg til å bidra på forskingssamlingane, har kome med mange nyttige innspel på oppgåva, takk for mange gode diskusjonar.

Den største takken går til dei tre unge ”Aslak”, ”Christer” og ”Bjørn” som presentert verd og nytt si dyrebare fritid på meg. Eg er audmuk og takksam for den tillit de har synt meg.

Tilslutt; takk og pris for at eg bur i Humørbygda, eit aktivt lokalsamfunn med plass og rom for alle og med utsyn over Osterfjorden.

## Innheld

<i>Samandrag</i> .....	6
<i>Abstract</i> .....	7
<i>Kapittel 1: Unge med Asperger-syndrom og sosial deltaking</i> .....	8
Bakgrunn for val av tema .....	8
Problemstilling og forskingsspørsmål .....	9
Mi forståing .....	10
Ulike modellar og perspektiv på funksjonshemmning og Asperger-syndrom .....	12
<i>Den medisinske modellen og syn på Asperger-syndrom</i> .....	13
<i>Den sosiale modellen og syn på Asperger syndrom</i> .....	14
<i>Normalitet og avviksdiskursen</i> .....	14
<i>Likskap/ulikskapsdiskursen</i> .....	15
<i>Diskursen oss og dei andre</i> .....	16
Allmenn oppfatning av autisme og Asperger-syndrom .....	17
Menneske med Asperger-syndrom og sosial deltaking .....	17
Samfunnsarbeidsrolla .....	19
<i>Kapittel 2: Metode</i> .....	21
Innleiande ord .....	21
Forskningsdesign .....	21
Samlingane med dei tre unge .....	23
<i>Stemninga på samlingane</i> .....	26
<i>Analysesamling</i> .....	27
<i>Gåve som takk for innsatsen</i> .....	27
Transkribering .....	27
Forskingsetiske utfordringar .....	28
<i>Personvern</i> .....	28
<i>Fåre for stigmatisering</i> .....	28
Føremuner og ulemper med å forska på det kjende .....	28
Analyseprosessen .....	29
<i>Kapittel 3: "Asperger fritidssyndrom"</i> .....	31
Innleiande ord .....	31
Sakliste .....	31
Gjennomgang av forskningsprosjekt .....	32
<i>Asperger syndrom</i> .....	33
Val av framgangsmåte .....	36
Tidsplan vidare, rekkefølge og val av innsamlingsmåte .....	36
Spiren til fellesskap .....	37
Fritid som fenomen .....	39
Avsluttande ord .....	40
<i>Kapittel 4: "Da e ein ekstremt dyr hobby"</i> .....	41
Innleiande ord .....	41
Sakliste, oppstart og spørsmål til Aslak .....	41
Disiplinering .....	42
Samarbeid og tilpassa hjelp .....	44
Playmofigurar, vikingfolk og ein halvferdig romstasjon .....	45
Samspel .....	47
Humor og latter .....	48
Felles transformersinteresse .....	49

Tur, natur og det som ikkje passar inn .....	51
Ekstremt dyr hobby .....	51
Fritidsinteressene tek mykje plass.....	52
Forsøk på latterleggjering og det å redde den andre sin fasade.....	53
Ein skog av andre ting òg.....	55
Bokstavleg tala .....	56
Avsluttande ord: .....	56
<i>Kapittel 5: "For meg er det musikk heile dagen"</i> .....	58
Innleiande ord.....	58
Oppstart og sats .....	58
Gitar, prioritering og anerkjenning.....	59
Trofèet i spesialkofferten .....	60
Levin-gitaren og gitarreparasjon .....	61
Sumar med båtliv og fiske og tur kvar dag .....	62
Erting på vegen til felles forståing .....	63
Utvikling gjennom motstand .....	65
Endring i interesser har årsaker .....	66
Å vere musikalsk og alminneleggjering.....	67
Eg har brukt dagevis.....	68
Gitar flyt .....	68
Inntrykka han gjev oss andre.....	69
Avsluttande ord .....	70
<i>Kapittel 6: " Skal vi starte et band du og eg "</i> .....	73
Innleiande ord:.....	73
Film, pizza og revy .....	73
Aslak og Red Alert III .....	74
E da dette som e prosjektet ditt?.....	77
Med Salhusvinskvetten i myra .....	78
Spiren til eige band .....	79
Transformers og transformers tevling .....	81
Familie, innleving og forventning .....	83
Eg heldt på med mykje da sama .....	83
Avsluttande ord .....	85
<i>Kapittel 7: Fritid: ei skattekiste for unge med Asperger-syndrom?</i> .....	87
Innleiande ord.....	87
Kostbar fritid som status .....	87
Dyrebar fritid, plass og tid .....	88
Plass .....	88
Tid.....	89
Sære eller særlege interesser? .....	90
Fritid som fenomen .....	92
Nytteorientert fritid og fri tid .....	94
Organiserte fritidsaktivitetar .....	96
Avsluttande ord .....	98
<i>Kapittel 8: Heilt alminneleg og ganske forskjellig</i> .....	99
Innleiande ord.....	99
Fellesskap og føresetnader .....	100
Fellesskap og ambivalens.....	103
Typisk Asperger eller typisk Aslak? .....	105
Merkelappen Asperger-syndrom .....	107
Funksjonshemmande samfunnsbarrierer .....	108

Å nytte kompetanse som ressurs – omvendt inkludering.....	109
Den rådande tenkjemåten og det spirande annleise .....	111
Oppsummering og konklusjon .....	112
<i>Referansar</i> .....	113
<i>Vedlegg</i> .....	118
Vedlegg 1 .....	118
Vedlegg 2 .....	120
Vedlegg 3 .....	123
Vedlegg 4 .....	125

## ***Samandrag***

Inger Helen Midtgård

Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid

Høgskulen i Bergen

2011

Tittel: *Fritid for unge med Asperger syndrom: ei skattekiste?*

Eg har to formål med forskinga: Det første er å undersøke korleis unge med Asperger syndrom sjølv presenterer si fritid. Deira eigen presentasjon er sentral. Kva innhald fritida deira har, kva dei kunne tenkt seg annleis og kva fritid betyr er mine forskingsspørsmål. Det andre er metoden eg nyttar. Den er også eit middel til å sjå på rammer for samspel og samhandling og dimed føresetnader for sosial deltaking.

Medforsking inneber her at dei har vore invitert til å ta del, innhente og avgjere bruk og presentasjon. Mi metodologiske tilnærming utforskar også rammer for samspel og samhandling.

Fritid for dei tre er dei konkrete aktivitetane. I all hovudsak er den fritida dei presenterer den frie tida, den dei rår over sjølv. Dei seier seg nøgd med den fritida dei har i dag, og ynskjer ingen endringar. Fritida er dyrebar og kostbar. Dei unge syner kompetanse på sine interesseområder, og fritida kan vere ein dør opnar for sosial deltaking. Det er kunnskapen og kompetansen dei har opparbeidd seg og seriøsitet dei viser i sine fritidsaktivitetar som kan vere ein slik dør opnaren. Det føreset at dei har aktivitetar som vert tilrettelagd på deira premiss. Dei har også ei sosial orientering og føresetnader for å etablere og oppretthalde eit felleskap.

Lykkjelord: Fritid, Fellesskap, Humor, Asperger-syndrom.

## ***Abstract***

Inger Helen Midtgård

Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid/Master thesis in social science

Høgskulen i Bergen

Title: *The leisure time of Asperger youth: a treasure box?*

The first aim of this study is to look upon how young people with Asperger syndrome presents their own leisure time. What are they doing, what alternatives would they like to have and how important is the leisure time to them? Secondly the study focuses on how the method used in this study impact their social interacting and thereby their qualifications for such relations. During this study the three young people participating has been involved in all the processes such as the gathering of information, the use of data and the presentation. The main findings in this work is that they look upon their leisure time as the ‘time off’ where they themselves can decide what to do, and that this time is often defined by particular activities. The youth is satisfied with the leisure time they have and wish for no changes. Their leisure time is precious and their competence in particular activities can be a door opener to social interaction. For this to happen it is important that the conditions are set on the youths own premises. Young people with Asperger syndrome have a social orientation and qualifications to establish and maintain a social relationship.

Keywords: Leisure time, social relationship, humour, Asperger syndrome

## **Kapittel 1: Unge med Asperger-syndrom og sosial deltaking**

### *Bakgrunn for val av tema*

Eg har i mange år arbeidd med støttekontakt og avlasting, og har difor stor interesse for tema funksjonshemma og fritid. Arbeidet mitt på Høgskulen i Bergen som lærar på vidareutdanninga i organisering av støttekontaktar, avlastarar og frivillige, er ein annan grunn til val av emne. Arbeidet mitt pregar meg og dei tankar eg har om menneske med ulike funksjonsnedsettingar utfrå mitt perspektiv. Eg er utdanna sosionom og arbeidet mitt med tilrettelegging av fritid har hatt menneske med Asperger-syndrom som ei sentral målgruppe. I skuletida og/eller arbeidstida har dei fleste av dei eit tilrettelagd tenestetilbod, dei fleste har også tenester for tilrettelagd fritid, jfr lov om sosiale tjenester § 4-3. Sosialtenestelova har som føremålsparagraf : ” å bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre ( jfr. Sosialdepartementet 1992 s. 11). I dei siste ti åra har søknader til slike tenester for barn og unge med Asperger-syndrom vore stadig aukande i min kommune, samstundes har det vore utfordrande å finne gode og tilpassa løysingar for den enkelte.

Det er den medisinske forståinga som er så godt som enerådande i å forklåre kva Asperger-syndrom er. Foucault (1999) peikar på at diskursproduksjonen i eit kvar samfunn både vert kontrollert, sortert og organisert etter ein rekke prosedyrer. Kva diskurs som er mektigast, kva forbod som gjeld handlar om definisjonsmakt( s. 9). Asperger syndrom vert i diagnose i diagnosemanualen ICD-10 (F 84.5) skildra på følgjande måte:

”Tilstand med usikker nosologisk validitet, kjennetegnet ved kvalitative forstyrrelser av gjensidig sosialt samspill som ved barneautisme, sammen med et begrenset, stereotyp, repetivt repertoar av interesser og aktiviteter. Syndromet atskiller seg fra autisme ved at det ikke foreligger generell forsinkelse, hemming av språket eller kognitiv utvikling. Tilstanden er ofte forbundet med uttalt klossethet. Det er tydelig tendens til at tilstanden vedvarer gjennom ungdomsalder og inn i voksenalder. Psykotiske episoder kan opptre i tidlig i voksen alder (WHO 2010)”.

Menneske med Asperger-syndrom vert karakterisert ved manglande evne til å etablere venskap med jamnaldrande, manglande evne til å sjå ting frå andres synsvinkel, liten eller avvikande respons på andres kjensler og keitete åtferd i sosiale samanhengar (Bingham s. 42).

## Føremål

Eg har to formål med mi forsking. Det eine er å finne korleis unge med Asperger syndrom sjølv presenterer si fritid. Eg søker svar på kva dei nyttar fritida til idag, kva for ynske dei har om endring, og opplevingsdimensjonen, det vil seie kva fritida betyr. Eg søker å finne ut korleis unge med Asperger-syndrom formar og opplever si fritid. Det å fortelja seg sjølv fram er sentralt i mi forsking. Faglitteraturen om Asperger-syndrom konsentrerer seg i all hovudsak om psykiske vanskar, behandling, pedagogikk og tiltak ( sjå tildømes Fjærå-Granum; Gillberg 1998; Andersen 2006; Martinsen and Tetzchner 2007; Attwood 2008; Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009; Bingham 2010). Ein fellesnemnar for faglitteraturen om Asperger- syndrom kan seiast å vere at den står innanfor den rådande normalitets- og avviksdiskursen ( jfr. Solvang 2000 ) Fritid vert i litteraturen gjerne relatert til eit symptom og kalla særinteresser, fiksering eller særskilde interesseområder (SIA) (tildømes Winter-Messiers 2007; Attwood 2008; Kaland 2010).

Det andre føremålet handlar om sosial deltaking. Medan forskingspørsmåla mine er retta mot fritid, er metoden eg nyttar eit middel til å sjå på rammer for samspel og samhandling. Med utgangspunkt i den rådande diskursen kan ein spørja om det er slik at menneske med Asperger-syndrom i det heile er i stand til å forstå, navigere og oppstre i det rollespelet som utspeler seg i det daglege liv ( jfr. Goffman 1992 ). Kva som skjer når ein set saman ei gruppe med unge som knapt kjenner kvarandre, saman utforskar eiga og andres fritid, er det eg her søker svar på. Denne delen av forskinga er knytt opp mot det som kan kallast å undersøke føresetnader for sosial deltaking.

Eg har utfrå det første føremålet valt følgjande problemstilling og forskingspørsmål.

## *Problemstilling og forskingsspørsmål*

Problemstilling; Kva er fritid for unge med Asperger-syndrom?

Forskingsspørsmåla mine er:

- Kva nyttar dei fritida til i dag?
- Kva ynskjer dei å nytta fritida til?
- Kva betyr fritid for dei?

For å forstå fritid må ein jamføra fritida med den andre tida me har, den som er bunden; arbeidstid, skuletid og plikter. Dei unge eg møter går anten på skule eller er i arbeid, på dagtid. Fritid kan seiast å vere den tida ein har fri frå obligatoriske oppgåver. Dette er det ein kan kalla fritid som restkategori, den tida som er igjen når det viktige, det vil sei når skule og arbeid, plikter og obligatoriske oppgåver er gjennomført (Øia and Fauske 2010 s. 185).

Kva nyttar dei fritida til er det første forskingspørsmålet eg søker svar på. Her fokus eg på kva dei i dag faktisk gjer på fritida. Spørsmålet søker også å få fram fortellingane dei unge har om si fritid, ei skildrande tilnærming til deira fritid i dag. Eg søker å fokusere på deira oppleving av emnet fritid og på det kognitive. Spørsmålet er inspirert av fenomenologisk filosofi, tufta på deskriptiv studie av menneskets medvit (Kvale 1997 s. 38).

Kva dei ynskjer nytte fritida si til er det andre forskingspørsmålet mitt. Spørsmålet opnar for endring. Her søker eg å finne om dei er nøgd med status quo eller har dei andre ynske og draumar. Fritida er ei tid for sosial deltaking med andre, tid til familie, vene og til å ta del i sjølvvalte fellesskap med andre. Å identifisere handlingsrom og undersøke vilkår for sosial deltaking er eit av fleire viktige element i samfunnsarbeid. Spørsmål som kartlegg ynske og behov med fokus på endring, kan vere med på å identifisere kva det gjeld og kva utfordring ein då står ovanfor (jfr. Minkler and Wallerstein 2005 s. 35). Dels kan eg finne dette ut ved å stille dei spørsmål, dels søker eg å finne ut av dette gjennom analyseprosessen i forskingsarbeidet mitt.

Kva betyr fritida er siste forskingspørsmålet. Her er opplevingsdimensjonen i fokus og eg søker å finna svar på kva verdi fritida har. Mine idear på førehand er at fritida på den eine sida kan vere vond, vanskeleg og einsam, til på den andre sida å vere ei fri tid der ein dyrkar sine interesser og talent. Spørsmålet kan kasta lys over eit enno uutforska fenomen.

### *Mi forståing*

*And even when we do not verbalize our interpretation, we think of one (Scheflen 1978 s. 67).*

Sjølv om me ikkje verbaliserer vår tolking, tenkjer me på ein skriv Albert Scheflen ((1978).

I artikklen *Susan Smiled*, viser han korleis ulike terapeutar som på same tid ser eit videoklypp frå ein familieterapisituasjon, har fleire ulike tolkningar av same situasjon. Han viser korleis desse tolkingane kan supplere og utelukke kvarandre. Kvar av oss treng å vite at det er mange forskjellige forklaringar på menneskeleg åtferd, alle av desse er på sett og vis ufullstendige (s. 68). I møte med informantane vil eg stille med ei forforståing (Dalen 2004 s. 18). Mi forforståing pregar meg korleis eg tenkjer og korleis eg har fokusert mi forskingsinteresse. Det sentrale er å trekke inn mi eiga forforståing på ein slik måte at den opnar opp for størst mogeleg grad av forståing av informantens opplevingar og utsegner, og spørje meg kva andre måtar eg kan forstå utsegner og opplevingane deira på.

Eg tenkjer at det å velje vekk fellesskap kan også handle om manglande tilrettelegging. Sentralt i tilrettelegginga er eit tett samarbeid med den det gjeld og kva som må til for å sikre deltaking. Tilrettelegging handlar om at ein utfrå ei kartlegging av det enkelte menneskets føresetnader og behov set i verk ulike tiltak. Det kan tildømes vere eigen følgjeperson, å ordne transport til og frå aktiviteten, å gje informasjon til andre som tek del i aktiviteten, reduserer stress ved grundig informasjon og forsikringar, og ved å tilpasse tid og rom. Eit sertrekk ved menneske med Asperger syndrom sine behov for tilrettelegging er at det andre meistrar som sjølvsagd er for dei store barrierer (Martinsen and Tetzchner 2007 s. 5).

Manglande tilrettelegging er ei barriere for deltaking. Mitt praktiske arbeid med tilrettelegging av fritid for menneske med nedsett funksjonsevne gjer at eg har ein idé om at desse unge er avhengig av hjelp og tilrettelegging for å få ei god fritid og for å ta del i fellesskap. Det kan på den andre sida vere slik at dei helst ynskjer å dyrke sine fritidsinteresser åleine. I tillegg vert dei sliten av å vere for mykke saman med andre (Bingham 2010 s. 42). Mi eiga yrkesfaring tilseier at menneske med Asperger-syndrom har det kjekt saman med andre og at dei sökjer og inviterer til fellesskap med andre.

Forsking om einsem og isolasjon blant menneske med Asperger-syndrom stadfestar dette. I artikkelen *Islands of Loneliness* (2009) kjem menneske med ulike autismediagnosar, inkludert Asperger-syndrom, til orde. Artikkelen poengterer at menneske med merkelappen ”autistisk” har ei annleis oppleveling av sosial samhandling, men sjølv om sosial samhandling kan vere vanskeleg lengtar dei etter kontakt og er medvitne eigen sosiale isolasjon (Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 84). Forskinga presenterer menneske med autisme generelt, og Asperger spesielt, som avhengige av tilrettelegging for å sikra deltaking og sosial samhandling. Denne

forskinga og arbeidet eg står i til dagleg, pregar meg og gjer at eg tenkjer tiltaksretta, eg er opptatt av kva tilrettelegging som må til. Eg opplever sjølv at eg gjennom forskingsprosessens og møte med dei unge har endra syn på menneske med Asperger-syndrom.

Eg reknar meg som oppvaksen i ein av dei store folkerørslene her i Noreg, Noregs Ungdomslag (NU). Føremålspargrafen til NU var å ”Arbeida for folkeleg opplysning, på fullnorsk grunn og for samhald og samvirkje millom ungdomen”. Frigjering frå undertrykkande krefter, med inspirasjon frå Freire (1999) ligg nedfelt i føremålsparagrafen. Det handlar om å byggje menneske, samfunn og folkestyre. Om menneske fekk opplæring ville dei handla til beste for felleskapet og byggja landet (Hodne, Klippenberg et al. 1995 s. 43). 20 års deltaking i Noregs Ungdomslag og andre samfunnsnyttige og lokalsamfunnsbyggjande organisasjoner, gjer det at eg tenkjer andre går gjennom livet med vesentlege manglar om dei ikkje tek del i slike styrkande fellesskap. Det er i lag med andre me kan leva og utvikla oss, i sosiale fellesskap. Å sjå, oppleva og å vere deltakande, i den lokale krafa ( jfr Ronnby 1995 ) som eg opplever ungdomslaget er, unner eg alle. Den lokale krafa handlar for meg om trua på kva menneske kan få til i fellesskap. Bakgrunnen min pregar mi forståing når eg møter ungdomane med Asperger-syndrom som er fråverande i det organiserte lagslivet.

### *Ulike modellar og perspektiv på funksjonshemming og Asperger- syndrom*

Eit perspektiv er ein posisjon ein ser på noko frå, ein posisjon ein kan velje og så ta i bruk (Danermark 2005 s. 16). Medan ein teori gjev utsyn ein veg, gjev ein eit anna utsyn i ei anna retning. Ulike perspektiv og modellar på funksjonshemming kan nyttast for å setja søkjelys på og forstå fenomenet Asperger-syndrom og samfunnsmessige barrierer for deltaking. Per Solvang (2000) namngjev tre diskursane som alle er viktige for å forstå funksjonshemming: desse tre er normalitet/avvik, likskap/ulikskap og oss/ dei ( s. 3-4). Diskursane er i slekt og dei representerer reglar for tenkjemåtar. Desse tre diskursane vil eg nytte meg av i delar av denne oppgåva. Desse tre diskursane har parallellear til ulike modellar som den medisinske modell og den sosiale modell.

*Den medisinske modellen og syn på Asperger-syndrom*

Her vert Asperger forstått som ein skade eller sjukdom, dei individuelle kjenneteikna står i fokus (jfr Grue 2004 s. 101). Asperger vert innanfor medisinske modellen forstått som eit individuelt problem, innsatsen må rettast mot å betre den enkeltes tilpassing til eksisterande rammevilkår (jfr. Grue 2004 s. 103-104). I den medisinske modellen er dei funksjonshemma grunnleggjande uhelbredelege. Lyta er problemet og rehabilitering er tiltaket Primært handlar det om at den funksjonshemma representerer ein patologi, og er eit mangelfullt individ (Solvang 2005 s.86).

Skiljet mellom impairment, disability og handicap i klassifikasjonsystemet ICIDH reflekterer dei ulike forståingane av funksjonshemming; ei medisinsk, ei personretta og ei samfunnsmessig forståing. Den medisinske har vorte sterkt kritisert. Michael Oliver (i Grue 2004) meiner den medisinsk forankra forståinga framstiller funksjonshemmingar som personlege tragediar, og funksjonshemma som offer for ein trist lagnad, utan å sjå på funksjonshemmingas samfunnsmessige forankring (Grue 2004 s. 104). Asperger som funksjonshemming vert i informasjon for barn og unge med Asperger, slått fast som eit faktum: "Asperger er en funksjonshemming. En funksjonshemming er en skade som gjør at det er noe som blir vanskelig å få til" (Fjærå-Granum s.3). Vitskapsfolk er i tvil om kva som forårsakar Asperger, behandlerar er i tvil om korleis den skal behandlast. (Willey Holliday 2000 s. 13) Gillberg kallar Asperger for ei gjennomgående forstyrring som gjev klinisk signifikan nedsett sosial og arbeidsmessig funksjonsevne (1997 s. 25).

Kritikken mot den medisinske modellen spring ut frå ei forståing som ser på funksjonshemming som ein form for sosial undertrykking. Det er ikkje individets funksjonsnivå, men manglande samfunnsmessig tilrettelegging innanfor sentrale livsområde, som skaper funksjonshemmingar. Modellen er heller ikkje eigna til å forstå funksjonshemming som eit sosialt fenomen (Grue 2006 s.27). Dette fører oss vidare til den sosiale modellen.

### *Den sosiale modellen og syn på Asperger syndrom*

Den sosiale modellen representerer funksjonshemmas reaksjon på eit eindimensjonalt, diagnoseorientert og individualisert perspektiv på funksjonshemmning (Grue 2006 s.20-23). Det er ikkje kjenneteikn ved individet som avgjer funksjonshemmning, men fysiske og sosiale hinder i omgjevnadane. Omgrepsmessig er det viktig å vere medvit om kva sider av funksjonshemmingsa som treng medisinsk behandling, og kva sider som krev politisk handling.

Innanfor den sosiale modellen er fokus retta mot majoritetsamfunnets haldningar, og forståing av funksjonshemma sin situasjon (Grue 2006 s. 19) Sosiologar som Goffman og Scott med fleire utfordra det dei omtala som stigmatiseringa av funksjonshemma, og synte mellom anna til korleis rehabiliteringstenkinga kunne bidra til ei sosialt konstruert avhengighet (Grue 2006 s. 17-18). Dei utfordra synet på at dei problema som funksjonshemma opplevde, var direkte forbunde med den medisinske tilstanden dei hadde. Sjølv om diskriminering var ein realitet, vart diskrimineringa først og fremst sett på som ei tilleggsbelastning og ikkje det vesentlege. Medan tradisjonell forsking var oppteken av funksjonsmessige begrensingar, vart funksjonshemma no meir og meir opptatt av korleis den diskrimineringa dei vart utsett for som minoritetsgruppe, kunne bli forskingsmessig granska (Grue 2006 s. 19). Desse forståingane representerer tevlande paradigme i forståinga av funksjonshemmning. Oppsummert kan ein seie at medan den medisinske modellen er oppteken av *det funksjonshemma individet* er den sosiale modellen oppteken av *dei funksjonshemmande omgjevnadane*.

Den medisinske modellen og den sosiale modellen står begge i høve til ei form for normalitet. I den medisinske modellen er den normale kroppen malen, medan i den sosiale modellen er eit normalt daglegliv malen. Men kva er eit normalt daglegliv? Oliver peikar på ein aukande motstand blant funksjonshemma mot ei forståing som postulerer ein presis form for normalitet (i Grue 2006 s. 21).

### *Normalitet og avviksdiskursen*

Den rådande diskursen normalitet og avvik, er tufta på ein medisinsk tenkjemåte. Den funksjonshemma er avvikande, og tiltak i dag er rehabilitering tildømes gjennom operasjon, medisinering og behandling. Innanfor normalitet/avvik diskursen er det også utvikla omsorgs- og spesialpedagogiske tiltak for å sikre normaliseringspolitikken. Funksjonshemma skal ha

rett til å leve eit så normalt liv som råd er, og tiltak vert sett i verk for å få dette til (Solvang 2000 s. 5).

Innanfor ei normalitets- og avvikforståing har menneske med Asperger-syndrom kvalitative forstyrringar i gjensidig sosialt samspel og eit begrensa repertoar av interesser og aktivitetar. Innanfor den medisinske modellens forståing av Asperger-syndrom kan det sjå ut til at menneske med Asperger- ikkje har fritidinteresser, men særinteresser (Winter-Messiers 2007; Attwood 2008; Kaland 2010). Eit av trekka som skiljer mellom ein hobby og ei særinteresse i klinisk forstand er ein abnorm grad av intensitet i interessa eller fokuseringa på den (Attwood 2008 s. 216): ”*klinikeren foretager en subjektiv vurdering af intensiteten på baggrund af den tid, som alminndelige børn eller voksne ville bruge på samme aktivitet*”. Attwood(2008) presenterer særinteresser som noko altoppslukande noko som fyller den tida og dei tankane ein har. Særinteressa kallar Attwood for usedvanleg og av klinisk betydning (Attwood 2008 s. 216) Kor sær ei interesse må vere, kor særlig eller intens den er, har eg ikkje funne klare grenser for.

Asperger-syndrom høyrer inn under eit diagnosespekter, det er ei flytande diagnose utan klar start og klar grense, syndromet høyrer til i eine enden av skalaen medan meir omfattande autisme med større vanskar finst i den andre enden (Willey Holliday 2000 s. 13). I faglitteratur og forsking om autisme vert Asperger-syndrom stundom tatt med saman med andre meir alvorlege autismetilstandar, og stundom ikkje. Flytande grenser gjer det ikkje enkelt å finne ei klar og eintydig forståing av kva Asperger-syndrom er og kva utfordringar det har.

### *Likskap/ulikskapsdiskursen*

Likskap/ulikskap diskursen er ein økonomisk diskurs, som konsentrerer seg om klientrollen til den funksjonshemma og velferdstatens plikt til å yte kompenserande tiltak av både teknisk og økonomisk art. Det handlar tildømes om lik rett til utdanning, tilpassa utdanning, universell utforming, hjelpemidlar og tilrettelagd arbeid. Funksjonshemming er ein konstruksjon skapt av velferdsstaten og har til føremål å definere kven som er verdige mottakarar av hjelp og kven som ikkje er det (Solvang 2000 s. 6-8). Asperger-syndrom er ein diagnose som kvalifiserer til å vere ein verdig funksjonshemma. Dimed kan ein få ytingar og tenester frå velferdsstaten som kompenserer for vanskar og gjer rett til tilrettelegging, tenester og tiltak i fritid, skule og arbeidsliv. Autismeforeninga argumenterer innanfor denne diskursen og ser på tiltak og tenester som middel til å oppnå deltaking på ulike samfunnsområder

(Autismeforeningen 2010). Kaland (2002) åtvarar mot å redusere Asperger-syndrom frå ei forstyrring til ein forskjell. Kostnaden kan bli tapte ressursar til menneske med Asperger avdi dei då risikerer ikkje å få dei tenester og dei ressursar dei treng. (Kaland 2002 s. 31).

### *Diskursen oss og dei andre*

Den tredje diskursen ein kritikk av dei to andre, dette er ein diskurs for identitet der ein hyllar ulikskapen og omfamnar stigmaet. Det viktige er å applaudere menneskeleg forskjell og mangfold (Solvang 2000 s. 8). I nettsamfunn for menneske med Asperger-syndrom er denne diskursen levande (tildømes Nilsson 2008 ). Interesseorganisasjonar for menneske med Asperger-syndrom legg til grunn ein medisinsk forståing av Asperger og argumenterer for tidleg diagnostisering som ein garanti for eit normalt liv, medan dei individuelle bloggarane skriv om feiring av ulikskap og sinne mot dei som stigmatiserer dei (Clarke and Ameron 2007).

Specialisterne er eit firma med tilsette innan autismespekteret, dei argumenterer og nyttar trekk ved autisme som stor sans for detaljar, perfeksjonisme, systematisk tankegang, ærlegdom, konsentrasjonsevne og sterkt logisk og analytisk tankegang som ein særleg kompetanse. Dei argumenterer for at dei særtrekk menneske med autisme har, er eit viktig supplement til den typiske og generalistprega arbeidsstyrken ellers (Specialisterne 2011). Artikkelen Channelling autism viser at dei særtrekk som autistar har, gjev dei til mønsterarbeidarar. Dei er pålitelege, ærlege, stel ikkje, dei er lojale, punktlege og grundige (George 2009). Særtrekk ved å ha Asperger-syndrom vert sett på som ei føremun og ein ressurs.

Stiker tek i boka ”A history of Disability” (1999) til orde for ein kjærleik til ulikskapen. Ulikskapen er det me bør verdsetje som det naturlige, ikkje det normale og den normale norm. Det er forskjelligheten som er naturleg. Solvang viser til oppblomstringa av diskursen kring ”oss og dei andre”, og meiner ein ser konturane av eit spanande scenario. Dei me tidlegare har sett på som defekte menneske, definerer seg i aukande grad som sosiale minoritetar i samfunnet (Solvang 2002 s. 109). Det vil skapa ein ny type samfunnsmessig erkjenning. Den viktige tematikken i forståing av funksjonshemmning og andre avvik er å sjå på sin tilstand som ein del av det ekstraordinære, og ikkje streva etter å bli normal. Det handlar om å feira det som er annleis (Solvang 2002 s. 108).

## *Allmenn oppfatting av autisme og Asperger-syndrom*

Huws og Jones (2010) studie hadde til føremål var å undersøke korleis vanlege folk konseptualiserte eller laga mening om omgrepet autisme ( s. 341). Studien spør etter folks oppfatting av menneske med autisme generelt og ikkje Asperger-syndrom spesielt. Undersøkinga viste at menneske såg på autistar som overtradarar av dei dominante ideal om normal åtferd, og som menneske som ikkje passa inn i det normale samfunn. Undersøkinga viste at dei spurte kategoriserte autistar som avhengige av hjelp og ute av stand til å leve eit sjølvstendig liv (Huws and Jones 2010 s 337-339) Samla sett kan ein sei at menneske som har liten eller ingen kjennskap til menneske med autisme har eit negativt biletet av menneske med autisme, og idear om menneske med autisme i tråd med den rådande normalitet og avviksdiskursen.

## *Menneske med Asperger-syndrom og sosial deltaking*

Å undersøke og påvirke vilkår for sosial deltaking er sentralt i samfunnsarbeid (Sudmann and Henriksbø 2009 s. 5). Fokuset i mi forsking har vore på dei unges fritid. Sosiale fellesskap er tufta på at kvart individ er i stand til å vurdere eigen situasjon, orientere seg mot andre menneske og eigne omgjevnader, og vere i stand til å handle og samhandle ut frå dette. Sosial deltaking krev nokre individuelle føresetnader, nokre strukturelle føresetnader, ei sosial orientering og ei oppleving av tilhøyrslle og anerkjenning (Sudmann and Henriksbø 2009 s. 2). Eit spørsmål eg stiller er om menneske med Asperger-syndrom hadde desse føresetnadene. Tek eg utgangspunkt i den medisinske forståinga av Asperger-syndrom kan ein spørje seg om menneske med Asperger-syndrom i det heile er i stand til å forstå, navigere og oppstre i det rollespelet som utspeler seg i det daglege liv ( jfr. Goffman 1992 ).

Fritida er ein viktig arena for sosial deltaking. Fritida nyttar me saman med andre me tildømes har sams interesser med, med vener og familie. Dei diagnostiske kriteria peikar i retning av at menneske med Asperger syndrom kan ha vanskar med å ta del i fellesskap med andre. Ekspertar på området har meininger om at menneske med Asperger-syndrom føretrekk og ynskjer å vere åleine (Kanner 1943; Attwood 1998; Gillberg 1998). Åtferdsriteria som vert sett for diagnosen Asperger syndrom tyder på at deira samspelsvanskar gjer sosial deltaking vanskeleg. Det har vore ein utbreidd oppfatting blant profesjonelle at menneske med autisme sjølv ynskjer å vere åleine (Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 84).

Hans Asperger, (1944) han som “fann” og gav namn til syndromet, uttalte om tilstanden at: “*The autist is only himself, and is not an active member of a greater organism which he is influenced by and which he influences constantly*” ( i Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 84). ” Asperger skriv om menneske med Asperger-syndrom som om dei er utanfor all sosial deltaking og lever sine liv i ei deira eiga vesle verd, han fråtek menneske med Asperger-syndrom evne til sosial deltaking. Dei vert ikkje influert av og influerer heller ikkje omverda si. Ein annan autismeekspert moderer Aspergers skildring, og meiner menneske med autisme har ein eineståande fundamental forstyrring som gjer det uråd for dei å forhalde seg til andre menneske på ein vanleg måte (Kanner 1943 s. 242). Dei utsegner Asperger og Kanner kjem med, lever den dag i dag, som sosiale konstruksjonar. Det er som om dei skulle vore henta frå utsegnene til lekfolka ( jfr. Huws and Jones 2010).

I dag er biletet fagfolk gjev av menneske med Asperger-syndrom vorte utfordra ( jfr. Attwood 1998; Martinsen and Tetzchner 2007). Menneske med autisme tek sjølv avstand frå merkelappane ” manglande medvit om andre”, ”sosial isolasjon” og ”manglande interesse for andre”. Vurderinga av vanskar med sosial interaksjon, eller manglande interesse i sosial samhandling er sentral i mange definisjonar og tradisjonell forståing av autisme (Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 84). Forskinga viser at menneske med autisme er interessert i venskap og kontakt med andre. David Tammet har Asperger-syndrom og skriv ” People with Asperger’s syndrome do want to make friends but find it difficult to do so. The keen sense of isolation was something I felt very deeply and was very painful to me” ( Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 87-88). Dei har vanskar med det som andre tek naturleg.

” For most people, communication, interest, sensory information, and imagination are used as vehicles to help people socialize with others and understand the world. However, our authors described these vehicles as unreliable at best and, at worst non-functional” (Causton-Theoharis, Ashby et al. 2009 s. 88).

Magil-Evans og Koning (2006) har forska på livskvalitet for unge menn med Asperger-syndrom og gjennom spørjeskjema og semistrukturerte intervju med tolv menn, i alder 18-21 år. Desse tolv hadde signifikant lågare sosial og fysisk livskvalitet enn kontrollgruppa som var 13 menn i same alder utan denne diagnosen. Dei finn at berre 15 til 20 prosent, det vil sei 2-3 av dei 12 spurte, opplever venskap med delt glede, nokon av dei flyktar inn i rutinar og privat opptatthet som gjer dei i stadig aukande grad isolert. Serleg på det sosiale domenet skårar dei unge med Asperger-syndrom signifikant lågare enn kontrollgruppa. (Jennes-Coussen, Magill-Evans et al. 2006 s. 403-408).

Samfunnsarbeid er tradisjonelt omtalt som kollektiv handling og kollektivt endringsarbeid (Hutchinton 1999; Twelvetrees 2002; Ledwith 2005). Samfunnsarbeid er grunnfesta i eit menneskesyn der menneske vert sett på som kreative, kompetente og handlande aktørar som sjølv er i stand til at betre eigen føresetnad for sosial deltaking og å endra sine livsvilkår. Menneske formar sine liv i samsvar med dei føresetnader og vilkår som sosiale, materielle og institusjonelle vilkår gjev. Samfunnsarbeid let seg ikkje realisera utan ein grunnleggjande tillit til at endring let seg gjere, og sjølv små endringar kan vere viktige for dei det gjeld (Sudmann and Henriksbø 2009 s. 1). Deltaking er eit av fleire viktige omgrep i samfunnsarbeid (Minkler and Wallerstein 2005 s. 35).

Sosiale fellesskap er tufta på at kvart individ er i stand til å vurdere eigen situasjon, orientere seg mot andre menneske og eigne omgjevnader, og vere i stand til å handle og samhandle utfra dette. Sosial deltaking krev nokre individuelle føresetnader, nokre strukturelle føresetnader, ei sosial orientering og ei oppleving av tilhøyrslle og anerkjenning (Sudmann and Henriksbø 2009 s. 2). Goffman viser korleis me i det daglege liv framfører våre roller, kva inntrykk me gjev og ynskjer å gje (Goffman 1992). Eit sentralt spørsmål med omsyn til menneske med Asperger syndrom vil i mi mastergradsoppgåve vil vere vere å søkje svar på om desse føresetnadane er tilstades, og kva som eventuelt må til for at desse føresetnadane kan realiserast. Eit anna perspektiv er det Allred (2009 s. 351) viser til, dei funksjonshemmande barrierene: å ha Asperger-syndrom er ikkje problemet, men responsen som andre gjev menneske med Aspergers-syndrom, er eit problem.

### *Samfunnsarbeidsrolla*

Samfunnsarbeidsrolla handlar om å leggje til rette for ein situasjon der det å undersøke vilkår for sosial deltaking kan skje. Samfunnsarbeid er ein prosess der ein som samfunnsarbeidar hjelper menneske til å betra eige samfunn ved å gå til kollektiv aksjon (jfr. Twelvetrees 2002 s. 1). Eit av mine føremål er å undersøke vilkår og føresetnader for sosial deltaking ( jfr. Sudmann and Henriksbø 2009 ).

Tilrettelegging for menneske med autismeforstyrringar er å gje høve til å kommunisere ut frå eigen føresetnader, bli forstått og ha noko å kommunisere om. Struktur og system skaper

tildømes orden og gjev det lettare å huse, skaffe informasjon, få stadfesting, påverke og forhandle. Tilrettelegging handlar om tilstrekkeleg grad av struktur i alle situasjonar utfrå individuelle føresetnader og gjerne i form av visuelle hjelpemiddel. Ved å tilrettelegge ut frå kunnskap om diagnosen generelt og den enkelte individuelt, kan tryggleik sikrast og dei slepp å bruke krefter på å gis og tolke kontekst. Menneske med Asperger- syndrom er sterkare visuelt enn auditivt, og visuelle hjelpemiddel er difor nyttige i forskingsarbeidet (Gjesti, Fjærان-Granum et al. 2009 s. 4-5). Menneske lærer kvarandre ved hjelp av verda ikring, å legge tilrette for er lærande dialog for oss alle er sentralt. Problemretta undervisning som Freire kallar det, ser på dialog som naudsynt i erkjennande handlingar for å oppdage røyndomen (Freire 1999 s. 64-67).

Å ta omsyn til at dei er unge gutter i ungdomsalder er også viktig. Det handlar om alt frå lengde på samlingar, kor lang tid dei er i stand til å halda fokus om gongen, korleis skriftleg informasjon vert utforma, bruk av tekniske hjelpemiddel og korleis eg som samfunnsarbeidar tilrettelegg for fellesskap. Ein kan berre bli eit fullverdig menneske i fellesskap og solidaritet ifylgje Freire ( 1999 s. 70 ) Omgrepet *sense of community* kan skrivast om til ei oppleving av fellesskap, eit kollektivt medvit. Som samfunnsarbeidar må eg også legge til rette slik at dei unge kan oppnå fellesskap, om dei deler ei felles sak eller interesse, eller om dei blir ei gruppe som har eit ynske om å oppnå endringar (jfr Warren i Walter 2006 s. 67).

## **Kapittel 2: Metode**

### *Innleidiande ord*

Eg har valt kvalitativ tilnærming, og eit fenomenologisk perspektiv avdi eg ynskjer ei forståing av fritid og deltaking, både med tanke på meiningsramme og innhald generelt, og med tanke på unge med Asperger-syndrom spesielt. Kjernen i kvalitativ framgangsmåte er forholdet mellom forskar og informant, eit samarbeid der den kulturelle ramma kjem fram og der ein til dels forhandlar seg fram til felles meiningsramme, diskurs eller felles konstruksjon av meiningsramme (Holter and Kalleberg 2007 s. 13-14). Kvalitativ forsking har ei fortolkande tilnærming til datagrunnlaget. Ei slik tilnærming byggjer på at mennesket skaper eller konstruerer sin sosiale røyndom og gjev meiningsramme til sine erfaringar (Dalen 2004 s. 19).

Mi vitskaplege innfallsvinkel for denne oppgåva finn eg i hermeneutikken. Den skildar prosessen i fortolkinga av ein tekst, me forstår delane ut frå heilskapen i det som vert sagt, og gjennom prosessen får eg ei ny forståing av heilskapen. Denne vekslinga mellom heilskap og del, del og heilskap, gjev ei utvida forståing og kan sjåast som ein spiral som stadig skaper ny forståing, kalla den hermeneutiske sirkel (Gilje and Grimen 1993 s. 143-146).

Eit mål for kvalitativ forsking er å utvikle forståing for fenomen knytt til personar og situasjonar, det handlar om å få ei djupare innsikt i korleis menneske forheldt seg til sin livssituasjon. Omgrepet livsverden er ofte nytta for å kasta lys over denne situasjonen. Livsverden omfattar personens oppleveling av sin kvardag og korleis han forheldt seg til denne (Dalen 2004 s.17).

### *Forskningsdesign*

Korleis ei undersøking vert organisert og gjennomført for at forskingsspørsmålet skal svarast på alt frå ide, utforming av forskingsspørsmål, innsamling, analyse og tolking av data er det som er namngjeve som forskningsdesign. Å skildre forskningsdesign er viktig for at leseren skal kunne gjere seg opp ei sjølvstendig og kritisk meiningsramme om det som ligg føre.

I mi forsking har eg møtt tre unge menn med Asperger syndrom. Mi arbeidserfaring med tilrettelegging av fritidsaktivitetar for menneske med Asperger-syndrom og min kjennskap til den enkelte er avgjerande for korleis forskinga har tatt form. Eg har tilrettelagd forskinga ut frå det som skal forskast på, tatt omsyn til kven dei unge er, og til dei forskingspørsmål eg har som mål å finne svar på. Eg har difor nytta og å blanda fleire design. Medforsking er ein overordna tankegang, designa er deltakande undersøking, medforsking, narrativ tilnærming og fokusgruppe.

Prosjektet, forskingsspørsmål og metodeval er initiert av meg. Dei har vorte spurt om dei ynskjer å ta del og korleis dei ynskjer ta del. Forskinga har vore open for deira innspel, og hadde dei hatt meiningar om presentasjonsform og gjennomføring, ville eg som forskar tatt omsyn til og imøtekome deira ynskje. Mi oppleveling er at dei ikkje er vande med å bli spurt på denne måten.

Ungdomane har fått informasjon om korleis forskinga vert gjort kjend, og tilbod om å bestemme presentasjonsmåte. Dei har fått høve til å korrigere dei kategoriar eg sett opp på ei eiga analysesamling. På spørsmål til ungdomane om korleis dei synes forskinga har vore seier dei:

Bjørn: *det har vært grådig sånn spennende..å hørt på*  
Aslak: *(ja) ka me driv på med og*

Deira svar på korleis dei opplever forskinga tolkar eg som at det har vore spennande og opplysande. Opplevelinga som går igjen på fleire av samlingane er at dei har lært av kvarandre og av å gjere noko saman. Dei trekkjer konklusjonen at dei driv med mykje av det same på fritida.

Bilete, tekstar, video eller andre framføringsmåtar gjer fritida konkret. Å fortelle om fritid ved hjelp av biletar, tekstar og video har difor vorte vurdert som ein god måte å tilnærme seg forskingsspørsmåla på og gjere dei konkrete. Ungdomane har fortalt om eiga fritid med utgangspunkt i biletar eller video dei sjølv har tatt. Det konkrete å ta biletar og visa biletar har vore eit utgangspunkt for deira forteljing. Dei opne spørsmåla dei vert stilt er inspirert frå narrativ metode. Spørjeord er sentralt innan narrativ metode for å frå fram fortellingane (Smith and Sparks 2008 s. 20-25). Slike spørsmål skal inspirere til og skaper grunnlag for forteljingar(Riessman 2008; Smith and Sparks 2008). Forteljingane som dei har delt med oss

andre, har vore utgangspunkt for ein felles tankar om fritid. Deltakande undersøking har djupe røter i opplæring. Sentralt for meg har vore at dei skal vere deltagande og samstundes lære noko ( jfr. Thesen and Kuzel 1999s. 270-271).

Thesen nyttar ei tilnærming ho kallar kunnskapsverkstad (2001 s. 249). Ein kunnskapsverkstad er ifølgje henne ”a meeting between two or more groups with the clear goal of producing or eliciting new knowledge” (Thesen and Kuzel 1999 s. 280). Hennar prosjekt er langt meir omfattande i tidsbruk, tal menneske og grupper som tek del, likevel er det ein del felles trekk med våre prosjekt. Dei unge arbeider med spørsmål om eiga fritid og søker å finne svar ved å ta bilete og video og så fortelje til oss andre. Sidan samtaler me om og oppsummerer framføringa til kvar enkelt. Framgangsmåten genererer kunnskap hjå kvar av dei unge, og utviklar felles kunnskap. Tilnærminga har parallellear til Freires frigjerande pedagogikk og til empowerment.

### *Samlingane med dei tre unge*

Eg vil no presentere den måten eg har gått fram på. Eg har hatt fem samlinger med dei unge. Oppstarten var hausten 2009 siste samling var i februar 2010. Før samlinga var fem ungdomar/føresette spurt. Dei fem eg spurte var kjend for meg frå før, personar eg hadde kontakt med, og dei kjende også kvarandre litt frå tilrettelagde fritidsaktivitetar. Dei eg spurte var alle eg visste om i ungdomsalder med diagnose Asperger syndrom. Eg har valt å forske på noko eg kjenner til og med unge som eg kjenner.

Før første samlinga var foreldre og ungdomane vart informert i eige informasjonsskriv (sjå vedlegg nr 2 og 3) og dei naudsynte løyver og samtykke vart innhenta. Tre unge takka ja til å ta del. På alle samlingane har eg med meg ein medhjelpar. Medhjelparen har sjølv ein mastergrad i helsefremjande arbeid. Hennar forskingskompetanse har vore nyttig på samlingane, ho har stilt spørsmål til dei unge og vore deltagande. Deltakinga hennar var også av praktisk art som å hente pizza og vere min praktiske handlangar.

På første samlinga drøfta me saman kva fritid er og kva og korleis dei vil finne ut om eigen/andre si fritid. Forskingsspørsmåla vart presentert og det vart lagt ei ramme for forskinga. Det vart også informert om retningsliner frå NSD og konfidensialitet. På første samling vart det presisert (jfr. merknad frå NSD) at dei ikkje skulle ta bilete og video av andre

utan løyve, og eige skriv vart delt ut til informasjon. Ungdomane tok merknaden frå NSD bokstaveleg og det føreligg for to av dei ikkje bilete av andre. Handhevinga av personvernet er respektert, samstundes gav dette ei føring for ungdomane som gjorde at dei ikkje viser bilete frå fellesskap på fritid. Det kan difor vere at verdifull informasjon om deira fritid saman med andre, kan vere fråverande i datamaterialet. På samlinga vart dei invitert til å ta del i og avgjere presentasjonsform. Me avtalte me også ein tidsplan og ei rekkefølgje vidare.

På første samling diskuterte me kva fritid er og kva Asperger-syndrom er. Det viktig å ha ei ramme rundt forskinga ut frå kunnskap om kva tilrettelegging som trengs, og for å hindra at gutane tar eit anna fokus enn fritid. Svara dei gav og måten dei valde å utføre oppgåva på, stod dei fritt til. På same samling vart datainhentings-strategien avtalt. Rammene vart sett var utfrå kunnskap om at klare rammer og definerte oppgåver gjev tryggleik og hindar unødig stress.

Etter sjølv å ha valt innsamlingsmåte, gjennomførte ungdomane informasjonsinnsamlinga. I innsamlingsperioden hadde eg kontakt med dei og deira føresette per telefon for å forsikra men om at oppgåva var forstått og for å vere i forkant om det skulle vise seg å vere nokon fekk vanskar underveis. Innsamlinga gjekk føre seg utan problem og alle tre gjennomførte til fastsett tid.

Dei tre hadde kvar sin kveld til framføring. Spørsmåla til kvar av dei var:

- Kvifor har du valt å ta biletet?
- Kva vil du fortelje om di fritid med biletet/bileta du viser?
- Kva er viktig å formidle om di fritid?
- Kva bodskap har du med biletet du viser?

Spørsmåla har til føremål å vere ei ramme for og å stimulere til, fortellingar om eiga fritid. Tanken er at spørsmåla også kan tilrettelegge for meir flyt i framføringa og vere noko å lene seg på om fortellinga skulle stogge opp. Samstundes er spørsmåla ei rettenor for å halda seg innanfor tema for forskinga. Forteljingar inviterer oss lyttarane til å gå innta perspektivet til fortellaren (Riessman 2008 s. 8-9). Individ så vel som grupper konstruerer sin identitet ved historiefortelling. Forteljingar produserer seg sjølv i prosessen av å bli og å koma til å bli, høyra til og ynskje om å høyra til. Historier folk fortel seg sjølv og andre om kven dei er.  
”The modell of a ”facilitating” interviewer who asks question, an a vessel-like ”respondent”

who gives answers, is replaced by two active participants who jointly construct narrative and meaning" (Riessman 2008 s. 23). Ei narrativ tilnærming kan difor gjere det lettare for den som er i fokus. Å fortelje er eit uttrykk for sjølvakting, tufta på at det me seier er relevant og av verdi. Kvardagshistorier er ifølgje feministisk pedagogikk og Freires (1999) pedagogikk starten på ein prosess for personleg empowerment som igjen kan føre til kritisk forståing av strukturell undertrykking (Ledwith 2005 s. 62-63).

På alle samlingane har flipover vore i aktiv bruk. Sakliste for dagen er brukt som ei ramme for samlinga. Punkt for punkt er følgd og stroke frå saklista etterkvart som me fullfører punkta. Gjennomgang av sakliste og spørsmål frå sist har vore fast første punkt på kvar samling. Denne framgangsmåten er tilpassa ut frå kunnskap om menneske med Asperger-syndrom, for å gje den ramme og struktur som kan bidra til tryggleik, oversikt og sikrar deltaking. Eg har nytta bandopptakar som teknisk hjelphemiddel. Det var nyttig for å få med alle nyansane i samlingane. Det er mykje som skjer som ein lett gløymer i samlingane, og som bandet fangar opp.

Kvar samling hadde totalt ei tidsramme på 2,5 til 3 timer. Spørsmåla som vart stilt den enkelte som framførte og dei som såg på, var meint som igangsetjarar av forteljing. Spørsmåla har stått på flipover synleg for alle slik at dei kan fungere som ei støtte, noko å lene seg på om samtalen skulle gå i stå. Det gjer at alle kan sjå spørsmåla, og dei dannar ei ramme for samtalen. Ei slik ope tilnærming er krevjande og eg var difor avhengig av kor villige dei tre unge har vore til å fortelje og formidle (jfr Dalen 2004 s. 29). Etter kvart utover i samlingane vart det slik at samtalen gjekk av seg sjølv. Det vart difor slik at eg ikkje fekk svar på alle spørsmål, då samtalen tok ei annan retning.

Det hende at forteljingane ikkje kom slik eg hadde tenkt og venta, det gjorde at eg måtte regulera kurSEN, tilnærningsmåten vart lik eit fokusgruppeintervju. Fokusgruppeintervju er eit særleg form for intervju, der ei gruppe er samla for å drøfta eit bestemt emne (Halkier 2002 s.7). Fokusgruppeintervju skil seg frå gruppeintervju med mykje interaksjon mellom deltakarane, og denne interaksjonen er fokusert på eit spesielt emne (Halkier 2002 s. 11-13). Data vert produsert via gruppeinteraksjonen kring eit emne. Fokusgrupper som metode gjer seg serleg veleigna til å produsere empiriske data som seier noko om meiningsdanning i grupper. Ein styrke med fokusgrupper er at det er den sosiale interaksjonen som er kjelde til data (Halkier 2002 s. 16).

Etter at ein av dei har vist bilet og fortalt om si fritid stiller eg eit spørsmål om kva tankar dei andre har om hans fritid. Spørsmåla vert vist på flipover:

- Kva tankar har du om det NN viser?
- Kva fortel det deg?
- Kva tenkjer du om NN si fritid?
- Kva er forskjellig frå di fritid?
- Kva er likt med di fritid?

Unge med Asperger har det til felles at dei er konkrete og tek det meste bokstaveleg. Det viktige er at spørsmåla er så opne at den unge vert invitert til å koma med sine forteljingar, og samstundes ikkje så abstrakte at dei gjer det vanskeleg å svare. Forma som vert vald skjedde utfrå det temaet eg ynskte å kasta lys over og dei som er deltagarar ( jfr. Dalen 2004 s. 16). Måten eg og medhjelparen møter dei tre ungdomane på er eit samspel der vår førforståing pregar attendemeldinga. Innanfor kvalitativ forsking vert forteljingane til i samarbeid, dei er samskapte og me som forskar og assistent er med i denne skapingsprosessen. Medan det skriftlege språket er linært er menneskelege relasjonar prega av fleire dimensjonar og nivå på ei og same tid. Å skrive ned feltnotat frå samlingane, der serleg samspel og kva som overraska meg av samspel vert notert har vore eit hjelpemiddel for å bidra til å ha med seg fleire dimensjonar vidare i forskingsarbeidet.

#### *Stemninga på samlingane*

Det har etter mi vurdering vore ei god stemning på samlingane. Tonen har vore spøkefull og humoristisk og ungdomane synest å respektere og anerkjenne kvarandre. Som forskar har eg kjend ansvar for at alle vert sett, høyrt og bekrefta. Medhjelparen min har også hatt ei slik rolle. Eg opplevde at ungdomane sette pris på at nokon lytta til dei og viste interesse for deira fritid.

Nokon gonger har det vore lange tause stunder. Dette kan vere for at den som har fått eit spørsmål har hatt behov for å fordøye og bearbeide spørsmålet eller så har han valt å skifte tema. Eg har ikkje alltid kommentert slike ”skifte av tema”. Eg har tenkt at det av og til kan vere gode grunnar til at ein vel å skifte tema eller vel å ikkje svare, og at slike skifte er naturleg i mellommenneskelege relasjonar. ”*Enhver, eg møder, legger stor vækt på at bevare*

*sin integritet under mødet*" skriv Tom Andersen (2005 s. 29). Interaksjonen mellom menneska og kva føremål denne har avgjer på kva nivå ein opnar opp, relasjonar er styrt av føremålet og det urett innblanding i det me ser på som vårt privatliv gjer at det vert ytt motstand (Goffman 1983).

### *Analysesamling*

Det var også ei femte samling, analysesamling. Medan dei fire andre samlingane vert presentert i kvart sitt kapittel, vert analysesamlinga innarbeidd i dei to siste kapitla. Dette har av di eg opplevde at nytten av samlinga var mager. Eg fekk i alle fall ei stadfesting på at det konkrete som bilet eller video er gode hjelpemiddel, og at utan slike hjelpemiddel vart konsekvensen at dei unge vart ukonsentrerte

### *Gåve som takk for innsatsen*

På siste samling valte eg å gje dei kvar sitt gavekort på kr 250,- på platebutikken Playcom og ein hobbysjokolade som takk for innsatsen. Dei fekk og ei personleg helsing opplesen med fokus på deira fritidsinteresser. Gåva var ikkje gjort kjend før forskinga startar. Eg opplevde det som viktig for meg å gje dei noko att for dei timar dei hadde førebudd seg for å fortelja om eiga fritid og dei timar me hadde nytta ilag på samlingane

### *Transkribering*

Å lytte til bandet og sjå på eigne notat gjev rom for alle nyansane. Her er fleire samtaler og hendingar parallelt på ei og same tid. Når eg les dei ferdige transkripta er det som eg er attende på samlinga, høyre lydane og stemmene til kvar og ein og på ny opplever sjølve samlinga. Fleire gjennomgangar gjer at eg oppdagar noko nytt, små og større nyansar for kvar gjennomgang av datamaterialet. Å transkibere sjølv gav meg ein unik sjanse til å bli kjend med eigne data. Å lytta til bandet først, så transkribere med alle dei stopp og attendespolingar det fører med seg, og så tilslutt lytte til bandet og sjekke det opp mot transkriberinga som ein internkontroll på at eg har fått alt med.

## *Forskingsetiske utfordringar*

### *Personvern*

Prosjektet vart godkjend av Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) 27. august 2009 og gjennomført etter dei opplysningar som er gitt i meldeskjema, korrespondanse med ombodet og endringar gjort etter merknader motteke frå NSD. I prosjektet vert det behandla personopplysningar utfrå at dei unge har ei bestemt diagnose. Dei har fått instruksjon av meg om ikkje ta bilet, lydopptak eller filmopptak i fellesareal i bufellesskapet der to av dei bur, etter krav frå personvernombodet. Dei er og vorte instruert til å informera andre om og bakgrunn for at det vert gjort opptak/tatt bilet. Eg utarbeidde eige informasjonsark som dei kunne visa for seg om dei kom i ein slik situasjon. Opptak er ikkje behandla elektronisk, men transkribert manuelt til pc. Transkripta kan indirekte identifisera informantane gjennom opplysningar som kommune, diagnose, kjønn, alder og tilknytning til aktivitetsbasert avlasting. Personvernombodet peikar på at det ikkje vert registrert andre sensitive opplysningar enn diagnose. Å gje dei fiktive namn er ikkje tiltrekkeleg her, det er ein risiko for at dei kan identifiserast. Eg har hatt etiske kvaler som følgje av fären for identifikasjon av dei tre unge. Med så få unge menneske med Asperger-syndrom i kommunen, og med dei fritidsinteresser som dei viser fram, er det ein viss risiko for at kan dei identifiserast. Samstundes er dei opplysningane som kjem fram i forskinga ikkje av sensitiv art. Eg har vanskar med å sjå korleis identifiseringsdilemmaet kan løysast, og dei tre unge vernast. Eg vel difor at oppgåva ikkje skal leggjast ut på BORA.

### *Fære for stigmatisering*

Dei tre ungdomane hører inn under kategorien funksjonshemma. Dei har eit syndrom som set grenser for deira livsutfalding og deira sosiale deltaking i samfunnet. Eg er redd for å presentere dei tre ungdomane på ein måte som kan virke stigmatiserande (jfr. Dalen 2004 s. 21). Samstundes har eg ikkje kutta ut data på ein slik måte at biletet eg presenterer vert urett eller skeiwt. Eg vonar oppgåva bidra til at å redusere stigmatiseringa av unge med Asperger-syndrom.

### *Føremuner og ulemper med å forska på det kjende*

Å ha kjennskap til området det skal forskast på har sine fordelar og ulemper (Dalen 2004 s. 17). Eigen involvering i prosjektet og kjenslemessig nærleik til informantane påverkar mine tolkingar og opplevingar (Dalen 2004 s. 17-18). Samstundes gjev nærleik oss unike

muligheter til å få tilgang til data som ellers er vanskeleg tilgjengelege. Kjennskap til gruppa unge med Asperger-syndrom og til fritidsfeltet trur eg er avgjerande for at eg i det heile fekk tilgang. Samstundes er føren for å bli heimeblind sterkt tilstades, noko eg har hatt eit medvite forhold til.

Det at eg kjenner ungdomane kan slå begge vegar. Eg opplevde det mest som ei føremun og at eg fekk meir velvilje og kom i betre posisjon som kjend enn som er totalt ukjend.

Forskningsarbeidet krev både nærliek og empati, men også analytisk distanse (Alver and Øyen 1997 s. 73-74). Forskaren hadde stor grad av kunnskap og forståing om det samfunnet og dei gruppene som vart utforska, at truverde vert bygd inn i designen. Ifylgje Thesen er det å ha kunnskap om den lokale kulturen naudsynt i slik forsking (1999 s.275).

Det har vore viktig for meg, å avklare kva rolle ein eg har, hjelparrolla eller forskarrolla både for meg sjølv og for informantar/medforskjarar i samlingane me har hatt. Dei unge har både vend seg til meg som forskar og som hjelpar. Eg har i brevs form og munnleg funne det viktig å presisere at deltaking eller ikkje deltaking i forskinga, ikkje har konsekvens for det hjelpetilbodet dei får.

Det kan både vere ein føremun at eg spesiell innsikt, men samstundes kan ei slik tilknytting medføre ei for sterk personleg involvering. I ein periode i prosessen opplevde eg å bli for sterkt involvert. Eg hadde på førehand bestemt meg for kva som var bra og kva som var dårlig og gjekk rett i den normative fella (jfr. Søder 2005 s. 90) Prosessen eg var igjennom ser eg no som viktig for å koma vidare, slik at eg kan sjå med eit ope og føresetnadslauast forskarblikk, og ikkje hadde klar svara før spørsmåla vart stilt (jfr. Søder 2005 s. 95). Medvit om eigea førforståing gjer forskaren meir sensitiv når det gjeld å sjå teoriutvikling i eige materiale (Dalen 2004 s. 18 ).

### *Analyseprosessen*

Mitt datagrunnlag til analysen er dei transkriberte data, feltnotat og memo notert i samband med samlingane datagrunnlaget mitt. Analyseprosessen skal gje dei konkrete ytringane teoritilknyting, noko som skjer ved at me tolkar ytringane og set dei i ei teoretisk ramme (Dalen 2004 s. 67).

I analyseprosessen har eg nytta meg av Auerbachs trinn for trinnvise framgangsmåte. Framgangsmåten viser korleis ein utviklar teori frå transkript, ved hjelp av koding. Koding hjelper til å organisere transkriptet og oppdage mønster. Det handlar om å gå frå å sjå alt som alt og vere redd for å kutte noko, over til å finne mønster.(Auerbach and Silverstein 2003 s. 31-32). Første steg er å kutta teksten til handterleg storleik. Neste steg var å finne reperetande idear, så tema. Kodingsystemet gjer teksten handterleg. Vidare går vegen frå mitt teorieriske rammeverk til å velje ut den relevante teksten for vidare analysar. Neste steg i kodinga har vore å høre kva som vert sagt og å skape mi hovudliste av repeterande idear. Ideane vert så namngjevne og eg har funne fraser som gjev namn til desse oppattakande ideane. Ein av desse frasene er tildømes ”da e ein grådig dyr hobby då”. Den speglar tema knytt til fritid og økonomi, noko som leier til neste trinn å organisere tema ved å repetere idear til høvande kategoriar, som kategorien kostbar fritid (jfr. Auerbach and Silverstein 2003 s. 61-69). Neste steg var å utvikle teoretiske kontruksjonar ved å organisere tema til meir abstrakte konsept. Eit sitat kan gje så stor inspirasjon at det vert innfallsvinkelen til ei djupare forståing av heile datamaterialet (Dalen 2004 s. 99). ”*Det betyr alt*” svaret eg fekk hjå Christer er inspirasjon til å finna kategorien dyrebar fritid.

Eg har hatt to føremål med oppgåva, det første er å finna ut om fritida til dei unge. Det andre føremålet er å sjå på samhandling og samspel når gruppa arbeider med fritid som tema. Eg har i hovudsak tatt utgangspunkt i data og så funne litteratur som eg kan nytta meg av i analysen.

Sentralt i min forsking er det som kan kallast kvardagssosiologi eller mikrososiologi. Ein som har lukkast i å skildre det som skjer i slike kvardagssituasjonar er Goffman. Det er difor naturleg å nytte hans omgrep for å freiste å forstå, skildre og analysere relasjonane som oppstår når me samlast i gruppa og for å forstå framföring og samhandling. Eg har seinare også funne Sacks høvande til å forkläre samspel og samhandling.

Alle dei tre unge svarte ja på spørsmål om dei ynskte ei analysesamling. Til denne samlinga hadde eg systematisert og kategorisert data frå samlingane me hadde, og send ut til dei i eige brev ei veke før samlinga. Me gjekk gjennom notatet, eg las det opp og spurte dei om deira oppfatning på samlinga. Analysesamlinga gav meg sjanse til å sjekka ut om eg hadde forstått dei rett og høve til å stilla oppfølgingspørsmål som bidrog til eit meir komplett bilet av deira fritid, ein slags internkontroll. Ein del misforståingar vart oppklart på møtet. Samlinga kunne gje meg tilbakemeldingar på om mi kategorinndeling gav mening for dei. Eg fekk få tilbakemeldingar på samlinga, som var nyttige i analysen.

## **Kapittel 3: "Asperger fritidssyndrom"**

### *Innleiiande ord*

Dette kapittelet er frå første forskingssamling. Tilstades var dei tre unge, eg som forskar og forskingsassistenten min. Med kapittelet vil eg vise kva som skjedde på samlinga, slik at du som leser kan sjå kva framgangsmåte eg har nytta. Diskursane i Solvang (2000) er noko eg vil dra med meg gjennom heile oppgåva. I tillegg vil eg i dette kapittelet vise korleis samhandlinga går føre seg, og sjå om det syner seg spirar til fellesskap. Avslutningsvis koplar eg fritid som teori opp mot dett dei unge presenterer av tankar om fritid.

Dei tre unge kjenner kvarandre litt frå før, avdi dei har vore saman på nokre tilrettelagde fritidsaktivitetar. Dei møter alle presis til første møtet. Gutane kjem fram til kva slags pizza me skal ha og kva tid me skal ete denne før det formelle programmet startar. Sakliste for møtet er sett opp på flipover og står synleg for alle tre. Flippover er ei tavle med store kvite ark. Ein kan bla seg fram og attende i eit program. Eg vel å nytte flipover fordi behov for rammer og oversikt er stor. Å laga oversyn og ramme for ei samling vurderer eg som avgjerande tilrettelegging for at dei tre unge kan ta del ut frå eigen føresetnader og sleppe å bruke krefter på å gisse og prøve å tolke kontekst ( jfr. Gjesti, Fjærå-Granum et al. 2009 s. 4-6). Saklista for møtet og kva tema me skal ta opp er skrive opp på flipover.

### *Sakliste*

Flippoveren for første kveld hadde desse overskriftene på si første side:

- Velkommen
- Gjennomgang av forskingsprosjekt
- Val av forskingsmåte og innsamlingsmåte
- Forskingsetiske omsyn og personvern i forsking
- Pizzastund
- Praktisk gjennomgang av tidsplan vidare, kven startar opp, plan for innsamling, val av innsamlingsmåte
- Spørsmål og oppsummering

## Gjennomgang av forskingsprosjekt

Tre gutar møter kvarandre og oss, forskingsassistenten min og eg, til felles samlingar med tema: *Kva er fritid for unge med Asperger syndrom?*

Denne første kvelden er det mest eg som snakkar og dei supplerer litt og stiller oppklarande spørsmål. Eg fortel om forsking generelt og Bjørn spør: "Forsking, skal vi forske på mus?" Spørsmålet gjev rom for ei kort forklaring på skilnaden mellom naturvitenskapleg og samfunnsvitenskapleg forsking.

Eg fortel at dei er med i forskinga og at det kan kallast medforskning. Det betyr at det er opning for at dei kan, om dei vil, ha innverknad på tildømes kva framgangsmåte me kan nytte og korleis resultat skal presenterast. Eg fortel at felles for alle tre er at dei har Asperger-syndrom, dei er ekspertar på eigne liv og er her for å utforskee eigen fritid og lærer om dei andre sin. Bjørn svarar då: "Å eg visste ikkje at de andre to hadde Asperger-syndrom".

Dei to andre seier ingenting, men på kroppspråket kan det sjå ut som dei og er overraska over at dei to hine også har same diagnose. Dette viser at sjølv om eg som forskar har sendt ut informasjon på førehand der det å ha Asperger-syndrom var ein føresetnad for å ta del, treng ikkje det bety at alle har lest eller sett seg inn i den skriftlege informasjonen. Det kan også vere at foreldra er godt informerte, men at det har gått ungdomane sjølv hus forbi.

Eg går vidare og fortel at der er ingen andre som har forska på kva fritid er for unge med Asperger, dette gjer dei tre til pionerar. Alle tre smiler, ein nikkar, ein seier *mm.*

Eg fortel om forskingspørsmåla eg har sett opp på side to på flipover. Ein av dei kommenterer at dette var no lette spørsmål, elles ingen kommentar eller spørsmål.

På flipover side tre står no *Kva er fritid*. Eg spør og Bjørn svarar "vet kje" Aslak dreg på det medan Christer kjem med moment som: "*det som er utenom bunden tid, utanom skule/jobb vidare når ein ikkje har noko ein må gjere*". Bjørn kjem på bana og svarar: "*slappe av*".

Svara som Christer og Bjørn kjem med vert skrivne opp på flipover og eg repeterer og oppsummerer svara som dei tre gutane kjem med "*Kva ein vel å gjere på fritida er forskjellig.*

*Ein kan kvile, slappe av, eller går ein fjelltur*". Bjørn supplerer med at fritid også er "å gjøre ingenting". Han fortel engasjert om då han og søskenbarnet låg i senga heile dagen og kjeda seg. Bjørn seier så "Eg går mykje på fjelltur, blir helt svett"

Christer fortel at: "ein også kan ha avtaler på fritid, men dei er frivillige altså ikkje noko ein må". Og supplerer med å seie at "hobby er fritid".

Innspelet frå Christer fører til at me tek runden og alle deira hobbyar vert skrive opp på flipover. Hobbyar som vart skrivne opp var til dømes: gitarhero, spele gitar, lego, playmo, tranformers, playstation og dataspel. Det vert oppdaga og kommentert frå dei tre at dei har ein del felles hobbyar.

### *Asperger syndrom*

Neste tema på saklista er Asperger-syndrom. På spørsmålet om kva Asperger syndrom er, og suppleringsspørsmålet kva som er negativt med å ha Asperger, bidrar alle etter ein kort tenkepause. Aslak er opptatt av ufrivillige rørsler på bein og armar også kalla "tics". Christer supplerte med at det er "ein slags tvangshandling" dette. Vidare at det fører til "problem i sosiale samanhengar, å oppleva seg ubekvem saman med andre". Bjørn seier at det gjer at han "plukkar på ting", noko han gjorde medan han sa det. Aslak supplerer med at "sånne familiesamlingar er vanskeleg", Bjørn synes "familiebursdagar går greitt". Men at han i andre samanhengar kan "føle ubezag og då kan gå kvilelaust fram og attende". Christer seier det for han er "ei slags blokkering, at det løser seg heilt".

Dei tre synes å ha ein del eigne erfaringar med det å ha Asperger-syndrom som dei fortel og som dei utvekslar erfaringar om. Forklaringane dei kjem med kan seiast å vere å vere innanfor diagnosemanualen for Asperger-syndrom (jfr. ICD-10 og WHO) innanfor normalitets og avviksdiskursen, der "typisk Asperger-åtferd" er avvikande frå det normale ( jfr. Solvang 2000). Ufrivillige rørsler, problem i sosiale samanhengar og nære relasjonar, ubezag, rastløyse, tvangshandlingar og sosial blokkering er alle døme på åtferd som følgjer av diagnosen Asperger-syndrom. Sagt på ein annan måte dei tre unge har det lækjar eller psykolog ville kalle "sjukdomsinsikt", innsikt i kva som er avvikande.

På neste spørsmål om kva som er positivt med å ha Asperger vert det stille lenge. Eg gjev dei tid til å tenkje og ventar på innspel.

Bjørn: *Kanskje visst du liker ting*

Inger H: *ja?*

Stille ei stund til, det ser ikkje ut til at Bjørn vil utdjupe svaret sitt. Eg vel å fortelje at nokon påstår store komponistar som Mozart og Beethoven hadde Asperger-syndrom. At det blant menneske med Asperger-syndrom finst komponistar som kan konsentere seg om ein ting, jobba konsentrert for å få ferdig ein symfoni. Christer seier dette var "*imponerande*". Eg viser til *Specialisterne* i Danmark, eit firma der menneske med Asperger-syndrom og austime er tilsett, dei hjelper andre med datahandtering slik som registering og konvertering, soft- og hardware testing. I dette firmaet blir føremuner med å ha Asperger syndrom trekte fram og brukt positivt slik som sans for detaljar, perfeksjonisme, systematikk, høg konsentrasjonsevne og mønsterattkjennung. Microsoft er ein av kundane deira. ( jfr. Specialisterne 2011). Eg fortel vidare at fleire med Asperger er kjempeintelligente og at kombinasjonen av det og å kunne konsentrere seg om ein ting kan gjere at dei vert spesialistar på eit felt, geni. Bjørn supplerer med at han "*er intelligent*".

Eg fortel om datagründeren Bill Gates, som fleire påstår har Asperger, han er rik takka vere sin datakompetanse. Aslak seier "*det hadde vore fint å tent så mykje pengar*".

Diskusjonen går om kva talent dei har, og eg supplerer med det eg veit om dei. Bjørn finn ut at han er god på rytme. Aslak ergod på system han seier "*vel tja*", men presiserer med at han kan bli betre. Eg seier Christer er god på gitar, men Christer nektar for dette:

Christer: *Eg er ikkje god*

Bjørn: *Koffor spillar du då?*

Christer: *Fordi eg likar det*

Eg opplever ei stemningsendring i rommet når tema er kva som er bra med å ha Asperger, det kan virke som dei ikkje har tenkt på det før, at Asperger-syndrom har sine positive sider. Det kan vere ulike grunnar til at dei har så lite idé om dei positive sidene. Fortellingar og forklaringar på Asperger-syndrom har ofte eit mangel fokus, eit avvik frå det normale. Å vise fram vanskane sine, har også med å få tilgang på hjelp å gjere jamfør likskap/ulikskapsdiskursen der vanskane ein har som følgje av si funksjonshemmning legitimerer hjelp frå styresmaktene (Solvang 2000 s. 8). Å gå på BUP og snakke om kor bra

det er å vere annleis og kor privilegert ein kjenner seg fordi ein har Asperger-syndrom gjev ikkje tilgang til ressursar. Tøssebro (2010), peikar på at det i hovudsak vert opplevd som positivt å få ei diagnose, den virkar som ein dør opnar til forståing, og til ein aksept for at ein ikkje snyltar på systemet. Samstundes som diagnose er ein dør opnar kan ein også sjå det motsette: å vere annleis vert ikkje akseptert, vilkår for hjelp og støtte er at ulikskapen vert plassert i ei ramme som gje forklaringar og stigmatiseringa er eit aspekt ved funksjonshemmingas kjerne. Det handlar om det komplekse samspelet mellom kategorisering, stakkarsleggjering, ekskludering, støtte og sympati (2010 s. 77-81).

Bjørn er inne på det, men kjem ikkje med utdjupande forklaring på kva han meiner med ”visst du liker ting” som det positive med å ha Asperger-syndrom. Svaret hans kan tenkast vere ei forklaring på at Asperger-syndrom er ein fordel når ein er opptatt av noko, då kan det vere lettare å fokusere på tildømes ei interesse og å gå inn i interessa med stor grad av konsentrasjon og kunne gløyme verda rundt. Innanfor *oss og dei andre diskursen* er det føremunene med det å ha Asperger-syndrom som kjem i fokus. Evnen til å fokusere på det som av fagfolk vert kalla fikseringa eller særinteressene ( jfr. Attwood 2008). Hans Asperger hadde eit positivt syn på særinteressene og såg på dei evner som kom til uttrykk for å vere ei særleg gave (Attwood 2008 s. 249). Sjølv om Asperger utelukkande elles skriv om Asperger-syndrom innanfor ein normalitet- og avviksdiskurs har han også syn for at det å ha Asperger-syndrom kan vere ei stor føremun og fordel, med hyllest til ulikskapen Asperger-syndrom kan bidra til ( jfr. Solvang 2000; Solvang 2002; Nilsson 2008). Temple Grandin (1993) er inne på denne positive delen av autisme, fikseringa. Ho definerer seg sjølv som ”helbreda frå autisme”, men fastheldt at fikseringa er ei føremun. Grandin tok doktorgrad og brukte eige behov til i neste omgang å utvikla revolusjonerande produkt innan kvegindustrien ( s. 138).

Christer utsegn om at han spelar gitar men ikkje er så god, er overraskande. Eg oppfattar det som eit forsøk på å vise seg som normal og ikkje skilje seg for mykje ut. Det kan, slik eg opplever det handla om ”doing being ordinary” slik Sacks (1984) skriv om. Hovudbodskapen får han klart fram, han spelar gitar fordi han likar det.

Det er undervegs i dette ordskiftet om kva fritid er og kva Asperger er at Bjørn skaper nyordet: ”*Asperger fritids syndrom*”. Nyordet vert repetert, skrive opp på flippover medan dei tre unge smiler, nikkar og ler.

### *Val av framgangsmåte*

Korleis ein skulle finna ut av forskingsspørsmåla var neste punkt, og dei unge kom med fleire forslag til korleis ein kunne gå fram, alt frå spørjeskjema, fem på gata, intervju på telefon og liknande. På førehand hadde eg også i brevet til dei presentert nokon framgangsmåtar som kunne vere aktuelle og som dei kunne velje mellom.

Eg kjem med lista nedanfor i tillegg til det gutane har kome opp med. Det vert stille lenge. Ingen av dei kjem med idear til korleis dei vil finne ut av problemstilling og forskingspørsmål. Eg brukar difor lista som utgangspunkt og skriv på flipover:

- Lage ein video av di eiga fritid åleine eller saman med andre?
- Skrive dikt eller ta bilet av eige fritid åleine eller saman med andre?
- Bruke mp3 eller annan opptakar og fortelje om fritid?
- Er det andre måtar du vil fortelje om di fritid på (t.d dikt, song, maling av bilet, powerpoint?)

Aslak synes forslaget om dikt var ”*heilt teit*” men sa ikkje noko om kva som passa best for han. Då ingen hadde klare meiningar om kva framgangsmåte dei ville nytta, foreslo eg at dei kunne venta med å bestemma seg til etter pizzapausen.

Det er tid for pizza, men pizzabudet let vente på seg. Etter at dei tre unge sjølv tok seg ein kort luftepause kjem endeleg pizzaen. I pizzapausen går praten laust om spritvask, svineinfluensa, Jeff Dunham og anna moro på Youtube, den pågåande utbygginga like ved og andre aktuelle saker i tida. Stemninga er lausare enn i økta før. Christer fortel vitsar og seier at han ser humor i alt. Det er latter, smil og vittige kommentarar som pregar pizzaøkta. Alle bidrar med sitt, svarar kvarande og følgjer opp kvarandre sine tema i samtalen. Etter pizzastunda går alle tre ut for å trekke frisk luft saman, dette skjer på gutanes eige initiativ.

### *Tidsplan vidare, rekkefølgje og val av innsamlingsmåte*

Etter pausen vert me samde om kva rekkefølgje dei skal presentere fritida si. Aslak neste gong, så Christer og til sist Bjørn. Korleis ein skulle finna ut av forskingspørsmåla var neste punkt, no hadde dei hatt tid til å tenkje litt på det. Aslak ynskte å visa oss fritida ved å ta

bilete, Christer hadde alt bestemt seg for bilet med kommentar. Bjørn var usikker og klarte ikkje å bestemme seg der og då.

### *Spiren til fellesskap*

Fellesskap kan seiast å vere ei samling menneske som ikkje er klart definert eller avgrensa, men som er samde om noko andre menneske avviser og som tillegg desse oppfatningane ein viss autoritet (Bauman and May 2004 s. 59). Fellesskap kan karakteriserast som ei ”andeleg einig”, semje eller i det minste viljen til og sjansen for semje, er det viktigaste felles grunnlag for fellesskapsmedlemer. Me er her inne på distinksjonen mellom oss og dei, oss som er i fellesskapet og dei som er utanfor (Bauman and May 2004 s. 43-45). ”Me” er i den gruppa me hører til og forstår. ”Dei” er ei gruppe me ikkje kjenner oss heime i, eller har tilgjenge til. Ideala som opprettheldt ”oss” er solidaritet, gjensidig tillit og samkjensle. Fellesskapet er godt å opphalde seg i, me forstår dei andre der og kan få hjelp om det trengs.

Dei tre unge er i det me kan kalle fleire felles kategoriar. Dei er ungdomar, dei er gutar, dei har Asperger syndrom, dei kjenner kvarandre litt frå før. Dei har, viser det seg, ein del felles fritidsinteresser. I forskinga er dei samla både utfrå fellestrek og det faktum at dei alle er invitert til å delta i eit forskingsprosjekt som er initiert av andre.

Spørsmålet er om me kan forstå første samlinga med tre unge som ein spire til fellesskap. Argument for at fellesskapet spirer er at dei er sett saman for å gjennomføre eit felles prosjekt som alle har sagt seg villige til å vere med på. Målet for fellesskapet er sett gjennom forskingsspørsmåla og målgruppa er definert og klar. Å oppdage at andre har same fritidsinteresser som deg kan vere ein spire til fellesskap, det skjer ei anerkjenning av den andre: ”Sjå-han- likar-det-same-som meg-spire-til fellesskap”.

Bruk av humor var noko som slo meg alt i dette første møtet, avdi det var uventa og samstundes ei udelt positiv oppleving. I første møtet ser eg spiren til fellesskap gjennom humor. Det er latter og smil når det vert vitsa og fortalt historier, serleg observerer eg og noterer eg at dette skjer i pizzapausen, når programmet ikkje er styrt på same måte som elles på samlinga. Humor virkar som ein ventil når ein er usikker på situasjonen ein er i, då kan humor nyttast som eit defensivt tiltak (jfr Goffman 1992 s. 21). Humor vert brukt og bidrar til

utvikling av felleskap. Ei kvar gruppe utviklar over tid ein vitsekultur, som medlemene kan referere til ved seinare interaksjon (Fine and Soucey 2005 s. 1). Det at oppstarten av gruppa var så prega av humor og vitsing overraska. I følgje Sven Svebak (2000) er sansen for humor det beste dømet på at menneske er eit levande og integrert biologisk, psykologisk og sosialt vesen. Sans for humor er eit psykologisk fenomen og ein del av vår personlegdom.

Humoristisk sans er ein sers viktig personleg føresetnad i samspel med andre menneske (s. 61). Humor er eit sosialt fenomen, det meste av det som er morosamt skjer i møte mellom menneske. Det kjenslemessige klimaet mellom menneske reflekterer ein underliggende sympati eller antipati, der sympati fremjer ein vennleg og frigjerande humor. Humor knyter band mellom mennesker, men trekker også grenser (Svebak 2000 s. 83). I det første møtet observerer eg at humor knyter band. Kva som kjem først og sist av humor eller felleskap er uråd å seie, det er både òg, eit samspel som forsterkar seg begge vegar.

Nyordet *Asperger fritids syndrom* vert samskapt på første møtet i fellesskap, sjølv om det er Bjørn som seier det. Stemninga på samlinga er god, dei andre vert lytta til og det skjer ei gjensidig stadfesting av kvarandre. Å gå ut og lufte seg, ikkje berre ein men to gonger i løpet av kvelden og bruka god tid på dette, er også noko som kan ha tyda på at desse tre likar seg i kvarandre sitt selskap. Minkler nyttar fleire gonger i boka si omgrepene *a sense of community* (Minkler 2006 s. 1, 23, 30, 129, 306, 356). Dette omgrepet kan skrivast om til ei oppleveling av fellesskap, eit kollektivt medvit. Fellesskap eller community kan vere menneske som delar ei felles sak eller interesse med eit ynskje om å få til endringar(jfr Warren i Walter 2006 s. 67). Twelvetrees viser også til at fellesskap både kan vere av geografisk art, i same område eller utfra interesse (2002 s. 110). Kan hende er det spiren til eit interessefellesskap me ser når dei oppdagar at dei har sams hobby.

Gustavsson skriv om vårt behov for å samanlikna oss sjølv med samanliknbare andre (1999). Me samanliknar ikkje oss med kven som helst, men med dei som er nær oss sjølv i den aktuelle situasjon (Gustavsson 1999 s. 40). Om andre freistar samanlikne oss med andre som ”ligg i ein divisjon under” oss, kan me kjenne oss krenkte. Me vel vårt eige samanlikningsgrunnlag i kvar enkelt samanlikningssituasjon (Gustavsson 1999 s. 42).

Samanlikning med andre som er lik oss, har noko å seie for utvikling av fellesskap. Om dei to andre gutane samanliknbare storleikar for den andre er ei vurdering som vert gjort på denne samlinga. I første samling skjer det ei forsiktig tilnærming mellom gutane, ei slags testing av slike samanlikningar.

## Fritid som fenomen

Fritid er tradisjonelt vorte sett på som ein restkategori; den tida som er att når alt anna, viktig og naudsynt er gjort (Øia and Fauske 2010 s. 185). Christer sine tankar om fritid kan forståast slik når me startar ordskifte om kva fritid er og han seier ”*det som er utenom bunden tid, utanom skule/jobb, når ein ikkje har noko ein må gjere*”. Forståinga av fritid som restkategori har opphav i overgangen frå bonde- til industrisamfunn, overgangen gjorde at klokka organiserte arbeidet, og tida som var til overs var til fri disposisjon for arbeidaren. Sjølv om tida var fri, låg det føringar på at fritida skulle nyttast til kvile og restitusjon, for i neste omgang å skjøtte arbeidet tilfredstillande (Øia and Fauske 2010 s. 185). Det å kvile i fritida er noko Bjørn er inne på når han assosierer fritid med å ”*slappe av*”. Slappe av for å prestere betre i den andre tida, skuletida jfr Øia og Fauske (2010).

Bjørn assosierer også fritid med det islandske ordet for fritid *tom stund*, når han seier at fritid er ”*å gjøre ingenting*”. Chris Rojek (2010 s. 1-2) peikar på at orda fridom og fritid for vel to hundre år sidan kom til å bli ubehjelpeleg samansmelta. Rojek vil minna oss om at fritid er løna me får for å arbeida, det er nøkkelkomponenten i det me kallar arbeidslivsbalanse, fritid meiner han er formueaktiva for samfunnet. Fritida reduserer kriminalitet, aukar gjensidig forståing, fritida er løyndomen bak eit sunt sinn og ein sunn kropp. Fritid er med andre ord det menneske forbind med det gode liv. Anten det er som Bjørn snakkar om ”*å slappe av, å gjøre ingenting eller å gå på fjelltur*”. Alle desse fritidsaktivitetane er bunde til det gode liv og til å dyktiggjere seg i livets skule, og gjere seg sjølv meir kompetent, relevant og truverdig (Rojek 2010 s. 189).

Christer presiserer at ein på fritida har fridom til å velje kva ein kan gjere, i motsetnad til skule og arbeidstid der andre set rammene ”*ein kan ha avtaler på fritid, men dei er frivillige altså ikkje noko ein må*”. Det er ei allmenn oppfatting at fritida er fri slik Rojek hevdar, og at ein då vel å lage seg avtaler som tildømes å møte ein ven, eller ta del i faste aktivitetar med andre slik Christer fortel. Du kan gjere kva du vil i fritida så lenge det aukar kompetansen din som ein god arbeidar og truverdig borgar (Rojek 2010 s. 2).

Christer kommenterer vidare at: ”*hobby er fritid*”. Å vere ein del av ein livsstil kan gje opplevingar av felleskap og erkjenning. Val av fritidsaktivitetar er ein del av dei unge sitt identitetsarbeid (Trondman 2008 s.112). Dei konkrete aktivitetane med driv med på fritida

fortel kven me er, kva me heldt for verdifullt og korleis me gjer ein forskjell. Fritid er staden der det er råd for oss å bli oppdaga som kompetente, ansvarlege og relevante aktørar i overfloden av sosiale, kulturelle og økonomiske situasjonar som me møter..Du har fri etter endt skule/arbeidsdag men ikkje fridom til å disponera den slik du vil. Fritida avheng av økonomi, det vil seie kva arbeid du har, det igjen reflekterer klasse, kjønn, etnisitet, utdanning og helse. Du er fri til å velje, men vala du gjer er kontekstualisert utfra kor du er plassert i høve til din tilgang og posisjon til økonomiske, kulturelle, sosiale og politiske ressursar (Rojek 2010 s. 3-5).

Csikszentmihalyi ser på fritid på individnivå og skildra flyt som den optimale oppleving knytt til fritid (Csikszentmihalyi 1992). Me veit lite om unge funksjonshemma og fritid. Som følge av deira behov for tilrettelegging og assistanse er dei ekskludert frå dei arena som er utanfor sosial kontroll, arena som er viktige i utvikling spesifikke identitetar og subkulturar. Interessene og aktivitetane knytt til fritid vert ofte kopla til sjangse for utdanning, sysselsetting og eit sjølvstendig liv (Sandvin 2008 s. 72).

### *Avsluttande ord*

I dette kapittelet har eg gitt eit bilet av første forskingssamling. Slåande for meg på første samling var for det første den bruk av humor og slektingane latter og vitsing. Dette er den tydelegaste spiren til fellesskap som skjer på første samling. Dei brukar humor aktivt for byggjing av fellesskap. Det andre er at stemninga er god og imøtekommende, dei vil kvarandre vel og viser anerkjenning og resepekt for kvarandre. Spirar til fellesskap finst også her. I tillegg skjer det ei tilnærming ved at dei vert kjend med dei andre sine fritidsinteresser og finn at dei driv med mykje det same.

Tankane dei har om fritid er tydelege og i samsvar med allmenn oppfatting av fritid som fenomen. Dei har klare idear om kva som kan vere vanskar med det å ha Asperger-syndrom, tufta på eigne erfaringar og viser at dei har kunnskap om sitt syndrom. Dei positive sidene ved å ha Asperger-syndrom har dei lite idé om, og dei virkar positivt overraska over at dei finst. Eg opplever ei positiv stemmningsendring når eg fortel om dei positive sidene, som om dei fekk ei a-ha oppleving.

## **Kapittel 4: "Da e ein ekstremt dyr hobby"**

### *Innleidiande ord*

Det er andre samling og me møtes same stad som sist. Denne er kvelden er det Aslak som skal visa oss si fritid, han har valt å ta biletet. Aslak er 21 år gammal. Han har fullført vidaregåande skule og har varig tilrettelagd arbeid (VTA). Det vil seie at han arbeider på ein vanleg arbeidsplass og får oppfølging i arbeidssituasjonen. Aslak bur alleine i eigen bustad og får oppfølging og bistand der. Han har støttekontakt og tilrettelagde fritidstilbod. Før denne samlinga har eg vore i kontakt med Aslak og hans hjelparar for å forsikra meg om at han har fått gjort datainnsamlinga som avtalt til dette møtet. Det er mi oppleiving at Aslak treng forsikringar og kontroll slik som tildømes "*når må eg gå heime frå for å rekka samlinga*", "*kva er neste punkt på saklista*". Når Aslak for konkrete svar, har han kontroll og oversikt over situasjonen og då fungerer han godt.

Christer kjem først til møtet, så kjem Bjørn. Me ventar på Aslak. Klokka fem over fire ringjer eg han. "*Eg går frå huset mitt no*" svarar han. Me ventar til han kjem, og Bjørn og Christer har i ventetida fokus på nokre transformersliknande figurar, kalla Bacugan, som Bjørn har med seg. Figurane fungerer slik at dei opnar seg når dei vert plassert/hive på eit brett: Bjørn har 3 stykke med ulike fargar. Bjørn fortel at han har kjøpt dei på Europris, han er ivrig når viser oss andre korleis figurane fungerer.

I dette kapittelet har eg i all hovudsak valt å nytta observasjonar og hendingar frå samlinga i tidsrekkefølgje. Data er i samsvar med analyse, tematisert under overskrifter. Transkriptet etter denne samlinga er på tjueni sider og det som eg har valt ut derfrå er data som gjev eit bilet av Aslaks fritid og data for å vise kva samhandling som skjer på denne samlinga.

### *Sakliste, oppstart og spørsmål til Aslak*

Då Aslak kjem er han synleg stressa fordi han kjem for seint. Han skundar seg å pakka opp pc-en sin, han gjer denne klar, pluggar i og koplar pc-en til projektor. Eg opnar med å takka for sist og oppsummer kort kva som skjedde då og kva me gjorde av avtaler. Eg spør om

nokon av dei har spørsmål til sist samling eller denne. Ingen seier dei har det. Eg tek opp spørsmål om bandopptak av samlinga. Eg viser til at det står om bandopptak i informasjonsskrivet sendt til foreldra, men at eg ikkje hadde tatt det opp og spurte dei sjølv. Etter ein runde der Aslak seier ”*eg syns du kunne ringt og avklart det på førehand, spurte mamma.*” Eg beklager at eg ikkje gjorde det, etter ein tenkepause seier dei tre unge ja til at møtet vert tatt opp på band. Me går vidare og bestemmer oss for kva type pizza me skal ete kva tid. Assistenten ringjer og tingar pizza. Bjørn og Christer har, før Aslak kom, sett seg bak i rommet, og dei no vert spurta om dei kan koma nærmare og sitja med bordet der Aslak har rigga seg til. Christer svarar at han ”*set veldig godt*” og det vert latter utav den litt originale måten å sitja og å svara på.

Eg har før møtet skrive opp på flipover saklista for kvelden og eg går no igjennom denne:

1. Oppsummering frå sist
2. Spørsmål om bandopptak
3. Aslak sitt framlegg, kort oppstart før pizzapause
4. Pizzastund
5. Aslak viser bileta sine
6. Samtale og spørsmål rundt Aslak sine bilet
7. Avslutting og plan for neste gong

Saklista er meir ei ramme for kva innhald kvelden skal ha, enn ein køyreplan som slavisk må følgjast. Spørsmål og kommentarane frå dei to andre ungdomane kjem tildømes der og då når Aslak viser bileta sine. Det viktige er ikkje at det skjer i ei bestemt rekkefølgje. I oppstarten vert også spørsmåla til Aslak under hans biletframsynning presentert. Desse står på side to i flipoveren og er synleg for alle under Aslak biletvising.

### *Disiplinering*

Aslak er opptatt med å kople datamaskin til projektor og han har ein diskusjon med seg sjølv om det tekniske ”*eg må få på den dare*”. Problema er knytt til bildeoppsett og rekkefølgje på bileta. Så er Aslak klar til å starte framvisninga. Bjørn lagar lydar medan han set med figurane han leikar med og er opptatt av, lydane aukar og det er tydelege at han ikkje følgjer med på at Aslak no er klar til å visa oss framføringa si. Aslak startar opp og Bjørn heldt fram med sitt:

Bjørn: *oæhhh*

Inger Helen: *veit du ka Bjørn? At visst..*

Aslak: *Du må legga frå deg leiketingene dine, Bjørn*

Eg tolkar det slik at det i denne sekvensen skjer ei disiplinering. Eg prøver å få Bjørn til å følgje med på dagens oppgåve. Aslak overtar disiplineringa og fullfører setninga eg starta. Det er ein dynamikk i gruppa, ein gjer noko i lag og har eit felles mål. Etter at Aslak har bede han legge frå seg leikefigurane, sluttar Bjørn å leike med figurane og får fokus på framvisninga. Bjørn kommenterer no framvisinga og viser at han følgjer med ved å tildømes lese høgt kva som står på dei gateskilda Aslak har tatt biletet av, og som me alle ser på storskjerm. Ved aktivt å kommentere viser Bjørn tydeleg si interesse for Aslaks framføring.

Ein interessant observasjon er at Aslak i pizzapausen, som var etter delar av biletframsyninga, syntre stor interesse for Bjørn sine leikefigurar. Aslak spør: *"Har du fleire av sånne?"* Bjørn svara og heldt fram med å forklare: *"den blå den er sånn,,, den svarte sånn ..."* Bjørn forklarar forskjellen på figurane og Aslak følgjer med på forklaringa. Det var ikkje manglande interesse for figurane i stad, som skuldast at han bad Bjørn legga dei vekk, Aslaks disiplinering då skuldast at aktiviteten ikkje skjedde på rette tidspunktet. Det handlar om kva som passa seg og kva som ikkje passa seg i ein definert kontekst.

Aslak viser her at han har "teft" og kunnskap om kva som passar seg i kva slags situasjon. Aslak er klar og tydeleg mot Bjørn om at det ikkje passar seg å forstyrre når han skal ha si framføring. Det er kan hende Aslaks status akkurat denne kvelden som gjer at han uttrykkjer seg slik, ifølgje Goffman (1992) kan ein person medvite uttrykkje seg på ein bestemt måte fordi situasjonen krev eit slikt uttrykk. Aslak gjev ein definisjon av situasjonen der han heldt framføring, og denne vert rådande for korleis Bjørn reagerer og endrar si åtferd. Aslak tek styring i situasjonen, høfleg og bestemt, men meininga han er tydeleg; det er hans framføring og han har kontrollen (Goffman 1992 s.15- 19).

Aslak viser at han veit kva som høver i kva kontekst, når han i pizzapausen viser stor interesse for dei same figurane Bjørn som "forstyrra" hans framføring med tidlegare i programmet. Bjørns åtferd, å forstyrra Aslak når han har framføring, er tydeleg korkje innanfor det ein kan kalla å oppføra seg etter situasjonen, eller å lesa kva som passar seg i situasjonen (jfr. Sacks 1984). Aslaks disiplinering av Bjørn handlar om å tydeleggjera for Bjørn kva som passar seg. Aslaks framferd er nærmest oppdragande i kva som er normalt. Han er ein tydeleg rollemodell på når det passar seg med figurfokus; det er i pausen når Aslak ikkje heldt på med si framføring. Bjørn vert sett på plass av Aslak som veit kva som er normalt i dei ulike situasjonane, den første situasjonen å lytta når andre framfører, den andre situasjonen når det

er pause og passar seg å ha fokus på figurane.( jfr. Sacks 1984). Det handlar evnte til å tilpasse seg og å fungere i eit fellesskap.

### *Samarbeid og tilpassa hjelp*

Aslak får problem med dataen og biletetramsyninga skjer ikkje i den rekkefølge som han tenkte. Christer kjem bort til han og har konkrete råd om korleis desse problema kan løysast. Christer sit seg så eit stykke på avstand, men det løyser seg ikkje skikkeleg for Aslak likevel. Etter ein del ”*argh*” uttrykk og irriterte utrop a la ” No e det heilt stokka om”, ”*Argh*”, ”*Pokker*” frå Aslak kjem igjen Christer aktivt inn og forklarer ”Det skjer automatisk at bilete stokkar seg om på grunn av størrelse eller namn”. Christer tek no del i korleis ein kan stokke om bileta i eit samspel med Aslak. Christer gjev Aslak konkret handleiing ” visst du går inn og trykke sånn”. Eg tolkar det slik at Christer her er i samspel med Aslak og samarbeider for at framvisninga skal bli slik som Aslak har tenkt. Christer tilpassar seg situasjonen. Aslak syner ingen teikn til motmakt eller motspel, han får den tilpassa hjelpa han treng og ser ut til å vere nøgd med det. Måten Christer hjelper på er ikkje at han overtek ikkje ansvaret, han forklrarar og kjem med tips medan Aslak gjer jobben sjølv under ein slags ”handleiing- på- armlengs- avstand”. Eg forstår det slik at når Christer trekkjer seg attende gjev han handlingsrom, når han gjer konkrete råd rammar han inn. Måten Christer hjelper på er av *ramme inn og gje handlingsrom* typen ( jfr.Folkestad 2006). Kor omfattande handlingsrommet er avgjer Christer der og då, det er tilpassa situasjonen og Aslak (Folkestad 2006 s. 260).

## *Playmofigurar, vikingfolk og ein halvferdig romstasjon*

Bileta vert vist og me ser Aslak sitt hobbyrom det det sett opp playmofigurar, fort, skip og romstasjon fylt med allslags figurar mykje i form av krigsoppsett.



Aslak: *Det er oppstilling. Vikingar slasj*

Inger Helen: *dette må du sei ein gong til*

Aslak: *det er forskjellige sånn dare vikingfolk som er stilt opp*

Inger Helen: *og så sa du slasj?*

Aslak: *Ja da e sånne andre folk og div*

Inger Helen : *E da meir sånn krigarfolk ein eller annan type krigarar eller?*

Christer: *Ein eller annan type playmofigurar?*

Aslak: *Ja.*



Bileta er frå Aslaks hobbyrom. På golvet og på bordet ser me ulike oppstillingar av figurar og borger. I skåpet har han teikneserie samlingar.

Playmo er ein serie med leikety lansert i 1970 og er marknadsført i heile verda frå 1975 (Wikipedia 2010). På playmobil sitt eige nettsider finst det eit uttal kategoriar av playmofigurar og temaer som riddere, romfart, sirkus, sjørøvarar, piratar, sjukehus, politi og egyptiske tema (Playmobile 2010). Figurane vert tilbydd i samleseriar. Aslak brukar i si forklaring eit dataspråk og ordet *slasj* heller enn å seie Vikingfolk og *skråstrek* såinne andre krigarar. Han brukar og ordet *div* istadenfor å seier diverse andre liknande figurar

Aslak kombinerer playmofigurar med andre figurar og skaper med dette noko nytt av det andre har skapt. Bricolage vert sagt å vere ungdommens kombinasjonskunst, å operere på grensa mellom plagiat og kunst. Rekontekstualisering er ein sentral del av bricolage. Brikolatøren startar som plagiator og utviklar seg til sitt eige (Ridderstøm 2005).

Eg spør og Aslak svarar på kva som er på biletet. Så kjem Christer seg inn for å finna ut om han har forstått det rett og spør: "Ein eller annan type playmofigurar?" Christer viser interesse for det Aslak viser med eit oppfølgingsspørsmål for å sikre seg at han har forstått Aslak rett. Aslak svarar "ja" på Christers spørsmål. Eg opplever at Christer vil visa at han følgjer med og er interessert. Christer viser at han forstår kva som er venta av han i situasjonen, kva som er naturleg i den aktuelle kontekst ( jfr. Sacks 1984). Christer stadfestar og anerkjenner også Aslaks store hobby med spørsmålet. Så kan det godt vere at han alt visste at alle desse

figurane var av playmoarten, han spør likevel for å visa seg interessert, for å stadfesta noko han alt veit. Han spør for å anerkjenna og verdsetta Aslak. Axel Honneth (2007) viser til tre former for anerkjenning; kjærleik, rett og verdsetting ( s. 7). Verdsetting er det Christer gjev uttrykk for her.

Aslak viser neste bilet og fortel: *og her ein halvferdig romstasjon*

Inger Helen: *Halyferdig romstasjon?*

Aslak: *han e ikkje heilt ferdig... har jobba masse på han....*

Aslak viser oss den halvferdige romstasjonen og kommenterer at han har jobba masse på han. Når han fortel at han ikkje har fullført romstasjonen fortel han også at dette er snakk om ein hobby som krev konsentrasjon og mykje tid. Aslak viser i si framføring at han er opptatt av system og orden. Aslak framstår som ein person som fullfører det han startar på og skaper orden gjennom å starte, utføre og fullføre i ein prosess. Å avslutta midt i eit ”byggverk” kan fortelje oss andre kor tidkrevjande hobbyen er. Han fortel at hobbyen han har, er tidkrevjande.

### *Samspel*

Etter pizzastunda er over går dei alle ut for å trekke frisk luft saman, dette skjer på gutanes eige initiativ.

Aslak: *skal me gå ut eller?*

Inger Helen: *vil du ut og ha litt luft?*

Aslak: *e da nåken andre som vil?*

Bjørn: *de e ikkje gøyt å gå ut åleine då, det er kjedelig...ingen å snakke med*

Alle tre går ut medan bordet eg og assistenten ryddar bordet til siste økt. For meg er det overraskande at det er Aslak som inviterer til lufting i lag. Invitasjonen er tydeleg og Bjørn stadfestar invitasjonen positivt, han set pris på invitasjonen med å understreke at det er kjedelege å vere åleine utan nokon å snakke med. Christer seier ikkje noko men blir med dei to andre ut for å trekkja frisk luft. Fellesskap er ikkje noko som eksisterer med det blir skapt. Ynske om fellesskap, interesse for fellesskap må vere tilstades. Eg opplever at det som føregår på samlinga eit samspel der dei anerkjenner kvarandre gjensidig. Dei viser gjensidig velvilje for kvarandre, noko som skaper solidariske relasjonar ( jfr. Honneth 2007 s. 137). Når Aslak kjem med ein klar invitasjon til felles aktivitet, å lufta seg er dei to andre positive til denne invitasjonen. Bjørn viser det både med å stadfeste og forsterke invitasjonen munnleg og så gå ut saman med dei to andre. Christer viser det med å bli med ut. På sett og vis er denne sekvensen litt oss og dei andre, gutane luftar seg medan eg og forskingsassistenten ryddar og gjer klart til neste økt.

## *Humor og latter*

Diskusjonen i pizzapausen er også innom ulike spel. Dei går frå samtale om Wii over til Eyetoy som er eit spel som kan nyttast på playstation og der det er eit lite kamera kopla opp på TV. Spelet er likt Wii i form av at det krev fysisk aktivitet der ein spelar tildømes boksing, tennis og baseball.

Aslak: *eyetoy*

Bjørn: *ka for nåkke?*

Aslak: *et sånt kamera... på fjernsynet og så skal du...*

Bjørn: *å ja det ja! Det er gøy!*

Det vert ein ivrig samtale i munnen på kvarandre mellom Aslak og Bjørn om ulike spel og bruksmåtar.

Christer: *ka va da det heitte for nåke?*

Aslak: *eit sånn kamera?*

Bjørn: *eyetoy*

Aslak: *da e jo sånn du filma deg sjølv*

Bjørn: *Ja det er veldig gøy....eg har prøvd det med at du skal unngå å bli sett av husne...de e gøy*

Christer: *eg har høyrt om iphone og ipod og men eyetoy*  
(latter)

Christer: *høyres løye ut*  
(latter)

Det er på slutten av pizzapausen og Aslak ser og kommenterer at Bjørn ikkje et kantane på pizzaen, han spør:

Aslak: ....*kva har den dare kanten der gjort deg?*  
(latter)

Bjørn: *han slo meg i ansiktet .....såg du ikkje det?*

Bjørn: *ka e det som e morosomt....?....eg e veldig morsom...det e den eg e*  
Christer: *eg syns alt er morsomt*

Bjørn: *bøøøøøø*

På slutten av samlinga når ein samanliknar kvarandres fritid kjem og denne kommentarar frå Christer:

Inger Helen: *du Aslak har spel og du Christer har....*

Christer: *ekte vara*  
(latter)

Over har eg vist med tre hendingar korleis humor og latter er tilstades på samlinga. Alle saman bidrar til humoristiske episodar som framkallar latter hjå oss alle. Eg opplever at det eksisterer ein lett og humoristisk tone deltarane imellom på samlinga. Alle er med og bidrar

til denne tonen. Humor har sosiale funksjonar og desse unge veit det og korleis desse kan utviklast. Forsøk på å vere morosam vert møtt positivt og stadfesta av andre. Dei anerkjenner kvarandre sin humor og er med å utvikle denne til ein gruppehumor. Christer er den som ser den morosame kring lydlikskapen mellom orda eytoy, iphone og ipod og poengterer denne. Han dreg samanlikningar som fører til latter. Ingen ungdommelege ”e du heilt teit eller” kommentarar er å høre på samlinga.. Aslak kommenterer at Bjørns ikkje et opp skorpene med ein humoristisk snert, men får samtidig fram bodskapen ” et opp skorpene gutt”. Christers kommentar om ekte vare er slåande, han viser på humoristisk vis kva han meiner om ulike spel og samanliknar det med eigen gitarar som for han er ekte vare. Ifylgje Fine and Soucey (2005 s. 1) utviklar alle grupper over tid ein ”joking culture”, eit sett av referanser som medlemmane kan referere til og nytte i vidare interaksjon. Spøk smørjer og regulerer interaksjonen i gruppa (Fine and Soucey 2005 s. 17 ).

### *Felles transformersinteresse*

Etter pizzapausen skal me gå me igjennom Aslaks biletet igjen. Grunnen til at me går igjennom dei ein gong til er at det klussa seg litt til istad, og Aslak var stressa når det ikkje var slik han hadde tenkt. Og at han gjekk så fort igjennom at me ikkje fekk tid til å kommentere. Før me startar får Aslak instruksjon om å vise biletet i roleg tempo slik at me alle får tid til å sjå, spørje og kommentere. Aslak gjer seg klar og kommenterer etter ikona han har på skrivebordet på pc-en sin. Me ser alle skrivebordet hans på storskjerm.

Aslak: *Kva skal eg visa dåkke først? Elle melle*

Bjørn: *Transformers?*

Aslak: *Den vare i to timer*

Bjørn: *Har du filmen?*

Aslak : *Ja*

Bjørn: *kor tid lagde du den?*

Aslak: *lagde.... eg fekk han*

Bjørn: *Han e ikkje kome ut ...på dvd....Eg har veldig lyst på han eg*

Når Aslak viser oss kva som er på skrivebordet på eige datamaskin, kommenterer Bjørn at Aslak har Transformersfilmen på datamaskina og Bjørn seier han ynskjer seg denne. Filmen har Bjørn sett på film, men den er enno ikkje kome ut på DVD. Aslak eig noko eksklusivt og attraktivt som Bjørn ynskjer seg. Bjørn spør og korleis Aslak har fått tak i denne, utan å få eit konkret svar. Det er tydeleg at Bjørn ynskjer seg denne filmen sterkt, han tek det opp fleire

gonger på samlinga. Trass fleire og tydelege invitasjonar frå Bjørn gjev ikkje Aslak positivt svar på invitasjonane. Dei tek til å snakka om filmen som begge har sett. Det Bjørn såg på skivebordet var ikonet til den siste Transformers filmen som på dette tidspunktet ikkje var kome ut på DVD. Han inviterer Aslak ved å seie at han har lyst på filmen, Aslak svarar ikkje på denne invitasjonen, han heldt fram på med framføringa si. Seinare ut i samtalens kjem Bjørn på ny med invitasjon og ber om å få Transformersfilmen av Aslak:

Bjørn: *eg har lyst å se den igjen.....eg har lyst på han*

Aslak: *du får venta til han kjem ut*

Bjørn. *Hæ?*

Aslak: *da e sikkert ikkje lenge til den komme...*

Bjørn: *kor tid er det den kommer då?*

Aslak: *veit kje... kjem no vel no rundt jul?....nokon e glad i å utsetta ting*

Transformers filmane er live-action av leiketøyserien Transformers. Transformers er robotar som kan omskape seg til tildømes bilar og motorsyklar. Transformers *de beseirede slår tilbake* er ein amerikansk science fiction film frå 2009. Filmen er framhald av Transformersfilmen frå 2007 *Protect*. Konseptet handlar om robotar frå det ytre rom kjem til jorda og har fordelar av å fra det kunne forandre seg til bilar, fly, våpen og andre ting for at skjule seg her. Serien handler om de gode Autobotter, som nedkjempar dei onde Decepticons. Deceptor tenker berre på å få nok energiressursar til å oppnå til herredømet over heile universet. Kampen om jorda heldt fram i filmen nummer to med kampen mellom dei gode transformers Autobots saman med menneska kjempar mot Desceptor. Filmen endra godt, menneska og Autobottane sigrar. (Bay 2007; Bay 2009; Wikipedia 2009).

Når Aslak og Bjørn treff kvarandre i Transformers filminteressa skjer det først ei meiningstesting og sidan ei utprøving. Bjørn fortel denne gongen og seinare på andre samlingar om hendingar frå Transformersfilmane. Eg ser at det utviklar seg eit felleskap kring felles Transformersinteresse. Begge deler dei to fasinasjonen for Transformers og Bjørn leverer fleire klare ”eg har lyst på han” invitasjonar til Aslak i denne samlinga. Aslak på si side er ikkje villig til å gje frå seg filmen. Kan hende er det slik at Aslak opplever invitasjonane til Bjørn som utdig og upassande. Og Aslak svarar med å vere avvisande til desse invitasjonane, som teikn på at Bjørn oppfører seg utanfor det normale ( jfr. Sacks 1984). Aslak er også løyndomsfull i forhold til korleis han har fått tak i denne, i ein periode der filmen ikkje ligg føre på marknaden. Han har overtaket på Bjørn her og er ein divisjon over som følgje av den eksklusive filmen berre han har ( jfr. Gustavsson 1999).

### *Tur, natur og det som ikkje passar inn*

Etter pausen er det Bjørn som stiller spørsmål og kjem meg i forkjøpet: *Koffor tok du bilde av den då?* Bilete viser ei handlevogn i naturen som Aslak fanga opp på sine turar.

Aslak. *Koffor eg tok bilde av den? ...nei da skjønna eg ikkje?*

Inger Helen: *Kva tenkte du på når du tok dette bilde?*

Aslak: *Då tenkte eg på at det er natur... det passar ikkje akkurat inn.... akkurat der....nei då....*

Aslak viser oss mange naturbilete han har tatt i sitt nærområde. Aslak har laga en heil biletserie av livet ved andedammen som han viser oss. Han tek biletet av naturen, både det nære som bær, åme, blomar og busker og naturbilete som gjev oversyn over fjord og fjell. Han har også fokus det som ikkje passar inn som handlevogn slengt i naturen og eit skilt omkransa av vakker natur. Aslak har problem med å vere konkret når me spør han kvifor han har valt dei å ta biletet han har, han kommenterer: *natur...det passar ikkje akkurat inn med ei skilt akkurat der....nei då....*

Aslak forklarar at han tok biletet av handlevogna og skiltet fordi den ikkje passa inn. Å ikkje passa inn synest å vere ein akseptabel grunn for alle og svar på spørsmålet, diskusjonen stoppa der og det vart ikkje fleire spørsmål. Så kan eg undra me på kvifor dei slo seg til tols med svaret til Aslak. Det kan vere ein måte å forstå og sortere på. Det-skal-vere-orden-og-system-også-i-naturen -det-som-ikkje-er-slik-tek-me-biletet-av-for-å-dokumentere- som-avvik- semje. Ein anna måte å forstå dette på er at dei andre ikkje ville gjere Aslak forlegen når han ikkje klarte å setje ord på eller gjere greie for fornuftige årsaker til at han tok desse biletene. Dei vil taktfullt bevare Aslaks fasade og ikkje setja han i forlegenhet når han hadde eit så usikkert svar på kvifor han har vald som han har gjort (Goffman 1992 s. 21).

### *Ekstremt dyr hobby*

Aslak tek stadig til orde for at tinga han har som fritidaktivitet er som dyre. Slik som dei viking/figurane han viser oss biletet av:

Aslak: *det som står der.... da e ein ekstremt dyr hobby*

Inger Helen: *kva er ein ekstremt dyr hobby? Tenkjer du på desse vikingane og det som stod der?*

Aslak: *ja*

Aslak fortel vidare om eit av fleire teikneserieblad han samlar på; "Blade" at :  
"da e ikkje lika lett å få tak i... da e forbaska irriterande (he he)...da e ein dyr hobby"

Inger Helen : *Dyr hobby med sånne blad?*

Aslak: *ja.... dei kostar jo 50, 80 og 100*

Inger Helen : *per blad?*

Aslak: *ja per*

Inger Helen : *kor ofte kjem dei ut då?*

Aslak: *kvar månad, ja og dei som er import kostar over 100 (ler)...da e jo heilt teit*

Aslak poengterer at han brukar pengar på fritidsaktivitetane sine. Han set verdi på fritida si og er opptatt av å presisere for oss andre at interessene hans er kostnadskrevjande. Aslak gjev fritidsinteressene sine status ved å fortelja at det kostar. Han vil gje oss inntrykk av at han ikkje har kva som helst av interesser når han nyttar ordlyd som tildømes *ekstremt dyrt*.

Det som er viktig for oss brukar me pengar på. Samstundes kan det tenkjast at det å vise at ein brukar pengar på fritidsaktivitetane sine er ein måte å visa fram for andre kor viktige dei er.

Det er det inntrykk ein vil gje av si fritid og det inntrykket ein gjev frå seg, som ein vil at andre skal ta på alvor ( jfr. Goffman 1992 s. 24). Aslak gje uttrykk for at hobbyane hans er dyre. På denne måten seier at han vel å bruka pengar på interessene sine. Å bruka pengar på fritid, kan på den eine sida kan vere ein måte å verdisetja fritida på. Det er ikkje berre ein ”off dette er dyrt” utsagn han kjem med. Eg opplever at Aslak gjev fritidsinteressene sine status ved å fortelja at det kostar. Det har verdi for han, gjev interessene status og verdi. Ein måte å visa verdi på er den monetære verdien, pengar brukt til det som er viktige ting. Ein annan måte er å gje det verdi gjennom den plass og den tid fritidaktivitetane tek.

### *Fritidsinteressene tek mykje plass*

Aslak viser biletar frå eit rom i eige husvære.

Inger Helen: *er dette i stova di Aslak?*

Aslak: *nei det er på det andre soverommet....nåke sånn hobbyrom*

Midt i rommet er det sett opp fort, skip og romstasjon fylt med allslags playmofigurar.

Oppstillinga ber form av eit krigsoppsett. Seinare på same samling fortel Aslak at han har over 1500 slike figurar. Han omtaler samlingane som ”*det som står inne og tek plass.*”

1500 figurar kan vere ei overdriving, det er ikkje sikkert at han har talet 1500 men sikkert er det at han har ganske mange, slik som han viser oss på biletta. Han viser det og mengden samstundes så han og Bjørn og har ertande tevlingar om kven som har flest lego i form av kassar og sekkar fulle med lego.

Aslak viser vidare i framføring bilete av ein romstasjon. På spørsmål om tidsbruk i eit slikt byggjearbeid svarar han: ”*eg har klart å bygga eit romskip ...ja flett åleina ....på to tre dagar (av typen) Star Wars... om ikkje meir...* ”

Aslaks byggjing av eit romskip frå Star Wars tek i tillegg til stor plass også lang tid. Dette er ein tidkrevjande hobby, det krev konsentrasjon over ein tidsperiode. Star Wars er eit eige science-fiction univers og det krev kompetanse om korleis ein romstasjon derfrå skal sjå ut, studiar av orginalar, bygging etter teikningar, kunnskap om filmar, teikneseriar og dataspel, aktivitetar som og i seg sjølv er tidkrevjande. Fritidsaktiviteten krev og stor grad av konsentrasjon. Utstillinga av vikingfigurar synes og så tidkrevjande å byggje opp at den vert ståande, som ei iscenesetting av fritida og av seg sjølv som skapar. Det er for meg nærliggjande å tenkje at Aslak her arrangerer ei framsyning av sjølvet slik Goffman(1992) skriv om.

### *Forsøk på latterleggjering og det å redde den andre sin fasade*

Dei to andre er vorte bedne om å kommentere det Aslak har synt oss om si fritid.  
Aslak viser oss igjen bilete av playmosfigurane sine som står oppstilt på hobbyrommet hans kommenterer Bjørn denne hobbyen:

Bjørn: *lego, rart at du kan ha de*  
Aslak: *nei*  
Bjørn: *jo*  
Aslak: *nei*  
Bjørn: *kor gammel e du?*  
Aslak: *21*  
Bjørn: *21!*  
Aslak: *ja*  
Bjørn: *eg har ikkje sånt ein gong*  
Inger Helen: *kan tenke du er rart med at han har såinne?*  
Bjørn: *eg trodde det bare var for småongar eg... iallefall såinne som va yngre enn meg, ja de har det på sfo på barneskolen*  
Inger Helen *Har det ei aldersgrense?*  
Aslak: *nei! Ikkje da*  
Inger Helen: *på såinne ting?*  
Aslak: *nei ingen spesiell så vidt eg har hørt*  
Inger Helen: *nei står det sånn....eg veit ikkje om det står*  
Aslak: *nei det er jo*  
Christer: *det står fra 3 år*  
Inger Helen : *fra tre år ja...nedre aldersgrense*  
(latter)

Det er Bjørn som utfordrar Aslak med å spørje om ikkje han er for gamal til å leike med lego, han synes det er rart at Aslak har desse figurane, når SFO har slikt.

Når eg spør om det har ei aldersgrense svarar Aslak først bestemt "*nei*" og moderer det til: "*ikkje som eg har høyrт*". Christer er det då som reddar situasjonen med å svare: "*det står fra tre år.*"

Bjørn prøver seg på latterleggjering av Aslak og hans figurar. Latterleggjering er ein del av dei daglege kodane for åtferd, som sikrar rutine og sosial orden ( jfr. Billig 2005 s. 202).

Kommentaren til Christer og humor og latter rundt dette med aldersgrense og det normative " kva aktivitet passar på kva alderstrinn" ufarleggjer ein situasjon der Aslak kunne framstått som latterleg, og der Bjørn som den yngste av dei tre, tok "*rotta på Aslak*". Forsøket på latterleggjering kan også ha ein annan undertone, utfrå ein felles kunnskap me-veit-begge- at-lego-også-er-for-ungdomar-og-vaksne. Begge har Lego12+ og Lego 16+ og veit at desse finst i handelen og er mynta på unge og vaksne menn. Måten det vert sagt på av Bjørn gjer at han kan redda situasjonen i land med å seie "*det var berre ein spøk*" (jfr. Billig 2005 s. 205).

Denne kvelden startar også ei tevling mellom Aslak og Bjørn i kor mykje lego dei har, kva slags spel Aslak har som Bjørn ynskjer seg som her med legoklosser:

Bjørn: *eg har sikkert over 1000 legoklossar heme*

Aslak: *å nei du gut*

Bjørn: *eg har nesten to fulle kassar*

Aslak: *eg har nesten ei kista med da dar.....slå den gut*

Bjørn: *kor stor?*

Aslak (viser storleik) *ei så stor...slå den gut*

Bjørn: *ja eg har to*

Aslak: *pose og sekka med*

Bjørn: *hellane... fy deg*

Aslak: *fy deg?*

Inger Helen : *er de to konkurrerande i lego?*

Bjørn: *nei visste ikkje at han hadde så mye...*

Aslak: *he he he*

Inger Helen : *so det er på ein måte det som er likt med deko... at de har lego? Og brukar det på fritid?*

Aslak: *eg kjøpe da , pleia kjøpe da enno*

Inger Helen : *pleier du å kjøpe det enno?*

Bjørn: *eg spille veldig mye og*

Aslak: *ja*

Bjørn: *pleier du kjøpe duplo og då?*

Aslak: *duplo e du morsom elle?*

(ha ha ha, latter /flir frå fleire) *nei*

(litt sånn gester mellom dei to som om dei skulle gå i slosskamp)

Bjørn: (viser liksom slag) *liksom slå til deg.....det er morsomt*

Samstundes som Bjørn ertar Aslak og tykkjer både Aslak og han sjølv er for gamle til lego ved å visa til at dei har slikt på SFO, så tevlar dei samstundes om å ha størst samling av lego. Aslak viser også til at han framleis kjøper lego, sjølv om han kort tid før er vorte erta for å vere for gammal til dette. Ertингa er av godmodig og venskapleg art og har i seg spirar med felles-samlar-interesser og ein ”me-er-vel-begge-for-gamle-til-dette” humor. Ertингa er ikkje ondsinna men meir av den vennskapleg ertande form. Eg tenkjer det handlar om utprøving og kan hende mest å finne ut av den andre, om den andre er ein samanliknbar storleik ( jfr. Gustavsson 1999) Det handlar også om relasjonsbygging og anerkjenning ved bruk av spøkefulle kommentarar som ” å nei du gut”, latter og erting (Billig 2005; Fine and Soucey 2005).

### *Ein skog av andre ting òg*

Aslak har ikkje berre ei fritidsinteresse men fleire. Slik som Aslak gjev uttrykk for etter at han har presenterte si fritid:

Inger Helen: *tenke du at du med det du har vist oss her har fått fortalt hovdetrekka ved fritida di?*

Aslak; *ja med det er ein skog med andre ting og*

Inger Helen: *ja?*

Aslak: *dette var berre litt (ler), det var det som stod framme*

Inger Helen: *det som stod framme, kva meiner du då*

Aslak: *det som var utstilt*

Ih: *det som vart utstilt ja*

Aslak: *eg har nåke ant utstilt og men det har eg tatt vekk.*

Inger H: *Ja?*

Aslak: *kunne jo tatt med noko anna som hobby då....kom ganske seint og då....fekk ikkje raska med meg noko...eg kan ta med meg neste gang eller?....skal eg gjera da?*

*Må berre ha det klar dagen før*

Ih: *ja...visst du synst no ...at du har uteglømt noko som er vesentleg for å fortella om di fritid så...kan du visa det neste gong ....*

Aslak presenterer at han har fleire fritidsinteresser. Ein skog av andre ting er uttrykket han brukar om interessene sine. Kva han har synt oss forklarar han praktisk. Det var det han hadde framme no, det som var utstilt på dette tidspunktet. Han virkar opptatt av at me skal få det totale biletet av hobbyane hans.

### *Bokstavleg tala*

Aslak viser nytt bilde og seier: *her er landskap og ...skifta til sånn makro... (nytt bilde) der ser du ein i bakgrunnen* (det vil sei ein blå jakke av ein som går tur langs andedammen)... *du ser jo ikkje kem det er då ...det er ein eller anna i blå jakke.... du ser jo ikkje kven der er...*

Inger Helen: *nei*

På biletet er det knapt synleg eit menneske i bakgrunnen med blå jakke. Det er uråd å identifisera personen. Den formaninga dei unge fekk på første møte om ikkje å filme eller ta bilete jamfør skriv får NSD, har Aslak teke bokstaveleg, han har ingen bilete med andre menneske i si framføring. Det kan difor vere at presentasjonen hans ville vore annleis om denne instruksjonen ikkje vart gitt.

### *Avsluttande ord:*

Aslak presenterer playmo-hobbyen sin som sin hovudsyssel. Det er denne aktiviteten som tek størst plass hjå han, den fyller gjesterommet hans. Hovudfritidsinteressa hans er playmo og i fortellingane om denne interessa framstår han som kompetent. Oppstillinga han viser oss fra hobbyrommet fortel om plan og orden, tid og konsentrasjon. Den orden han har skapt i oppstillinga tilkjennegjer både kompetanse og god innsikt i korleis ei krigsoppstilling skal sjå ut. Men han har også andre figurar utanom playmo med i oppsettet, det viser at han omskaper og skaper noko nytt av det andre har laga, han nyttar seg av bricolage, ungdommens kombinasjonskunst.

Aslak viser oss ei variert og allsidig fritid. Han går på tur, han er opptatt av naturen med dyreliv og fugleliv. Playmo, lego og Transformersinteressa har han til felles med Bjørn. Det ser på samlinga ut som det er i ferd med å utvikla seg ein interessefellesskap mellom desse to, måtane dei tilnærmar seg kvarandre er ved bruk av erting og humor. Aslak snakkar også om andre interesser som dataspel og sjakk, utan at han har bilete av desse aktivitetane. Han kjem på hobby som japanske teikneserier undervegs. Aslak synest å ha vanskar med å vere konkret på kva fritid for han er, samstundes er det som han viser bilete av ein del av hans fritidsyssel og aktivitetar han gjer på fritida. Han er usikker på om han har forstått oppgåva rett, det gjer at framføringa hans ber preg av utryggleik. Særskilt når han får spørsmål.

Bruken av humor er slåande på denne samlinga, det er ein ertande og godmodige humoren som er mest i bruk, ein humor som anerkjenner den andre og byggjer fellesskap menneske imellom. Humoren dempar og avværnar sterke meiningar som tildømes Christers utsegn om at hans gitarar er *ekte vara* samanlikna med Aslaks interesser. Eg ser at humoren vert medvite brukt av dei unge til å byggje relasjonar, å smørje sosiale relasjonar og til å regulere relasjonar. Bjørn er den som prøver seg på latterlegjering og kallar playmohobbyen for lego og dinest koplar inn duplo. Her er det Christer som ”reddar” situasjonen med ein vittig og regulerande kommentar.

## **Kapittel 5: "For meg er det musikk heile dagen"**

### *Innleittande ord*

Det er tredje samling med dei tre unge, denne kvelden er det Christers tur til å fortelje om eiga fritid. Christer hadde alt første kvelden ein klar meining om korleis han ville presentere fritida si på, han ville ta bilet og knyta kommentarar til. Christer går på vidaregåande skule. Han bur i bufellesskap og har litt oppfølging der, og tilrettelagde fritidstilbod.

Denne samlinga har same sakliste som sist, med unnatak av at me denne gongen fann det mest praktisk å starte med pizzastund. I pizzastunda er det etter gutanes eige ynskje ikkje teke bandopptak. Denne samlinga er det dei same spørsmål Christer vert stilt om fritida si som dei Aslak fekk sist gong. Og dei same spørsmål som dei to andre unge får om Christers fritid etter hans presentasjon. Spørsmåla står synleg for alle på flipover. Eg vel også i dette kapittelet, å ha ei kronologisk rekkefølgje i kapittelet, og eventuelle unnatak frå dette vil bli nemnd i teksten.

### *Oppstart og sats*

På forrige samling nemde Aslak at han skulle ta med seg eit dataspel han ville vise oss. Han har ikkje tatt det med seg og difor vert dette punktet stroke på saklista og me går rett på Christers presentasjon. Etter pizzastunda gjer Christer seg klar for på presenterer eiga fritid. Christer er rask med å kople data til prosjektor og er klar for å starte. Christer starta presentasjonen sin med å seie desse orda: "*Eg har ikkje så veldig mange bilde då... ( ).. men eg har tatt bilde av det viktigaste*" Eg tel høgt til seks gitarar og Christer supplerer: "*Detta er nåken*".

Det første biletet han viser er 6 gitarar som er lagt ut over senga hans. Dyna er rydda vekk, lakenet er strekt. Gitarane ligg på utstilling med lakenet som eit dandert sceneteppe:



Ei slags kulisse som framhevar det viktigaste; gitarane hans. Orda han startar med og biletet av dei 6 gitarar, på lakenet er ei kommunikasjonsform av den dramaturgiske typen (Goffman 1992 s. 27-37). Bakgrunnen, lakenet, dannar scenarrangementet og framhevar gitarane.

Christer har med eitt bilet og ein kommentar teke sats og vist oss det viktigaste i livet sitt, gitarane sine. Dette eine biletet fortel oss kva det viktigaste er for han. Eit ordtak seier at *eit bilet kan seie meir enn tusen ord*. Det er tvert om den opplevinga me får når me ser biletet, og hører orda i hans framføring, som seier oss meir enn tusen ord. Det Christer gjer i framføringa si, er ikkje berre å visa oss eit bilet, han fører oss som er til stades inn i ein opplevingsdimensjon. Det skjer ei meiningsdanning hjå han og hjå oss andre, stunda gjev oss ein smak av hans livsverden (jfr. Dalen 2004 s.16-17).

### *Gitar, prioritering og anerkjenning*

Christer viser oss eit nytt bilet og fortel:

*Dette er ein av dei første dyre eg kjøpte då..dei første dyre....den kjøpte eg her på XX (namn på lokal musikkbutikk) den gitaren kjøpte eg i lag med ein forsterkar ...for dei første stipendpengane mine på den vidaregåande skulen (latter) då fekk eg ein god gitar*

Christer fortel engasjert om gitar- og forsterkarkjøpet sitt. Me ler av fortellinga hans, latteren kjem spontant, fordi me vert overraska over det han fortel. Å bruke heile stipendet på gitar og forsterkar er det som overraskar. Det er i prinsippet ikkje grenser for kva som kan vere

morosamt under bestemte omstende (Svebak 2000), her at Christer verkeleg prioriterer interessa si høgast, så får heller skulebøker og materiell koma i andre rekkje. Latteren er også sosial, me ler avdi andre ler, latteren smittar (Svebak 2000 s. 28-29). Latteren som oppstår i denne situasjonen er både av den sosialt smittande, men også av den overraskande sorten. Latteren kjem både av det Christer fortel, korleis han prioriterer sine disponibele midlar og samstundes er det ei beundring i latteren. Tenk at han tør å bruka alle pengane han har på det som betyr mest for han. Det er uhøyrt å bruke stipendet slik, likevel gjer han det. Ei gruppe teoriar om humor peikar på at humor sameinar motsetnader, der er difor kanhende ikke så merkeleg at humor kan spela på ting som tabu, eller som i denne situasjonen det uhøyrt eller det som kan vere vanskeleg å snakke om (Svebak 2000 s. 87-92).

Christer fortel vidare om den same gitaren som er kjøpt for stipendet:

Christer: *det heiter Epi form... produsert av Gibson*  
Inger Helen: *Gibson det eg høyrt om ...har du det Aslak?*  
Aslak: *mm*  
Christer: *da e eit kjend merke, kjend for å vera veldig dyre gitarar*  
Aslak: *e kje dei lagd for hand?*  
Christer: *jo dei e da*

Eg inviterer Aslak inn i samtalen og han stadfestar at han også kjenner til Gibson merket. Christer fortel om Gibson gitaren og Aslak spør ”*e kje dei lagd for hand?*”. Aslak spør og ved å spørje viser han anerkjenning. Anerkjenning av Christer og anerkjenning av Christers interesser. Aslak spør sjølv om han veit at gitarene er laga for hand, han spør for å anerkjenne og stadfeste den andre. Christer stadfestar spørsmålet til Aslak. Dei ser kvarandre, Aslak viser interesse for Christer og Christer gjev tilbakemelding på denne interessa som eit slags ”takk-for-at-du spurte”, i dette samspelet skjer ei gjensidig anerkjenning av kvarandre (jfr. Honneth 2007 ). Ifylgje Honneth er anerkjenning naudsynt for å kunne utvikla ein sosialt velfungerande idenitet og bidra til at du kjenner deg som ein viktig bidragsytar til fellesskapet (2007).

### *Trofæet i spesialkofferten*

Christer viser oss eit nytt bilet av ein gitar i eigen kasse:

*Dette er ein flott gitar (ligg i kassen) dette er den flottaste gitaren eg har ...Ligg i ein spesialkoffert...den er verd nesten 10 000...Men den har eg faktisk ikkje betalt av meg sjøl... Fekk sånn dare stønadspengar til faktisk ...for hobbybruk*

*Så då fekk eg ein skikkeleg gitar då ..... Da e ein sånn signaturgitar... Frå ein slags kjend gitarist... Så den ligg mest i kofferten onna sengje .... Han er sjeldan i bruk... han er mest til pynt.*

Seinare same kveld fortel Christer at han spelar på alle gitarane kvar dag. Eg følgjer opp med eit avklaringssspørsmål om bruken av den spesielle gitaren:

Inger Helen: *Den som ligg onna sengje... er den også i bruk kvar dag?*

Christer: *den er ikkje i bruk kvar dag. Berre av og til... sjeldan ....berre for å visa fram og sånt... Så atte eg e litt redd for han”.*

Unnataket for dagleg spel er den under senga, den mest dyrebare, signaturgitaren. Christer fortel at denne gitaren er han så redd for at den vert sjeldan spelt på. Denne fortellinga, er ulik det bruk og forbruk Christer ellers har av gitarar. Gitaren er mest som eit trofe, eit samleobjekt. Gitaren assosierer eg med verdifulle gjenstandar inne i glassmontør, eller vinkjellar med flasker, så verdifull at dei ikkje kan nyttast, berre beundrast og visast fram. Christer viser at han har gitarar på to måtar, til to typar formål, dei han brukar og denne spesielle som han har mest til pynt. Eg opplever at denne gitaren har ein annan verdi enn dei andre, han er oppheva frå å vere gitar til å vere eit trofè. Christer har soleis gitarar i to kategoriar til bruk og til stas.

### *Levin-gitaren og gitarreparasjon*

Christer viser oss biletet av ein kassagitar og fortel:

*Datta e ein drittgitar egentlig den kjøpte eg for 100 kroner i Sverige på ein antikvitetsbutikk ...han var heilt nedslitt og full i sprekkar og hol .... så leverte eg han til han Knut (ein han har gitarundervisning med) ein som eg spelar i lag med då og han sette han heilt perfekt i stand. Eit svensk merke som heiter "Levin" som er kjend for kvalitet.*

Inger Helen: *så no e han nåke heilt ant enn det han var?*

Christer; *mm...no e han spelbar....og det er eg og veldig interessert i ...sånn dare gitar-reparasjon og overhaling og rensing av gitarar so alt som har med gitarar å gjere.... alt i frå til å bygga dei til å spela på dei.*

*Så det har eg lyst å bjynna med ... å produsera gitarar ..prøva å laga da.....iallefall koma litt i gang .....så då har eg i alle fall ein god del informasjon inne sidan eg har kome i lag med Knut som har lært meg masse ....det er han som har sett i stand dei fleste av desse gitarane då.*

Christer skaper identitet gjennom si fortelling om Levin gitaren. Historia Christer fortel kan også vise til slump, han kom tilfeldig over Levin gitaren. Han viser teft for ”verdifulle gitarar”, evna til å skilje skit ifrå kanel i ein antikvitetsbutikk. Historia kan fortelje om kompetanse, og sosial kapital. Då han såg gitaren visste han at dette var ein kvalitetsgitar og dimed kjøpte han den trass sprekker og hol, avdi han hadde ein kompetanse til å vite at gitaren var av verdi. Historiar er ikkje berre personlege eigd av den som fortel, dei er og sosiale og kulturelle. Fortellingar fortel om identitet og konstruerer identitet (Riessman 2008 s.8). Avdi han kjende nokon som kunne gjere drittgitaren om til spelbar gitar av god kvalitet, handla Christer som han gjorde. Det var både rasjonelt og logisk. Sosial kapital vert i sosiologien mellom anna knytt til individets evne til å ta i bruk sosiale nettverk. Coleman definerer sosial kapital som ” verdien av de sosiale strukturer som aktører kan benytte for å realisere sine interesser” (Lorentzen 1997 s.71) Christer forteljing viser at han har sosial kapital som han har evne til å setje ut i praktisk nyttig handling; han har kontaktar som gjer det mogeleg å realisere sine mål, få ”drittgitaren” frå Sverige omgjort til å bli ein gitar av god kvalitet. I denne historia framstår Christer i rolla som kompetent, han viser ei evne til å nytte nettverk og bekjentskap til å få sett gitaren i perfekt stand. Goffman skriv om rolla som kompetent. Eit inntrykk som Christer etablerer hjå dei andre ungdomen og som også er mitt inntrykk av han. Han spelar ei rolle som kompetent og me som ser på får det inntrykket av han (Goffman 1992 s. 24). Christer viser i si fortelling ein kompetanse som handlar om å vere god på gitar. Å kunne produsere og lære meir om gitar reparasjon er eit anna ynske Christer fortel oss om. Ynsket kjem som ein logisk forlenging av den hovudinteressa han har, ei vidareutvikling av gitarinteressa og det han har til no har lært om og fått av kompetanse innan gitarreparasjon.

### *Sumar med båtliv og fiske og tur kvar dag*

Christer har hatt fokus på musikk og gitarinteressa fram til no, men fortel også om andre fritidsinteresser:

*...Eg prøvde få tak i bilde men eg hadde ikkje anledning .....men eg kan fortelja at utenom gitarar og musikk så er eg interessert, veldig interessert i å vere på sjødn og fiska og vera i båt ....så det driv eg massevis med på sommaren og sånn og ja før me tek inn båten på hausten ....eg og så ein kamerat .....som ikkje bur så langt i frå*

*meg...der som eg budde før...der eg kjem frå på (stadnamn). Så då er me ute og brenner bål og sånt ute på øyar...fiska...*

*Og eg e veldig interessert i å vera ute og sånn for ....lika gå turar og sånn .....spesielt på kveldstid... da gjer eg kvar dag, med musikk på øyra.*

Christer fortel oss at han har varierte fritidsinteresser. Båtliv og fiske på sumarstid med kamerat, slik ungdommar driv med der han kjem frå. I tillegg aktivitet som dagleg kveldstur med musikk på øyra.

### *Ertning på vegne til felles forståing*

Aslak lurer på om gitarar er ein dyr hobby og Christer svarar:

*Ja da e faktisk da..(pause) både og ...det spørrs jo kva kvalitet ein skal ha på instrumenta ein kjøper... Så det at... prisen på dei gitarane eg har kjøpt då dei ligg på mellom to tre tusen kvar gitar.*

Aslak: *to tre tusen? Da e billig ....*

Christer... *Hm billig?*

Aslak: *E da sånn kasta ette deg gitar? ( gjer kasterørsler med hendene)*

Christer: *Nei!... Da merkelegaste av alt da e at den gitarn som me ser på bilde dar e ein kopi av en Fender Stratocaster. Fender e jo eit dyrt merke å ha ...og den e den som eg faktisk lærte meg å spela på... den var onkelen min sin ...men no er den min.*

Denne argumentasjonsrekka dei to unge imellom kan forståast på ulike måtar. Aslak ertar men å kalla gitarane til Christer ”*billege kasta etter deg gitarar.*” Det er sagt i ein humoristisk tone og meint ertande alvorleg. Det Aslak gjer kan sjåast som ei vennskapleg erting av same sort som når naboen viser deg sin nye bil til kr 300 000 kroner og du kommenterer ”*åh kostar den ikkje meir?*” Forstått som ”*det er gitt vekk*”. Dette er ein seiemåte som vert brukt i kulturelle samanhengar (i alle fall her på Vestlandet) som eg vel å kalla erting med ei skjult misunning inkludert. Tenkjer ein på at nokon av figurane som Aslak viste på sist samling, ker i prisklasse 100 til 300 kroner kvar er det kan hende ikkje rart han reagerer på at gitarane er rimelege, sett i høve til storleik og det faktum at dei er laga for hand. Det kan sjå ut som om Christer ikkje heilt er med på eller fortstår Aslaks erting. Hans bestemte ”*nei!*” kan tyde på det. Christer let seg til ein viss grad irritera over Aslaks erting og kjenner behov for å forsvare seg. Difor fortel han om gitarane at dei er kopi av eller laga på same stad som Fender Stratocaster. Christer viser her at han har gitarar og utstyr av kvalitet, men og at han ved bruk av sin sosiale kapital, teft og kunnskap om kjende merker og produksjon av undermerke på

kjende gitarar, har fått mykje att for pengane. Seinare i si framsyning presiserer han verdien til gitarane sine med å vise ein Fender Stratocaster som er kostbar, men som han fekk kjøpt billeg via kontaktar og familien:

*"Dette er den som er ein Fender Stratocaster den har verdi på rundt 15 000 men eg betalte kun 5 000 for han eg kjøpte den av den same karen som eg fekk den dyre forsterkaren av...."*

Christer har tidlegare på kvelden vist oss biletet av stativet i stova der gitarane står:

*Sånn ser stova mi ut ....så eg var nødt til å ha eit gitarstativ etterkvart no (latter)*

*Christer: så det fekk eg til bursdagen min ...så var det berre til og samla opp ... så dei står på rad og rekka... så folk trur eg kjøpe gitar kvar veka .... da e nesten sånn (ler)..men eg har gitarar også utenom desse me ser på bilde*

Biletet av gitarane i stativ fører til latter frå oss som ser og hører Christer. Å samla opp gitarane i eit stativ var berre naudsynt så mange som han har. Gitarane står på heidersplass, midt i stova. Det kan vere at dei er til utstilling som ei form for iscenesetting av eigne hobbyar og seg sjølv i si framføring (jfr. Goffman 1992 s. 208). Christer har som Aslak fritidsinteressa si på utstilling. Sidan gitarane er i bruk kvar dag, kan det òg vere praktiske årsaker til at dei tar plass og er midtpunktet i stova, det er lettare å spele på dei då enn om dei låg i kassar kringom ellers i husværet. Christer har valt seg interesser som ei plasskrevjande slik som seks gitarar i stativ og fleire forsterkarar, og presiserer at han faktisk har enno fleir enn me ser på biletet.

Seinare same kveld kjem Aslak med eit oppfølgingspørsmål til dette biletet:

*Aslak: kva kosta det berre for stativet?*

*Christer: det kosta 800 kroner trur eg ...men da fekk eg til bursdagen*

*Aslak: bra å ønska seg sånne dyre ting te jul og gebursdag (latter)*

*Aslak: ja e jo veldig bra... spara på da (stille)*

*Christer: ja*

Aslak spør om kostnad og støttar Christer i at det er lurt å ynskja slike dyre ting til jul og bursdag. Dei møter kvarandre i ei felles forståing av at "dyre-ting-som-me-prioriterer-men-ikkje-så-høgt-at-me-kjøper-dei-sjølv-kan-det-verre-lurt-å-ynskje-seg-til-jul-og-bursdag- semje ". Denne semja som kjem fram her kjem etter litt knuffing om diskusjon av billige og dyre gitarar. Aslak prøver Christer ut først med erting, det skjer ein argumentasjon dei imellom, før dei seinare kjem til semje.

Christer har vist oss bilete av fleire gitarar og forsterkarar i heimen då Aslak kjem med denne kommentaren:

Aslak: *visst du har därleg med pengar kan du selga nåke (ler)*

Christer: *langt derifra kjem aldri*

Inger Helen: *hende det at du kvitta deg med nåken gitara?*

Christer: *aldeles ikkje*

(latter)

Aslak: *har du forsikring?...det er lurt*

Christer: *ja eg har forsikring på 200 000,-*

Aslak: *ja (nikkar)*

Aslak ertar Christer med at ved ei pengekrisa kan Christer alltid selja ein gitar. Svaret frå Christer er kontant, det er heilt uaktuelt. Sidan kjem dei fram til ei lurt-å ha-forsikring-semje. Dette er ein av fleire situasjonar det Aslak ertande set spørjeteikn med verdi og økonomi knytt til Christers interesser, og der dei sidan kjem fram til semje, som denne gongen at forsikring-er-lurt.

### *Utvikling gjennom motstand*

Christer viser bilete og fortel denne historia om gitaren han lærte og spela på og korleis det gjekk til:

*Da merkelegaste av alt da e at den gitarn som me ser på bilde dar e ein kopi av en Fender Stratocaster. Fender e jo eit dyrt merke å ha ...og den e den som eg faktisk lærte meg å spela på..den var onkelen min sin. Men no er den min so då huskar eg når eg var femten år då eg bøynta å spela då mangla han strengar på og var heilt ustempt men eg satt med den og lærte fingrane mine til grepa. Og so fekk eg veldig lyst på eigen gitar då ...Eg huskar eg sparte pengane mine som eg fekk til jul og nyttår og sånt den tid. Til slutt så fekk eg 2500 kroner trur eg det var, og då kjøpte eg den gitaren dar*

Fortellinga til Christer framstår som heilskaplege med start, konflikt og lukkeleg slutt.

Inntrykket Christer gjev av seg sjølv er fasinerande. Han lærte seg å spela sjølv på ein ustempt gitar med manglande strengar. Mine assosiasjonar går til store komponistar og vitskapsmenn som mot alle odds gjer motstand og vanskar om til suksess. Christer fortel oss at han taklar motstand og har evne til å vekse og utvikla talentet sitt, under utfordrande omstende. Måten Christer ordlegg seg på, ordvala han gjer her ”lærte fingrane mine til grepa”, gjer at han framstår som han er sjølvlært på gitar. Han vann over motstanden den ustempte gitaren med dei manglande strengar, han lærte seg å spela og ”vann” gitaren. Seiemåten å læra fingrane til

gropa har nærest noko organisk over seg, ein organisk musicalitet gjennom sameining av fingrar og gitar.

### *Endring i interesser har årsaker*

Christer fortel at gitar ikkje alltid har vore ei interesse hjå han:

*Men da som eg glømte å fortelle dei merkelegast tingene da e da at lenge før eg brynte å spela gitar så tålte eg ikkje gitar ....  
(latter)*

*Christer: likte da ikkje i det heile tatt ....eg va ikkje nåke spesielt interessert i musikk i det heile tatt.egentlig berre høyra mest på klassisk musikk ..... Elvis.... og so utvikla da seg*

*Bjørn: tante e helt vill på Elvis*

*Christer: ette eg hørte nokre Lynard Skynard songa då som eg fant vart eg interessert i den type musikk og hadde grådig lyst å læra og spela sjølv... og så huska eg at da va på ungdomskulen ja ....nåken skulle samla seg og spela til ein cabaret eller kva det var Christer: og då ein var veldig god då spelte mangfaldig... men so var det ein an som prøvde å spela yndlingsongen min Sweet Home Alabama og då fekk han det ikkje til då men då forbante eg meg på at eg skulle læra meg å spela*

Christer fortel at han tidlegare ikkje tålte gitar. Ei konkret hending, då han gjekk på ungdomskulen, at nokon ikkje klarte å spela yndlingsongen hans gjorde at han forbante seg på å læra å spela. Christer forklarar gitarinteressa med konkrete hendingar i livet sitt. Han framstår som om det han gjer kjem av medvitne val. Vala har bakgrunn i det han opplever, og han framstår slik at me opplever at det ligg klare intensjonar bak vala. Slik som det å læra å spela gitar og klara å spela yndlingssongen sin sjølv når andre rotar det til/øydelegg ein fin song med därleg spel.

Samtalen heldt fram og eg spør kva det å spela gitar betyr for Christer: "Det betyr alt . Kunne ikkje tenkt meg uten ...so da at ...nåke av det viktigaste for meg i livet". (stille lenge)

*Det betyr alt* – utsagnet viser den viktige plassen gitar har i Christers liv. Fordi det er det noko av det viktigaste i livet forklarar det prioritering av pengar, tid og plass. Christer kunne ikkje tenkt seg eit liv utan å spele gitar. Sett opp mot at hans fortelling om at han for 3-4 år sidan ikkje likte gitar, er det interessant. Gitar går frå å vere ikkje-likande til å bety alt. Kanhende handlar det om å finne og utvikla sitt potensiale, å utvikla sin eigen identitet gjennom det ein finn meiningsfylt å fylla tida med.

## Å vere musikalsk og alminneleggjering

Christer fortelling om eiga fritid ber preg av ei gjennomført trygg og kompetent framføring.  
Unnataket er denne sekvensen her:

Christer: *så eg har begynt å spela meir og meir bass no ....og då e da sånn at kan du nåke på gitar kan du nåke på bass og*  
Bjørn: *eg kan ikkje nåkke på gitar ...bare litt på bass bare de som de har lært meg på skolen ...og så e eg den beste på trommer*  
Christer: *trommer kan ikkje eg i heile tatt*  
Bjørn: Å, får du ikkje til det?  
Christer: *altfor dom*  
Bjørn: *eg kan det*

Denne dialogen synes eg er forunderleg. Christer støttar opp om Bjørns kompetanse med å sei at han sjølv ikkje kan spele trommer. Men kva er det som gjer at Christer her reduserer seg til å bli *altfor dom*? Han har si framføring fram til dette tidspunktet gjeve oss ein inntrykk av å vere trygg og kompetent. Får han behov for å dempe seg sjølv ned, vise at han ikkje kan spela på alle slags instrument berre gitar og bass? Sacks skriv om at me alle i livet prøver å ” arbeide med å vere vanleg”(Sacks 1984). Sacks meiner det er alle menneskers prosjekt å vere så vanlege som mogeleg. Dette kan me gjere ved å bruka tid på vanleg måte, ha vanlege tankar, vanlege interesser og skru på TVen om kvelden, slik vanlege folk gjer (Sacks 1984 s. 415). Du ikkje berre gjer det, meiner han, du gjer det *fordi* du veit det er det som skal til for å ha ein vanleg kveld.

Det kan og vere at Christer kjende på seg at no har eg brukt langt tid på å skryta av meg sjølv, dra seg sjølv fram i lyset, no må dei sjå at det også er ting eg ikkje kan. Eg må ikkje bli for uvanleg, men vere innanfor ramma av det ordinære. For å arbeide med å vere vanleg trengs ein kompetanse, kompetanse i kva det inneber å vere vanleg, og ein kompetanse i å utføre dette arbeidet (Sacks 1984 s. 415). Du tar omsyn til mottakaren av den informasjon du gjev, er han klar til å motta bodskapen er det passeleg vanleg for mottakaren der du seier? Christer har ein slik kompetanse til å tilpasse seg sitt publikum og ta passeleg stor plass i si eiga framføring, og i gruppa.

Kan hende et det også reelt at Christer ikkje er god på trommer eller rytmefølelse og dette bryt med det musikalske biletet han har av seg sjølv. Kan hende har han ei realistisk biletet av seg sjølv og er seg medviten om svake sider ved eigen musikkkompetanse.

### *Eg har brukt dagevis...*

Christer fortel i si framføring om favorittbandet Lynard Skynard. Det var dette bandet som inspirerte han sjølv til å starta opp med å spela gitar. Han har vore til Oslo og opplevd dei på konsert, han lyttar til musikken deira og han brukar tid på å finna meir ut om favorittbandet han fortel om favorittbandet: ”*..dei har eg brukt dagevis til å finna ut om... har studert dei, livshistorien ...*”.

Christer fortel også engasjert om eit anna av favorittbanda sine The Who, han har brukt tid på å studera dei og fortel mellom anna dette: ”*Han som var trommeslagar i The Who han var jo rekna som verdens beste trommeslagar ...han døde i 1978..men han var ein galning som kunne finna å å ha dynamitt i trommesettet..og så fyra av på scena etter han hadde spelt*”.

Christers interesse for Lynard Skynard, deira historie og deira musikk gjer at han brukar dagevis på å studera dei. På samlinga fortel han inngåande om dei ulike bandmedlemene og historia til bandet. Han har også ei engasjert fortelling om The Who. Forteljingane viser at Christer har prioritert tid og krefter på å finna ut om sine musikkheltar. Christers fortellingar om favorittbanda er engasjerande for oss som hører på, han har evne til å skildra bandmedlemene levande og på ein slik måte som eg og dei andre finn det spennande. Fortellinga hans fører både til latter og engasjement frå oss andre. Interessa fortel om stor tidsbruk, konsentrasjon og kompetanse. Christer avsluttar fortellinga om dei ulike banda og bandmedlemmane sine handlingar med desse orda: ”*For meg e da musikk heile dagen* ”. Og me trur han så gjerne når han seier desse orda.

### *Gitar flyt*

Christer: *og når eg tek fram ein gitar berre for å prøva å spela... så er kl. to og så ser eg på klokka og så er ho obs! Blitt seks... Da kan forekomma da og...*

Å spele gitar kan føra til at han gløymer tida og fire timer går med i ei heilt anna oppleveling av tid. Christer fortel her om det som på engelsk vert kalla flow eller på norsk flyt. Flyt kan seiast å vere ein tilstand der ein gløymer tid og stad og er i eitt med aktiviteten ein driv med, for Christers del guitarspel. Csikszentmihalyi (1992) skildrar flyt som ein av våre viktigaste

drivfører, han skriv at lengten etter flyttilstandens eufori finst hjå oss alle. Csikszentmihalyi skildar flyt som den optimale oppleving, det handlar om kjensla av å vekse, av å ha herredøme, ei kjensle av å delta i, og å avgjere sitt livsinnhald. Flyt er ein sinnstilstand der menneske er så oppslukt i det dei gjer at ingenting anna betyr noko. Det er ei oppleving så full av nytelse og velvære at ein vil halde fram med å gjere det, så sjølv om kostnaden er høg, så er gleda ved å gjere det større (Csikszentmihalyi 1992 s. 10-20).

### *Inntrykka han gjev oss andre*

Etter saklista er komen til at dei to andre blir bedne om å kommentere Christers fritid.

Inger Helen: *kan tenkje de om det Christer har vist om si fritid? Kva fortel da deko?*

Aslak: *jo det..*

Bjørn: *han er veldig musikalsk*

Aslak; *ja*

Litt seinare i denne delen av programmet vert dei to andre på ny oppmoda om å setje ord på dei inntrykk dei har fått:

Inger Helen: *Bjørn e da nåke ant du tenkje på når du ser kva Christer gjer på fritida si?*

Bjørn: *nei det.... han e jo en musikar.... iallefall*

Christer: *prøve å vera da...kan ikkje påstå at eg e so ekstremt god då.....eg prøvde faktisk å filma og spela og men eg får da ikkje til..ikkje skikkelig*

Inger Helen: *filma når du spela sjølv?*

Christer: *ja....eg prøvde men fekk det ikkje til det er så vanskeleg eg vert så nervøs..*

Både Bjørn og Aslak er samde i karakteristikken av Christer som veldig musikalsk.

Bjørn namngjev Christer som ” *en musikar.*” Dette er dette inntrykket han sit att med etter framføringa til Christer. Christer på si side, får behov for å nyansere denne karakteristikken med å seie at han” *i alle fall prøve, kan ikkje påstå at eg er so ekstremt god då* ” i å vere musikar. Christer er når han får så pass god attendemelding, opptatt av å gjere seg sjølv vanleg. Han prøver å dempe det inntrykket han har gjeve oss andre. Eit problem som Christer opplever kjem også opp som følgje av Bjørns attendemelding. Christer fortel at han vert nervøs når han prøver å spele å filme det. Det kan virke som Christer er meir opptatt av eigen vanskår og det han ikkje er så god til, enn det han faktisk er god til. På den eine sida kan dette forklaraast innanfor det å streva etter å vere vanleg, å ikkje skilja seg ut for mykje (Sacks 1984). På den andre sida er det i møte med andre me får respons på eigen kompetanse. Eigen

nervøsitet kan gjere at han ikkje får vist for andre si evne til å spela gitar. Det kan sjå ut som om Christer skulle ynskt å visa andre kva han kan, men nervøsitet set grenser for hans gitarutfalding.

Seinare spør eg Aslak på ny om kva han tenkjer om fritida til Christer og han svarar:

*"jo da ...da e no bra å ha ein hobby ....nåke å halda på med "*. På spørsmål frå meg til Aslak om kva som er likt for hans og Christer si fritid er dette svaret: *"masse ting som tar plass"* og svaret hans på seinare på kva som er forskjellig frå hans fritid er at *"eg e ikkje interessert i musikkinstrument ...eg spela ikkje nåke "*.

Sjølv om Aslak fortel oss at han ikkje har same interessa som Christer aksepterer han og forstår kor viktig gitarinteressa er for Christer. Det å ha ein hobby er bra uansett, sjølv om han og Christer har forskjellige hobbyar. Det konkrete er det Aslak set ord på gjennom svaret *"masse ting som tar plass"*. Aslak og Christer har begge stort volum på sine interesser. Det at det tar stor plass er det konkrete Aslak ser av Christer si fritid. Ein annan måte å tolke hans svar på kan vere at Aslak verdiset fritidsaktivitet, ut frå kor mykje plass den tek både hjå han og hjå Aslak. Denne måten å vise fritidsinteressa på, fortel om ei prioritering. Mykje plass = viktig for Aslak. Ser han at gitarar og forsterkarar til Christer tek mykje plass, tenkjer Aslak at då er desse også viktig for Christer. Christer definerer situasjonen for oss som ser på hans framføring, og Aslak svarar i samsvar med Christers framføring og kulissene han viser oss ( jfr. Goffman 1992 s. 24-28). På seg sjølv kjenner ein andre, ser Aslak at gitarar og forsterkarar hjå Christer tek mykje plass, tenkjer Aslak at då er desse viktige for Christer. Det er det avtrykket Christer gjev og som Aslak set namn på.

Etter spørsmål om kva som er likt og forskjellig kjem Aslak med denne utsegna: *"Musikk da e ganske dyrt då"*. Eg oppfattar denne utsegna frå Aslak som ei anerkjenning av Christer og hans fritidsinteresser. Etter å ha brukt ertande humor om verdien på gitarar tidlegare på kvelden kjem Aslak under oppsummeringa fram til ei slutning som anerkjenner Christers utsegner og stadfestar det inntrykket Christer har gitt oss.

### *Avsluttande ord*

Christer framstår som ein ungdom med ei glødande interesse for gitar, gitarspel og musikk. Han fortel engasjerande om hobbyen sin, engasjementet hans smittar på meg og på dei andre. Framføringa hans er god og overtydande. Christers fortellingar er heilstøypte, det er fortelling

om kompetanse, om inngående kjennskap til gitarar, forsterkarar og til favorittbanda sine. Christer er den av dei tre som set direkte ord på betydninga av interessene sine: ”*det betyr alt*”.

Fortellinga om Levingitaren så vel som dei andre fortellingane gjer inntrykk på oss, det fortel meg om ein ungdom som har funne ut av sitt talent. Christer spelar og han er god til å spele. Om han er god til å spele *veit* ingen av oss i rommet, bileta eller fortellinga hans gjev oss ingen lyd på gitaren. Sjølvpresentasjonen hans er så truverdig at han innanfor Goffmansk (1992) terminologi lukkast han i å spela sine roller. Me er overtydde om at han er god å spele gitar, utan at han har vist oss si spelning i røynda ( jfr. Goffman 1992 s. 24-69). Han passerer som god på gitar og med stor kunnskap om gitar og musikk i framføringa si ( jfr. Goffman 2000 s. 97).

Ei interesse opnar for ei ny interesse, det å byggja og å reparere gitarar. Interesse på fritida gjev ei kompetanseutvikling, som for Christer sin del kan opna for ein vidare leveveg. Christer viser oss også at hans fritidsinteresser har skifta over tid, det er berre 3-4 år sidan han ikkje tålte gitar. Christer viser oss at han har ei hovudinteresse, men samstundes har han fleire andre interesser som fiske og båtlig sumarstid, og det å gå tur med musikk på øyra.

Christer prioritering av interessa viser seg gjennom den tid han nyttar til føremålet, han spelar på alle gitarane kvar dag. Prioriteringa viser seg også via dei økonomiske vala han tek, å bruka dei midlar han har til rådvelde til å kjøpa gitarar og forsterkarar. Han viser det gjennom den plass gitarinteressa får i husværet hans. Å bruka stova som utstillingsvindauge for gitarar, fortel om kor viktige aktivitetane og interessene på fritid er. Å ta fysisk plass i husværet er og å ta stor fysisk plass i livet til Christer. Christer brukar den plassen han har til det han er interessert i. Han fortel også om den optimale opplevinga flyt, han kan gløyme tid og stad når han spelar gitar.

I denne som i dei to tidlegare samlingane, er stemminga god. Latter og erting førekjem hyppig og ungdomane nyttar det som smøremiddel i bygging av sosiale relasjonar. Christer og Aslak har diskusjonar der Aslak prøver Christer ut, diskusjonane ender med semje og anerkjenning. Ertande humor vert nytta som byggesteinar i relasjonen ungdomane imellom. Dei to andre stadfestar og anerkjenner Christers interesser, sjølv om ingen av dei har same interessefelt. Dei viser evne til å forstå kva gitarinteressa betyr for Christer.

I Christers framføring viser han klare freistnader på å vere vanleg. Han viser behov for å moderere seg når han av dei to andre vert presentert som *musikar* og *veldig musikalsk*. ”Doing being ordinary” er noko han prøver å leve etter, og han viser både evne til og trong for å moderere inntrykket av seg sjølv (Sacks 1984).

## **Kapittel 6: ”Skal vi starte et band du og eg ”**

### *Innleiande ord:*

Det er fjerde samling med dei unge og Bjørn sin tur til å leggja fram, han har valt å visa oss video frå fritida si. Bjørn går på ungdomsskulen, bur heime med mor og har tilrettelagde fritidsaktivitetar. Christer er ikkje tilstades denne gongen, han sende melding same dag om at han ikkje hadde mulighet til å koma. Eg valte likevel å ha samlinga, dette då me har hatt to avlysingar tidlegare som følgje av sjukdom. Me startar med pizzastund. Aslak har også med noko han vil visa oss, eit dataspel som han snakka om tidlegare men ikkje hadde med før i dag. Saklista er den same denne gongen som dei to andre samlingane. Spørsmåla til Bjørn, og spørsmåla til Aslak likeeins. Eg vel denne gongen som tidlegare å presentere hendingar i tidsrekkefølgje, unnatak frå regelen vert nemnd i teksten.

### *Film, pizza og revy*

Store delar av pizzastunda, som varer vel tre kvarters tid, går med til at Bjørn og Aslak snakkar om filmar dei har sett, det er i hovudsak Bjørn som legg opp til diskusjon og Aslak som svarar. Aslak har ein negativ haldning til filmane. ”å den er skikkeleg dårlig”, so ”dårleg at da svir i augene”. Bjørn har namn på hovudrolleinnahavarar i diverse filmar og Aslak svarar han med at han kjenner desse og har meininger om dei. Eg og forskingsassistenten, har ikkje innblikk i den verden dei diskuterer. Namn på forskjellige filmskodespelarar går meg hus forbi. Begge gutane, eg og assistenten har også vore og sett same revy, me har utfrå dette ein felles oppleving å snakka om. Samtalen vår dreier seg om revyen dei ulike innslaga vert diskutert og me ler saman over kva me har sett. Eit innslag vert eit bord vert skore i to med motorsag på scena, det får stor merksemd og vert kommentert av både Bjørn og Aslak. Bjørn er den ivrigaste og synes innslaget var ”grådig morsomt” medan Aslak konkluderer med at ”*det tok jo heilt av jo*”.

I fellesskap søker ein det som er felles. Filminteressa er noko dei to har ilag, og dei er ivrige når dei snakkar om dette tema. Lokalrevyen er noko me alle har vore på og dimed ein slags felles kulturoppleving. Det er ei oppleving me kan dele og dvele ved, som skaper fellesskap.

### *Aslak og Red Alert III*

Då me skal kople videokamera saman med datamaskin og prosjektor i taket, får me vanskar. Det vert ein del uro og surr når me ikkje finn ei løysing slik at både lyd og bilet kjem på storskjerm. For å ikkje å sløse med tida, får eg assistenten til å søkje etter løysingar medan Aslak gjer seg klar til å vise oss spelet han har med seg. Bjørn fortel om spel han har spelt som er 18 års- grense på, og Aslak svarar han.

Aslak: *Du har ikkje godt av det*

Bjørn: *Eg har spilt spill fra andre verdenskrig på xbox 360*

Aslak: *Du har ikkje godt av sånne spill*

Bjørn fortel at han har spelt spel som han etter si alder, 14 år, ikkje har lov til å sjå. Aslak er nøyne med å presisere at Bjørn ikkje har godt av slike spel. Å overhalde og å respektere regelverk er noko Aslak synes vere opptatt av. Bjørn følgjer ikkje opp kommentaren frå Aslak om å ikkje ha godt av, han ser ut til respektere formaninga Aslak kjem med for denne gongen.

Det strategiske spelet Aslak har med heiter Red Alert III. Dialogen når me ser på spelet saman medan Alak spelar er lang, difor vel eg berre å ta nokre utdrag frå den. Aslak forklarar kva som inngår i spelet: ”*Det er eit spel som du kan velga å vere tre forskjellige... så kan du velja motstandarar..... no e eg Game commander..... no skal kommunistfolkena kjenna på da..... kom an .*”

Red Alert er eit sanntid-strategispel lansert i 1996. Hendingane i Red Alert foregår i ein alternativ versjon av andre verdskrig, der dei allierte vernar Europa mot den aggressive Sovjetunionen. Spelet kom først for pc, sidan for PlayStation. Red Alert foregår på 1950-talet og tek plass i ein alternativ røyndom, Albert Einstein har laga ei tidsmaskin og møter Adolf Hitler i 1923. Einstein fjerner Hitler frå historia for å unngå andre verdskrig, som konsekvens av at krigen ikkje finn stad veks Sovjetunionen under Josef Stalin og grip sjansen til å ta Europa. Landa i Europa allierer seg og krigen vert eit faktum (Wikipedia 2010). Red Alert er tilgjengeleg i fleire versjonar. Det første spelet er no gratis å laste ned. Red Alert vert av nettstaden [gamer.no](#) vurdert som eit av spelhistoriens mest vellukka seriær. Spelet kan spelast både for ein og for fleire spelarar samstundes (Froholt 2008).

Bjørn spør Aslak og viser til bilde på cover:

Bjørn: *De e jo damer?*

Aslak: *Inne på her så kan du velga kem du vil slåss mot då... mange forskjellige... det er berre sånn random*

Bjørn: *E de sånn at du kan være?....(avbrutt av Aslak)*

Aslak: *Da e sånn at du får ..... ein oppi her då (viser på skjerm) bygge opp ein base.... det er vanskeleg å forklare....når du ikkje ser da*

Bjørn: *Det som er så irriterende når eg spiller såinne spill, de e det at fetteren min han knusar meg hele tiden ...ja de e så irriterende.... eg klarar bare å ta han et få ...par ganger.....så tar han meg på alt.....med en sånn bazooka*

Bjørn viser stor interesse for spelet Aslak viser oss, han spør for å forstå kva det dreier seg om, kva persongalleri det er snakk om. Han fortel også at han spelar slike spel, så vert han knust av motspelaren. Dette spelet er tilrettelagt slik at ein kan både spele åleine eller saman med andre. Aslak har begynt spelet.... og snakkar med seg sjølv ”*Ka e da no....men.... no klikka da for meg altso*”.

Bjørn: *Kordan e spillet....ka e de som e meningen?*

Aslak: *Å knusa fienden med diverse supervåpen .... da e da som e meningen*

Bjørn: *Ka e de no du skal gjøre..... ken e du*

Aslak: *Eg e disse (peikar og viser)*

Bjørn : *De e bedre med sånn spill så du kan gå rundt og....*

Aslak: *Da har eg og*

Bjørn: *Det e litt irriterende*

Me ser vidare på spelet og Bjørn kommenterer:*Kem va det som døde?*

Aslak: *Han dar (viser)... han fekk kjenna da...eg har kje pengar eg må selje den dare....her er litt blod her*

(Latter frå oss andre)

Bjørn: *Han va kje så voldelig som eg trudde han va*

Aslak: *Eeeeh da e faktisk 16+*

Bjørn: *De e når det er 18 spill....de e liksom då action skjer....*

Aslak gjev oss ei kort innføring i kva Red Alert dreier seg om: å drepa fiender med supervåpen. Me ser på medan Aslak spelar og kommenterer det som skjer. Bjørn er aktiv og spørjande til meining og reglar i spelet. Aslak er engasjert og kjem med ein del utrop og utsegner, han viser sider ved seg sjølv som me ikkje tidlegare har sett. Bjørn samanliknar dette spelet med spel han har spelt og Aslak presiserer at han har spel av same typen. Aslaks engasjement fører til latter frå oss andre. Latter kjem når Aslak er så engasjert og ivrig, som me på samlingar før aldri har sett han. Bjørn briefar med å seie at spelet ikkje var så valdeleg som han trudde. Aslak presisere at det faktisk er 16 +. Aldersgrenser har vore eit tema, på fleire av samlingane. Bjørn har vore opptatt av å vise at han har sett filmar og spelt dataspel

som har 16 og 18 års aldersgrense. Aslak har på si side vore opptatt av å presisere at aldersgrenser er noko som skal overhaldast.

Aslak: *Kom igjen med den din elendige skadegnom .... dette er sånne som går inn i bilar og øydelegg dei... ( ) kom an då bring it on kom fram og dø*  
Bjørn: *kom fram og møt skjebnen!*

( Ein del snakk og tilrop knytt til spelet frå både Aslak og Bjørn)

Bjørn: *Er det sånn når det er vanlig og versus*

Aslak : *Ja... til spelet: å gud ta no den dare elendige roboten*

Bjørn: *Visst du ikkje e heldig no....så ødelegger du* ( avbrutt av Aslak)

Aslak: *Eg kan faktisk risikera å bli knust....det er eit spørsmål om penga...da e egentlig problemet... ahhh hit back*

Bjørn: *Du knuste no av basen*

Aslak: *Oj, fan*

Bjørn: *Ka e det?*

Aslak: *Nei! Ha ha ha,,,*

Bjørn: *Ka e det?*

Aslak: *Trur du ikkje dei med det dere giftgreina klara å skada seg sjøl?*

Inger Helen; *Korleis ligg du an Aslak?*

Aslak: *Dei brukte det hersens supervåpenet sitt*

Bjørn: *Ka e supervåpenet*

Aslak: *Ka da e? da gjer det totalt umulig å knusa dei på ei kort stund*

For oss som ser på er spelet spennande og engasjerande. Sjølv om det er Aslak som er den aktive spelaren, så kommenterer Bjørn spelet og følgjer aktivt med. Bjørn gjev også oppmuntrande ord som ” du knuste no av basen”, når det ikkje går Aslak sin veg. Ordskiftet som går føre seg dei imellom under speletida her er det som kan reknast som typisk for ungdommeleg dataspel.

Inger Helen:.. *Aslak,,,ein ting eg lurte på...kor lenge set du og spela...sånn som Red Alert?*  
Bjørn; *Red Alert det er faktisk en transformers som heter det*  
Aslak: *da kan gå tima... forskjellig frå gong til gong*

Aslak fortel av tidsbruk på spelet kan variere frå gong til gong, spelet kan ta timesvis. Eg stiller eit oppfølgingspørsmål om spelet litt seinare når Aslak heldt på å avslutte spelet om han spelar det åleine eller saman med andre. Aslak svarar at ”*Eg kan spilla det saman med andre òg, ja*”. Dataspelet fortel Aslak at han kan bruke timevis på, det varierer. Spelet kan spelast saman med andre, men av måten han svarar på, forstår eg at han helst spelar det åleine.

### *E da dette som e prosjektet ditt?*

Etter Red Alert III skal Bjørn leggja fram sin presentasjon. Me fekk vanskar med å kople opp kamera mot datamaskin, dette gjorde til at det var ein del uro. Når me til sist fekk me kopla opp kamera mot ein prosjektor, slik at me fekk sjå det på storskjerm, er lyden berre den som kom rett frå videokamera, det krev difor stor grad av konsentrasjon å lytte til den innspelte videoen. Konsentrasjonen om Bjørn fortelling vert difor dårlegare enn eg kunne ynskt. Straks Bjørns video startar, ser me at støttekontakten ”Martin” kjem heim til Bjørn på besøk og dei skal ut på fjelltur. Då kjem dette spørsmålet frå Aslak: ”*ka e prosjektet ditt då, e da detta?*”

Det kan vere fleire måtar å forstå Aslaks spørsmål på. Det kan vere meint som kritikk av typen er no dette noko å kome med då, eller det kan tolkast som eit ynskje om raskt å finna ut kva prosjektet til Bjørn er. Kva vil Bjørn fortelje og korleis kan Aslak finne ut av og forstå Bjørns presentasjon. Aslak har ei forventning av kva som skal skje, mellom anna ut frå kva Bjørn har sagt på andre samlingar at han skal vise, tildømes når han spelar Play Station. Bjørn innfrir ikkje forventningane til Aslak. Aslak er natig og ute etter å ta Bjørn. Underforstått i spørsmålet til Aslak ligg er no dette noko å presentera, det vert for kjedeleg for meg. Aslak virkar vidare litt uinteressert og spør om prisen på høgtalarane som me har kopla til datamaskina hans. ”*Kor mykje kostar det settet der? E kje det du so har kjøpt det inn?*” Då er det Bjørn som korrigerer han ved å seia: ”*det er mykje lettere visst... skulle ikkje vi høre etter?*”

Bjørn opptrer no på ein disiplinerande måte ”*høyr no etter du, det er det som er spelereglane her*”. I denne situasjonen der Bjørn sjølv er i fokus gjer han akkurat same type disiplinering som Aslak gjorde med han når Aslaks hadde si framføring. Rollene er bytt om og den yngste korrigerer den eldste. Bjørn veit kva som er venta i denne situasjonen og korrigerer difor Aslak. Det vanlege er å høyre etter når andre framfører, og visa seg interessert ( jfr. Sacks 1984 ). Bjørn gjer nøyaktig same korrigering som Aslak gjorde då Bjørn forstyrra hans framføring. Han kopierer Aslaks irrettesetting og framtoning. Bjørn ser ut til å forstå at hans status denne kvelden gjer at han kan uttrykka seg slik. I følgje Goffman (1992) kan ein person medvite uttrykkje seg på ein bestemt måte fordi situasjonen krev eit slikt uttrykk. På denne samlinga er det Bjørn tek styring i situasjonen, høfleg og bestemt, men meininga han er tydeleg; det er hans framføring og han har kontrollen (Goffman 1992 s.15- 19). Aslak på si

side svarer med å innfri desse forventningane, han opptrer slik der er venta av han i situasjonen. Aslak prøver først å auke lyden på videoen, han følgjer også med på videoen og viser at han er med på det som skjer når han spør Bjørn under vising av fjellturen ”*Kor lenge var det før de gjekk ned igjen?*” Når Bjørn så svarar ”*ikkje så lenge*” gjev Aslak respons med å gjespe høgt og tydeleg. Han er her først høfleg men sidan så markerer han tydeleg at dette vert for kjedeleg for han.

Dette ordskiftet finn stad etter sekvensen med fjelltur og Salhusvinskvetten nedanfor. Videoen viser Bjørn på kjøkkenet heime der han lagar til fuglefôr.

Aslak: *Skulle ikkje du spela noko slik at me fekk sett kva du dreiv med?*

Bjørn: *Ha?*

Aslak: *Ta opp eit eller ant? ... visa kva du driv med*

Bjørn: *Det e jo dette eg holder på med då... på fritiden*

Aslak: *Laga fuglefôr?*

Bjørn: *Ja då får vi se at de er ferdig*

(Latter først av kva som skjer på videoen så stille lenge mens me ser på, at fugleforet vert sett på kjøl og sidan vises i ferdig versjon )

Inger Helen: *der var dei ferdige ja*

Aslak: *å så har me berre juksa litt* (Ingrid Espelid imitasjon)

(latter)

Aslak reaksjon her ”*skulle ikkje du spela*”, kan forståast som ei forventning til kva som skal skje, og så vert denne forventninga ikkje innfridd. Bjørn forsvarar seg med at det han gjer trass alt er ein fritidsaktivitet. Aslak prøver seg med ein imitasjon på slutten av dette fugleforetema. Eg ser det som ein måte Aslak formidlar si meining om at dette var ikkje noko å vise fram. Måten han gjer det på er intrikat, han klarar både å seie at dette er latterleg og pinleg, sidan avvæpnar han det heile med ein imitasjon som får oss alle til å le. Aslak viser her at han taklar latterleggjeringas kunst. Utan høve til latterleggjering vil sosial åtferd stå i fære for å bli altfor rigid meiner Michael Billig (2005), praktisering av latterleggjering er ifølgje Billig naudsynt for å oppretthalde sosial orden (2005 s. 200).

### *Med Salhusvinskvetten i myra*

Eg kommenterer filmen der Bjørn og ”Martin” (støttekontakten) går over ei myr på veg til fjelltoppen som er målet for turen:

Inger Helen: *No må du ikkje tryna Bjørn*

Bjørn: *Du får høre...*

Det fører til latter når me høyrer at Martin seier ”Bjørn pass på at du ikkje ramla ner i myra her.”..

Bjørn: *det er fra en sang ”e da nåken som passar for meg”*

Inger Helen: *ja?*

Aslak: *he he skubde ho ikkje.....eg måste ho*

Bjørn: *de veit kor sleip ho mor kunne vera...*  
*(latter)*

Bjørn: *Møsste ho! (høgt)*

Stille ei stund medan me hører på videoen.

Bjørn: *eg har de fleste sangene*

Stille ei stund til medan me hører på videoen.

Bjørn: *de va og såg revyen i byn faktisk* (om Vinskvetten)

Inger Helen: *ja Vinskvetten har hatt fleire revyar*

Aslak: *og alle e lika dårlige* (flirer)

Bjørn kommenterer sekvensen med songen der sonen spør faren sin om det er sant at han skubba mor hans i myra og Bjørn forklarar kva song sitatet er frå. Bjørn har også på tidlegare samlingar vist at han er begeistra for Salhusvinskvetten, tildømes å krydra setningar med sitat frå dei og kommentere desse med at det er ” grådig morsomt” ( jfr. Salhusvinskvetten 2000).

Bjørn fortel kva songen heiter, Aslak følgjer opp fortellinga frå Bjørn med å går rett inn i teksten og ta de verseline som passar som oppfølgjar til det som me no ser og hører på videoen, i tillegg så imiterer Aslak måten det er sagt på i songen. Bjørn følgjer denne opp med neste verseline på ein imiterande måte. Sekvensen fører til latter frå oss alle og Bjørn vert ivrig og kjem med nok eit sitat. Salhusvinskvetten er kjend for begge og dei kan teksten ordrett. Salhusvinskvetten vert mykje sitert av både unge og eldre i området der dei to bur. Sitat frå Vinskvetten vert brukt i setningar som eit felleseige som alle kjenner til lokalt, på same vis som ”Grevinnen og Hovmesteren”, som alle ser på vetejulafta, nasjonalt. ”Grevinna og Hovmesteren” fører til dialogar som når den eine seier ” same procedure as last year, miss Sophie” svara den andre ” same procedure as every year, James”, det same gjeld for Vinskvetten sitat. Dette er ein måte å brukha felles opplevingar på som byggjeklossar i sosiale relasjonar. Utveksling av sitat byggjer bru. Me har ein felles kultur å føra ein samtale om, noko som fører til humor og latter. Sjølv om Aslak kan Vinskvetten-songane har han også behov for å distansere seg frå den begeistring Bjørn har for bandet. Dette gjer han ved å kommentere at alle revyane deira er like därlege og ved å flire. Han markerer på slikt vis kva han meiner om Bjørn si interesse.

### *Spirene til eige band*

Bjørn viser oss video frå avslutningskonserten på trommekurset han var med på. Først kommenterer han at mor og støttekontakt var og såg på, han fortel om dei andre som var med på kurset, før han går over til å fortelja som eigen bass- og trommespeling. Han fortel

engasjert om bassen han spelar på som var stor og tung å halda. Og så ser me han på video medan han sit bak trommene og spelar.

Bjørn: *Du kan jo se kor gal eg blir med trommer framfor meg ...skal vi starte et band du og eg? Få noen flere med... kanskje Christer vil? Han holder jo på med ....du vet ka eg menar*

Aslak: *Mm ...gitara og sånn*

Bjørn: *Kanskje Christer kunne vore med, han har sikkert en mening og dette.... skal vi starte et band du Aslak..? kanskje Christer kunne vært med, han spiller jo. Han kunne spille gitar, og sånt ..... eg trommer og du Aslak kunne synge du*

Aslak: *Nei*

Inger Helen: *Har du ide om eit band no eller?*

Bjørn: *Eg spiller trommer eg*

Inger Helen: *Og Christer på bass/gitar? ...og Aslak han syng? Eg hadde komt på konserten.*

(Latter)

Hege: *eg og*

Aslak: *da hadde vore forferdeleg...*

Det er under videoen frå denne konserten at Bjørn får ideen til at han og Aslak, og nokon andre som tildømes Christer kan starte eit band. Bjørn har ein klar invitasjon til Aslak. Bjørn inviterer Aslak til ein felles aktivitet, sjølv om han ikkje har nokon kunnskap i det heile om Aslaks kompetanse til å spele eller å syngje. Han inviterer fordi han har lyst til å ha Aslak med. Bjørn har ein idé til at dei tre kan halda fram å møtast, men då som eit band. Det ser ut som Aslak vurderer situasjonen først, så tenkjer han seg om ein gong til og kjem fram til at det ikkje er ein god idé. Bjørn er ivrig og inviterande når han snakkar. Aslak svarar i utgangspunktet ikkje kontant nei til invitasjonen, han ser at Christer og Bjørn har interesser som kan koplast til noko felles. Bjørn heldt fram med å spinna på ideen sin. Eg og assistenten følgjer opp forslaget frå Bjørn og tilbyr oss å koma når dei heldt konsert. Aslak svarar først nei, etter nokre kommentarar frå oss kjem det kontant: ”*da hadde vore forferdeleg...*”

Bjørn koplar kunnskapen frå sist samling, då Christer viste oss si store gitarinteresse og med eige trommekurs og at han er god på rytme. Bjørn har her ein idé om eit felles band.

Det kan vere ulike årsaker til at Aslak avviser forslaget, han utdüber ikkje svaret sitt. Bjørn følgjer heller ikkje opp *forferdeleg-* utsegna til Aslak, men er no opptatt av det som skjer vidare på videoen.

Vidare på videoen byter han mellom å spela trommer og bassgitar. Seinare ser me at han på ny spelar trommer. Eg kommenterer at han har ”*god rytme*”. Bjørn svarar at ”*ja det har eg jo alltid hatt det*”. Bjørn er tydeleg stolt av kompetansen han har på trommer.

## Transformers og transformers tevling

Neste bilet viser Bjørn heime der han sit med Transformersfigurane sine. Videofilmen er litt mørk og Bjørn forklarar difor kva han gjer og kva type Transformers han heldt på med.

Bjørn: *Skids det er en miniversjon av Skids... eg har veldig lyst på en miniversjon av Mudflap og...det er berre å trykke litt på kanten ...dette er sånn som ungdommen liker det der*

Inger Helen: *Kor mange såinne Transformers har du?*

Bjørn: *Ni*

Inger Helen: *Ni?*

Aslak: *Ni berre ni eg har no sykt mange fleire eg har jo ti stykke minst*

Bjørn: *Med den nye då får eg ti*

Inger Helen: *Ein meir?*

Aslak: *Eg samla jo på da*

Bjørn: *Eg har ti med den eg får på julafuten*

Aslak; *Kem e da då?*

Bjørn: *eg huskar ikkje ...den e fra den første filmen...han e kje sånn farge heller ...eg sa jo det*

Aslak kommenterer det som er på filmen

Aslak; *Her e den sinnsvakt dyre miksmasterbilen....den dare miksebilen .....sånn tankbil .*

Aslak kommenterer neste figur: *E da dar Knikknikster?*

Bjørn: *Nei det der er Heavyload*

Aslak: *Å den dare e ...skal eg ha meg skal kjøpa han idag*

Bjørn: *eg har faktisk en sånn der Mixmaster fra Transformers 2*

Inger Helen: *heite den Mixmaster?*

Bjørn: *ja faktisk .....han e jo en betongbil*

Aslak; *e da Skids?*

Inger Helen: *Ka kan du laga dei om til då?*

Bjørn: *robot ...du får se (på filmen)*

Me ser på film at Bjørn gjer om ein bil til ein robot

Bjørn: *han der skal egentlig være i sånn spygrønn farge .....det der er en annen versjon av han.....der transformerer eg ...det er Wheelie*

Inger Helen: *driv du også med sånn...*

Aslak; *ja eg har nåken såinne pittesmå...fekk nåken ein gong* (viser storleik)

Bjørn: *det er tre stykker eg har som er små.*

Me ser på skjermen kva han gjer, Bjørn seier: *no holder eg på å transformere.....e kje det kult?*

Bjørn brukar eit Kristian Valen uttrykk frå Frokost-TV parodien hans,når han set ord på Transformers aktiviteten ”*sånn som ungdommen liker*” (jfr.Valen 2010). Bjørn nyttar humor for å fortella at Transformersinteressa deler han med ungdommar flest. Innan Transformers er det ein stor mengde ulike figurar. Skids, seinare i serien kalla Skid-Z er namnet på fire karakterar i Transformers Universet (Wikipedia 2011). Aslak følgjer opp med sin kunnskap og kommenterer kva han har og kva han kjenner til av desse figurane. Dei to diskuterer figurar og finn kvarandre utfrå felles interesse for Transformers. Aslak syner ei slags

markering ved å nemne at han skal kjøpe seg ein av desse figurane Bjørn har og som Aslak manglar, same kveld. Tevlinga denne gongen om kven som har flest figurar, er mykje lik tevlinga på den andre samling med playmo og lego. Det er uvisst for meg om Aslak har ti figurar eller om han ikkje har eit konkret tal for kor mange han har. ”Sykt mange fleir og ”ti stykke minst” samsvarer ikkje.

Gutane heldt fram med å snakka om kva eigenskapar desse figurane har.

Bjørn: *Mixmaster fra Transformers 2 han kan gjøre det om til ein sånn slags skyte base han som Jetfire knuste*

Aslak: *Han dare borredyret?*

Bjørn: *Nei ikkje borredyret...Mixmaster...du vet då kem det er?*

Aslak: *Ka ant so e nytt?*

Bjørn: *Det jo betongbilen!*

Aslak; *Betongbilen ja greitt ...det er ei stund sidan eg har sjekka*

Fram til denne ordvekslinga ovanfor har Aslak vist seg som vel så kompetent om ikkje meir kompetent enn Bjørn på Transformers. Her skjer det ein snunad der Bjørn viser at han har meir kompetanse. Balansen mellom dei er endra og Aslak reddar andlet ved å kommentere ”ka ant som e nytt”. Bjørn virkar lettare overgitt over at Aslak ikkje veit at det er betongbilen han meiner, og syner ingen teikn på å redde Aslak frå denne situasjonen. Aslak unnskylder seg igjen ved å seie ” de e grett, det er ei stund sidan eg sjekka”. Det er hans måte å dekkje over manglar ved det inntrykket han søker å gje av seg sjølv som Tranformerskompetent (jfr. Goffman 1992 s. 47). Bjørn fortset med ein annan Transformersfigur etter dette ordskiftet.

Bjørn. *Der har vi han Wheelie han e fra Transformers to han og ....han e grådig morsom han banner ...nåke så kollosalt....iallefall i begynnelsen*

Bjørn: *Eg kan bare transformere han en gang*

Hege: *E det vanskelig å få han tilbake*

Bjørn: *nei visst du kan det...visst du kan det utenat så e kje det vanskelig*

Hege: *må du øve deg eller?*

Bjørn: *nei eg kan bare se på instruksjonen fra robot til bil og tilbake igjen ...og så kan eg det utenatt...*

Å transformere er ikkje vanskeleg om du kan det, seier Bjørn. Han følgjer berre instruksjonen. Bjørn fortel her at han er god til å transformere, etter eit forsøk så klarar han det utanatt. Etter å ha sett filmane ser eg at dette er ganske avanserte pusleoppgåver, der ein lastebil blir til robot og motsett (sjå Bay 2007; Bay 2009). Bjørn viser seg her som kompetent på det å transformere.

## *Familie, innleining og forventning*

Bjørn fortel at han er på besøk i helgene hjå systra si og hjå bestemora si, men grunna kluss med videokamera fekk han ikkje filma dette. Aslak stiller eit oppfølgingsspørsmål.

Aslak: *kor mange e de? ... har du tre, fira søster eller?*

Bjørn: *eg har bare en søster også to brødre som eg aldri har møtt Aslak. Å?*

Bjørn: *Same som min far... har aldri møtt han.*

Aslak: *Dumt...då må jo du få i stand ein liten familiesamenkomst*

Bjørn: *What?*

Aslak: *Ein liten familiesamenkomst, samling*

Bjørn: *E du sikker på det? At det e lurt? (pause)*

Aslak spør og viser interesse for familien til Bjørn. Han finn det rart og dumt at Bjørn ikkje har kontakt med eigen far og eigne brør. Difor foreslår han ein familiesamankomst. Forslaget fell ikkje i god jord hjå Bjørn, han kjem med eit høglytt "What?" til svar. Aslak tek opp att forslaget sitt og i neste omgang modererer Bjørn svaret sitt noko. Det verkar som Aslak tykkjer det er rart at Bjørn ikkje har kontakt med brødre og far, han seier det er dumt og kjem med sitt forslag til løysing, ein familesamankomst.

På første samling når me snakka om kva som var negativt med å ha Asperger-syndrom var det Aslak som sa at " *sånne familiesamlingar er vanskeleg* ". Utsegna hans den gongen sett i i perspektiv til kva han no seier, er interessant. I denne situasjonen som no oppstår er det Aslak som foreslår for Bjørn at ein familiesamankomst hadde vore på sin plass. Aslak tek her utgangspunkt i det vanlege og det er å ha kontakt med søsken og foreldre ( jfr.Sacks 1984) sjølv om det som han sjølv opplever familiesamlingar som vanskelege. Han kjem så med eit velmeinande forslag til løysingar. Aslak viser innleining når han seier dette er dumt at Bjørn ikkje har kontakt med far og brødre. Bjørn reagerer i første omgang litt skarpt og bestemt på Aslaks forslag med eit "What?", men modererer seg sidan. Samtalen om familie sluttar etter ein pause og dei konsenterer seg om kva som skjer vidare på filmen.

## *Eg heldt på med mykje da sama*

Det er tid for oppsummering og spørsmål til Bjørn om hans framføring og eg spør kan kvifor han har valt å ta video:

Bjørn; *det var bare for å vise ka eg gjorde med Martin...og at eg va med Martin*

Inger Helen: *det å gå på fjelltur er det sånne ting du gjer med Martin ?*

Bjørn: *ja eller på tirsdag då skal vi gå og bade, i bassenget.*

Aslak: *så lagde han fuglefor*

Ih: *ja så laga du fuglefor*

Bjørn: *fuglemaf*

Inger Helen: *og så har du fortalt at du er på besøk hos søstre di og mormor i helgene, og så at du har vore på rockekurs og vist at du er god på trommer*

Bjørn: *Og så e eg på det andre greiene og*

Inger Helen: *helgetur gjengen?*

Bjørn: *ja helgeturgjengen ....*

Bjørn er den av dei tre som snakkar om tilrettelagt fritid i framføringa si, han har ikkje eit skilje mellom fri tid og tilrettelagd fritid slik dei to andre har. Bjørn presenterer støttekontakten som ein sjølvsagt del av si fritid. Støttekontakten til Bjørn ser ut til å vere ein stabil og naturleg del av livet hans. Turgjengen han er med i kjem han på under oppsummering av fritida. Andre som har forska å på funksjonshemma har vist at dei tek den hjelpa dei får for gitt og som varig, og at dei med denne hjelpa kan når dei mål dei set seg (Gustavsson 1998; Kittelsaa 2008).

Eg spør Aslak om kva han tenkte på når han høyрte på Bjørn si framføring:

Aslak: *Eg heldt på med mykje da samma*

Inger Helen: *Mykje det same?*

Aslak: *Eg stille opp eg og*

Det Aslak gjer er å samanlikne det dei to har til felles, dei driv med mykje det same. Playmo- og Transformersinteressa har dei felles og samling av figurar i ulike seriар. Å stilla opp figurane dei har anten det er Transformers eller innan playmo er det Aslak ser som felles. I Aslaks *mykje det same* ligg det også ein aksept for Bjørn også har ei ok fritid.

Transformers blir neste emne når eg nemner det med antallet dei to har.

Inger Helen: *Også har Bjørn ni transformers og du har ti?*

Aslak: *Ti? eg har sikkert tjue*

Bjørn: *What? Eg får en te jul*

Aslak: *Eg har fått nokon av andre og*

Bjørn: *Ka slags Transformers har du fra filmene?*

Aslak: *Nei sånne gale figurar som du kunne kjøpa før*

Bjørn: *Faktisk så har de Transformers greier med Hopemess prime med at du han få tak i han som var i 2007....og sånn som han var i eldre tider*

Aslak: *Da svir*

Inger Helen: *Ka tenkje du med at da svir?*

Aslak: *Da e kjempedyrt...orginalane i , dei G1 og G2 i den første serien dei er sikkert ikkje tilgjengelige....der er mange vanvittige og ein sånn kanonbil*

Bjørn: *Kanonbil*

Aslak: *Sånn dare lastebil berre det er kanon bakpå....og så e da masse tanks `a*

Bjørn: *Ka med Megatron sin då, D1 ? Han kan bli om til en tanks*

Aslak: *Ja han kan bli om til tanks*

Aslak fortel om dei Transformersfigurane han har ”*det er tre forskjellige sortar... den eine er ikkje å få fatt i i Norge i heile tatt... må te England*” . Aslak fortel at han har dei Transformersfigurar som kunne kjøpast før, inneforstått dei meir eksklusive. G1 er ei forkorting for Generation1 den første serien av Transformersfigurar, produsert frå 1984-1991. G2 er tilsvarende forkorting for Generation 2 (Wikipedia 2011). Aslak poengterer at desse figurane er dyre eller som han seier ”det svir”. Han fortel seinare at den eine må ein til England for å skaffe. Det kan sjå ut som om Aslak kjenner behov for å presisere at dei figurane han har, ikkje er av kva som helst type, det er dei eksklusive veteranfigurane og dimed også dei dyraste.

### *Avsluttande ord*

Den klare og tydelege invitasjonen Bjørn kjem med til å starte band er det som er mest slåande for meg i denne samlinga. Han ynskjer vidare kontakt med dei to andre med utgangspunkt i ein felles aktivitet, eit eige band.

Bjørn har ei annleis framføring enn dei to andre. Han har i motsetnad til dei to andre ikkje presentert ei interesse som hovudinteressa si. Han har mange interesser som han viser oss. Han har med to tilrettelagde aktivitetar han er med på og nemner ei til, i si oppsummering. Dei to andre har i sine framføringar hatt fokus på kva dei nyttar den frie tida si til.

Det er i Transformers sekvensen, i sekvensen der Aslak spelar Red Alert og i filmdiskusjonen at stemninga er høgast. Det er i desse situasjonane at Aslak og Bjørn finn kvarandre. Transformer-universet er stort og uoversikleg, men dei to har oversikt og klarar å plassere dei ulike Transformersfigurane i kva tidsepokar og i kva filmar dei høyrer heime i. Dataspelet fengjer begge og dei bidrag med kunnskap om andre spel, og med begeistra tilrop under kampen.

Aslak er på denne samlinga mindre forsiktig og syner nye sider av seg sjølv. Han viser at han kan imitere, og imitasjonane hans fører til latter frå oss andre. Innan dataspel viser han stor innleiving og kjem med høglytte utrop. Aslak evnar både å latterleggjer Bjørns framsyning, når hans synes det Bjørn kjem med vert uinteressant. Samstundes kan Aslak i ein annan samanheng, Bjørns manglande kontakt med far og brødre, syne stor innleiving i Bjørns familieforhold. Han kjem då med med velmeinande framlegg til løysing. Samstundes som

Aslak denne samlinga driv med erting, er natig, latterlegjer og er ute etter Bjørn, så  
anerkjenner Aslak Bjørn med å kommentere at dei på fritida driv mykje med det same.

## Kapittel 7: Fritid: ei skattekiste for unge med Asperger-syndrom?

### *Innleiande ord*

Eg hadde før eg sette i gang med forskingsprosjektet, ein idé om at fritida var ei vanskeleg tid for unge med Asperger-syndrom, men har vorte gledeleg overraska over korleis dei presenterer si fritid.

I analysen har eg kategorisert dei tre unge si fritid i dyrebar og kostbar fritid. Kategorien kostbar skildrar den økonomiske prioritet som fritidinteressene deira har. Det vil sei den økonomiske prioriteringa dei tre unge gjer innanfor dei økonomiske midlane dei har til rådvelde. Kategorien dyrebar kjem av at dei tre unge brukar mykje tid og plass på sine fritidsaktivitetar, og gjennom dette viser kor dyrebare interessene er for dei. Begge kategoriane speglar den statusen interessene har.

I kapittelet vil eg ta med korleis menneske med Asperger sine interesser vert skilda i fagbøker og sjå på fenomenet fritid. Eg vil også sjå på korleis organiserte fritidsaktivitetar for unge og for funksjonshemma spesielt, vert omtala og forstått. Eg vil sjå på emnet organiserte fritidsaktivitetar og inkludering av funksjonshemma, og på nyttig fritid.

Femte samling med dei tre unge var ei analysesamling. I dette kapitelet tek eg med det som har relevans frå denne samlinga knytt til fritid.

### *Kostbar fritid som status*

Prissetting, å gje ting status. Status er viktig og status og pengebruk heng saman. Eg startar med ei fortelling som illustrerer koplingen mellom fritid og status. Säfvenbom (2005) skriv om prosjektet *Offside 2000* i Bærum som skulle gje tilbod til dei unge som ikkje var rekrytert til det tradisjonelle idrettstilbodet. Ein av ungdomane som ikkje tok del i tilbodet grunngav det slik: ”*det var ikke særlig kult å ta imot tilbud fra Frelsesarmeens*”. Ei av sidene ved dette tilbodet, var at det var gratis og for alle. Dette gjorde tilbodet lite attraktivt. Tilbodet gav ikkje status i dei unges identitetsprosjekt, konkluderer Säfvenbom med (2005 s. 61). Å vere

avhengig av Frelsesarmeen var ikke det bilete dei ynskte gje ( jfr. Goffman 1992 s. 13). Å gje uttrykk for å bruke mykje pengar på fritid er å gje eigne interesser status. Ungdomane som var aktuelle for *Offside 2000* prioriterte tildømes heller å nytta tida til fritidsjobb, for å ha råd til dei fritidsaktivitetar som kosta pengar og dimed gav status (Sæfvenbom 2005 s. 62). Det som er viktig for oss brukar me pengar på. Samstundes kan det tenkjast at det å vise at ein brukar pengar på fritidsaktivitetane sine er ein måte å visa fram for andre kor viktige dei er. Det er det inntrykket av si fritid ein vil at andre skal ta på alvor ( jfr. Goffman 1992 s. 24).

Alle tre unge fortel om at fritidsaktivitetane og -interessene dei har kostar pengar. ”*Det svir*” seier Aslak som eit uttrykk for at det er dyrt. Å brukar pengar på fritid, kan på den eine sida kan vere ein måte å verdisetja fritida på. Det ligg skryt i utsagnet, på denne måten viser Aslak at å brukar pengar på interessene er eit medvite val. Utsagnet fortel at Aslak gjev fritidsinteressene sine status. Det som svir har verdi for han. Christer på si side gjer det ”uhøyre”, han bruker heile stipendet på gitar og forsterkar. Han nyttar alle dei pengane han har tilrådvelde på interessa si. Ein måte å visa kor mykje fritidsinteressene betyr er målt i den monetære verdien, pengar brukt til det som er viktig. Ein annan måte er å gje det verdi gjennom den plass og den tid fritidakтивitetane tek. Gutane prioriterer det dei har tilrådvelde av pengar i fritida, fritida er såleis kostbar for dei.

### *Dyrebar fritid, plass og tid*

Kategorien dyrebar fritid med underkategoriane plass og tid er mi analytiske systematisering, som følgje av korleis dei tre unge har presentert si eiga fritid. Aktivitetane dei driv med på fritida kan kategoriserast slik: Dei tek mykje plass og dei tek mykje tid. Det igjen tyder at dei betyr mykje og er dyrebare.

#### *Plass*

På spørsmål til Aslak om kva som er felles for hans og Christer si fritid er dette svaret: ”*masse ting som tar plass*”. Medan to andre bur åleine, og brukar den plass dei har, må Bjørn forhalde seg til andre og ta omsyn til familiemedlemer i bruk av areal. Då me tek opp at dei to andre prioriterer fritidssyslane sine med på gje dei mykje plass seier han: ”Nei eg brukar bare rommet mitt, eg”. Han som dei to andre brukar den plassen han har tilrådvelde.

Svaret Aslak gjev på likskap mellom hans og Christers fritid: ” masse ting som tar plass”, kan me forstå på ulike måtar. Ein måte kan vere innanfor ei klinisk forståing av Asperger-syndrom, der kategorieegenskapar og bokstavlege språkforståing er eit teikn på og ei stadfesting av diagnose ( jfr.Helverschou, Hjelle et al. 2007 s. 241)

Ein annan måte å tolke hans svar på kan vere at Aslak verdiset fritidsaktivitet, ut frå kor mykje plass den tek både hjå han og hjå Christer. Christer definerer situasjonen for oss, og Aslak tek på alvor og svarar i samsvar med Christers framføring og kulisser ( jfr.Goffman 1992 s. 24-28). Begge gjev ved denne måten for å vise fritidsinteressene på, inntrykk av ei prioritering. Mykje plass = viktig. Det er det inntrykket Christer vil gje oss og det avtrykket han gjev som Aslak set namn på. Å ta fysisk plass i husværet er og å ta stor fysisk plass i livet.

### Tid

Christer fortel i si framføring om favorittbandet Lynard Skynard: ” *dei har eg brukt dagevis til å finna ut om..* ” Han fortel om stor tidsbruk, konsentrasjon og kompetanse. Christer har prioritert tid og krefter på å innhente informasjon og opparbeide seg kunnskap om sine musikkeltar.

Eit av dei kliniske kriteria på Asperger-syndrom er at ein har innlærte fakta utan djupare mening (Gillberg 1998 s. 20). Christer fortel engasjert og skildar band-medlemene og historiane om dei levande og spennande. Fortellinga hans fører både til latter og engasjement frå oss andre. Christers fortellingar om favorittbanda sine er noko meir enn innlærte fakta. Christer fortel og tydeleg om kva tid og tid fritidsinteressa har når han seier ”*For meg e da musikk heile dagen* ”.

Aslak fortel at å bygge ein Star Wars romskip tek minst to til tre dagar. Bjørn viser sin kunnskap innan Transformers universet, om alle dei mange transformersfigurane, det fortel at han har brukt mykje tid på å opparbeida seg kompetanse om denne fritidsinteressa.

I framføring til Aslak og Christer presenterer dei fri tid. Denne tida står i motsetnad til tilrettelagde tenester i heim, skule, arbeid og fritid. Denne tida er ikkje er aktivisert av andre. Fritida fyller dei med innhald og dei vel sjølv innhaldet. Innhaldet er basert på deira interesser og dei brukar tid og plass fordi desse interessene er dyrebare for dei. Bjørn presenterer også

organiserte og tilrettelagde fritidsaktivitetar. Men når der verkeleg ”tek av” i hans framføring er tema innhald i handlar den frie tida som dataspel, transformers eller Vinskvetten.

Eit av forskingsspørsmåla mine var kva fritid *betyr* for dei. Alt i alt betyr fritidsaktivitetane mykje. Christer er den som seier dette klårt når eg spør han kva gitarinteressa betyr: ”*Det betyr alt. Kunne ikkje tenkt meg uten ...so da at ...nåke av det viktigaste for meg i livet*”. Ved å seie *det betyr alt* verdiset Christer fritidsinteresssa si. Utsegna kan på eitt vis tolkast som ei overdriving, på ein annan vis, her seier Christer her er at fritidsaktivitetene er noko som betyr mykje i livet hans. Han fortel oss andre kor dyrebar gitarinteressa er. For dei er aktivitetane dyrebare og ikkje meir kostbare enn at dei følgjer interessene sine. Eg sit difor att med ei opplevinga av at fritid er ei rik tid for dei, ei skattekiste.

### *Sære eller særlege interesser?*

Den medisinske forståinga av Asperger-syndrom peikar på at menneske med Asperger-syndrom har det som vert kalla særinteresser eller spesielle interesseområde (Gillberg 1998; Winter-Messiers 2007; Attwood 2008; Kaland 2010). Eit av diagnosekriteria for Asperger-syndrom er ”begrenset, stereotyp, repetivt repertoar av interesser og aktiviteter” (WHO 2010). Eit av trekka som skiljer mellom ein hobby og ei særinteresse i klinisk forstand er ifylgje Attwood ein abnorm grad av intensitet ellet fokuseringa på interessa (Attwood 2008 s.216). Den medisinske oppfattinga av Asperger-syndrom kan ein seie fråtek i stor grad menneske med syndromet å ha fritidsinteresser.

Normalitet er ikkje naturgitt, men konstruert av bestemte krefter til bestemte føremål (Solvang 2006 s. 171). Ei diagnose kan avgjere om åtferda er avvikande eller ikkje. Slik kan ei ”altoppslukande” fritidsinteresse hjå eit menneske bli sett på som normalt og fasinerande. Medan eit anna menneske med ein like ”altoppslukande fritidsinteresse” og med diagnosen Asperger-syndrom *i tillegg*, vert interessa sett på som eit avvik og som ei stadfesting av diagnosen. Avvik er ikkje naturgitt men konstruert skriv Skog (2006). Kven som utfører handlinga er avgjerande for om den kan kallast avvikande eller ikkje (Skog 2006 s. 30) Sosiale avvik kan med få unnatak oppfattast som reindyrka sosiale konstruksjonar (Skog 2006 s. 22).

Ut frå kva diskurs ein legg til grunn ( jfr. Solvang 2000) vert det å spele på alle seks gitarane kvar dag eller det å samle på gitarar og forsterkarar, ulikt forstått og forklart. Innanfor normalitets- og avviksdiskursen kan gitar og samle på gitar og forsterkar, bli sett på som ei stadfesting av avviket, det vil sei diagnosen Asperger-syndrom, og bli definert som ei særinteresse.

*Oss og dei andre diskursen* opnar for ein annan måte å forstå Christers gitarinteresse på, ikkje som eit avvik men som spanande og annleis. Christers gitarinteresse vert innanfor denne diskursen ein verdifull og viktig ulikskap. Det kan vere at det nettopp er det at Christers har Asperger-syndrom som gjer at han har den evne og konsentrasjon som trengs for å utvikla sitt talent. Det å sjå på det som ein spanande ulikskap gjev eit anna perspektiv, då vert variasjon og det som skil oss frå dei andre verdsett. Sett i eit slikt perspektiv nyttegjer Christer seg av ulikskapen sin til det positive. Det er dei positive kvalitetane ved å ha Asperger-syndrom som kan forklare at han er vorte så god på gitar og kan dyrka si interesse på ein så intens måte. I lys av oss og dei andre diskursen vert ikkje gitarinteressa til Christer sær men særleg.

Innanfor faglitteraturen finst det også døme på at kvalitetar ved å ha syndromet vert positivt vinkla. Hans Asperger ”oppdagaren” av Asperger-syndrom, hadde eit positivt syn på ”særinteressene” og meinte dei evner som kom til uttrykk var ei særleg gave. Han meinte det var viktig med ein streif av autisme for å få suksess innanfor kunst og vitskap (Attwood 2008 s. 249). Gillberg (1998) viser til at framståande personar innan kulturelle og vitskaplege områder har hatt Asperger-syndrom, og at historiske framsteg på mange områder er gjort av personar med Asperger-syndrom. Med si hylling av verdskjende menneske med Asperger-syndrom, slik som til dømes den eksentriske filosofen og matematikaren Ludwig Wittgenstein, tek også Gillberg til orde for feiring av ulikskapen ( jfr.Solvang 2000).

Dei tre ungdomane eg har snakka med synes ikkje å ha interesser som kan kallast eksentriske eller serleg uvanlege. Dei er intense og ber preg av kompetanse, deira interesser på fritid er det eg vil kalla for særlege. Dei tre har ikkje berre ei, men fleire interesser. Slik som Aslak når eg spør han om han har vist oss hovudtrekka ved si fritid: *”ja med det er ein skog med andre ting og”*. Desse tre unge presenterer varierte fritidsinteresser, ikkje særleg eller uvanlege interesser som faglitteraturen fortel om ( jfr. Winter-Messiers 2007; Attwood 2008 ).

## *Fritid som fenomen*

Rojek (2010) peika på at orda fridom og fritid for vel to hundre år sidan kom til å bli ubehjelpeleg samansmelta ( s. 1-2). Han skildrar korleis fritid vert presentert som den frie tida der samfunnet samstundes set krav til deg at du skal forvalte den slik at du kvalifiserere deg for det øvrige liv. Fritid er løna me får for å arbeida, det er nøkkelkomponenten i det me kallar arbeidslivsbalanse, fritid er formueaktiva for samfunnet. Fritid reduserer kriminalitet, det aukar gjensidig forståing, det er løyndomen bak eit sunt sinn og ein sunn kropp. Fritid er med andre ord det menneske forbind med det gode liv. Anten det er som Bjørn snakkar om ”*å slappe av, å gjøre ingenting eller å gå på fjelltur*”. Så er alle desse fritidsaktivitetane bunde til det gode liv og til å dyktiggjere seg i livets skule, og gjere seg sjølv meir kompetent, relevant og truverdig. Fritid er ein skule for livet for å halda seg kompetent, relevant og truverdig (Rojek 2010 s. 189).

Det me driv med på fritida fortel kven me er, kva me heldt for verdifullt og korleis me gjer ein forskjell. Fritid er staden der det er råd for oss å bli oppdaga som kompetente, ansvarlege og relevante aktørar i overfloden av sosiale, kulturelle og økonomiske situasjonar som me møter. Du har fri etter endt skule/arbeidsdag men ikkje fridom til å disponera den slik du vil. Fritida avheng av økonomi det vil seie kva arbeid du har, det reflekterer klasse, kjønn, etnisitet, utdanning og helse. Du er fri til å velje men vala du gjer er kontekstualisert utfrå kor du er plassert i høve til din tilgang og posisjon til økonomiske, kulturelle, sosiale og politiske ressursar (Rojek 2010 s. 3-5). Rojek ser fritida som eit arbeid, det krev evig emosjonell intelligens og arbeidsinnsats. Rojek seier me i diskusjonen om fritid må spørja oss desse spørsmåla fridom frå kva og frå kven (Rojek 2010 s. 1)?

Fritid har tette band til identitet. Å vere ein del av ein livsstil kan gje opplevelingar av felleskap og erkjenning. Medan identitetsskapninga tidlegare vart bestemt ut frå familie, bustad og klasse, vert den i dag skildra som eit langt meir individuelt og refleksivt prosjekt Frå eit strukturelt perspektiv står ungdomen under sterkt og disiplinerande press gjennom utdanningsinstitusjonar, media og dei krav som vert stilt frå eit arbeidsliv i rask endring (Sandvin 2008 s. 71-72). På analysesamlinga presenterer Aslak seg som ”*playmomannen*”, medan Bjørn seier han godt kunne tenkt seg å vore litt sånn ”*robotaktig*”. Aktivitetar dei fyller fritida med er knytt saman med identitet.

Ceila Brackenrigde mfl (2000) set fritid inn i samanheng med sosial rettferd og sosial ekslusjon og identitet, dei hevdar det er stor forskjell på lik rett til og like høve til fritid og fritidsopplevelingar. Om fritida skal vere for alle må den vere ideologisk fundamentert slik som lik rett til utdanning det må finnast ein ”justice of leisure”(2000 s. 30) Fritid inneheldt barrierer som definerer kven som kan ta del og ikkje. Økonomi er ei slik barriere. Hennar argumentasjon slik at fritid i dag både ber preg av sosial eksklusjon. Eit stort spørsmål eg ikkje kan gå inn på her er korleis ein slik rett til rettvis fritid skal og kan realiserast. Dei unge eg har møtt presenterer den frie tida som si fritid, og det er den tida dei helst føretrekk å vere åleine. Den fører oss over frå fritid som fenomen på samfunnsnivå til fritid som fenomen på individnivå.

Sett frå eit individnivå kan ein seie at dei tre unge har flytopplevelingar og gjev uttrykk for å vere nøgd med fritida si. Innan psykologien har opplevd fritid vore assosiert med mentale tilstandar og ord som livskvalitet, motivasjon, tilfredshet og flyt (Säfvenbom 2005 s. 33). Den amerikanske psykologen Mihaly Csikszentmihalyi skildrar flyt som det genuine i fritid. Han har nytta store delar av sitt arbeidsliv til fokus på positiv psykologi og det gode liv. Han utvikla teorien om flyt (engelsk flow) ein sinnstilstand der mennesket er så opptatt av kva dei gjer at ingenting anna tykkjest å bety noko, ei så optimal oppleveling at ingenting anna er viktig, ein gløymer tid og stad og er i eitt med aktiviteten. Det handlar om å kjensla av herrevelde over eige livsinnhald, om det me kallar lukke (Csikszentmihalyi 1990 s.19- 20). Csikszentmihalyi understrekar at flyt er ein tilstand som ikkje er reservert ein rik elite, men er tilgjengeleg for alle. Flyt handlar om kontroll over medvitet (s. 23).

Flyt er den optimale tilstanden mellom oppfatta kompetanse og utfordring. I ein tilstand av flyt gløymer ein omgjevnadane og er i eitt med aktiviteten. Christer skildrar flyt tilstanden når han fortel at tida fyk medan han spelar gitar: ”ja... og når eg tek fram ein gitar berre for å prøva å spela... så er kl. to og så ser eg på klokka og så er ho obs! blitt seks”. Eller som Aslak seier når eg spør han om tidsbruk og dataspel: ”det kan gå timavis”.

På samlingane snakkar Aslak og Bjørn om at dataspel og TV –spel kan føre til at det kan gå timesvis før dei får sukk for seg. Dei skildrar her situasjonar der *flytopplevelinga* kjem som følgje av dei aktivitetar dei driv med. Å vere langt inne i det strategiske spelet Red Alert 3 når det *går timevis* er noko Aslak meistrar og ein tilstand der hans kompetanse og dei utfordringar spelet gjev er perfekt balansert ( jfr.Csikszentmihalyi 1974 ).

Csikszentmihalyi skildar flyt som det optimale i fritida: ”Me opplever ein tilstand av kontinuerleg flyt der me sit med full kontroll. I denne tilstanden er me ein aktiv del av våre omgjevnader. I tilstanden er det liten avstand mellom handling og respons, og tid vert uvesentleg avdi fortid, notid og framtid smeltar saman (Csikszentmihalyi 1974 s. 43, mi omsetjing). Dei tre unge skildar aktivitetar der det *går timesvis*, og det dei er det me kan kalla ”oppslukt” i sine aktivitetar. Klokketid er erstatta med immanent tid, den tida ein er i ei oppleving.

Rojeks posisjon om fritid som ein skule for livet, ser me att i til dømes nyttetiltak for funksjonshemma på fritid (Rojek 2010 s 189). Fritid som den frie tida vert erstatta med nyttige tiltak som kan betre psykisk helse, sosial kompetanse og sjølvkjensle (til dømes Gilligan 1999; Kaland 2010). Forskarar på Asperger syndrom peikar mellom anna på at særinteressene som menneske med Asperger syndrom har betrar deira dugleik på området som kommunikasjon, kjensler, sensitivitet og finmotorikk (Winter-Messiers 2007). Fritid vert som tran, det er ikkje godt men nyttig.

### *Nytteorientert fritid og fri tid*

Fritid gjev ikkje berre høve til utvikling og danning. Den uformelle læringa på fritida vert sett på som eit supplement til den formelle læringa i skulen. Praktisk dugleik innan samarbeid, kommunikasjon og problemløsing er poengtert. Samstundes har fritida ein meir grunnleggjande verdi for individet, gjennom samver med jarnaldrande føregår mykje av den utprøvinga, den sosiale læringa og meiningsdanninga som pregar ungdomsfasen og som er avgjerande i overgangen frå barn til voksen (Øia and Fauske 2010 s. 186). Fritid er med andre ord ein arena som skal gjera dei unge til gangs menneske og gode medborgarar.

Serleg innanfor fritid for barn og unge og innanfor fritid for funksjonshemma er nyttenking kring fritid sentral. Fritid skal ha ein kompenserande funksjon, den skal rette ut det som er feil eller som manglar. Argumentasjonen går og i forhold til at menneske med funksjonshemmning har rettar i velferdssystemet som skal bidra til likskap slik eller som Alf Prøysen skriv ” så kan vi rette oppatt alle feil i fra i går … ”. Årsak til tiltak på fritid har til føremål å sikre likskap og å gje tilrettelagde tenester som bidreg til dette jamfør likskap/ulikskapdiskursen. Tenester som også legg restriksjonar på korleis menneske med funksjonshemmning kan forma si fritid ( jfr. Solvang 2000 s. 6).

Menneske med ulike vanskar og behov, slik som desse tre unge, som fyller vilkår for å få tilrettelagde tenester vert det stilt andre krav til enn ungdom generelt. Fritida deira skal fylle eit nyttebehov ifølgje Sandvin (2008). Fritida må ha eit innhald, ein nytteverdi i andre samanhengar knytt til opplæring og eit sjølvstendig liv., ADL og sosial kompetanse vert mål for fritidsaktivitetar. Nyttetenkinga overskugar og hindrar dei funksjonshemma unge i å dyrka sine interesser (Sandvin 2008 s. 73). Unge funksjonshemma har organiserte og vaksenstyrte fritidsaktivitetar medan andre unge har meir fri tid og fridom til sjølv å velje å vere med vener når det måtte passe dei.

Funksjonshemma som er avhengige av hjelpetenester for å ta del i fritidslivet og kvalifiserer etter sosialtenestelova for støttekontakt (Sosialdepartementet 1992 s. 106-112). Slike tenester vert som Sandvin skriv brukt til kvalifisering og trening. Dei som ikkje er god på skulen kan nyta fritida til å bli betre.

Fritida er ikkje fri, du pliktar som medborgar å syte for å brukha fritida di til å kvalifisera deg for livet elles. Du kan til dømes nyta fritida til fysisk aktivitet for å verte uthaldande og gjere eit betre arbeid, studere i fritida for å halda deg oppdatert, eller vidareutvikla deg. Eller du kan gjennom deltaking i lag og organisasjonar arbeide til beste for fellesskapet og gjennom dette visa deg som ein god samfunnborgar.

Så kan det vere ulike meininger om kva fritidsaktivitetar som er nyttelege og kva som er skadelege. Ta World of Warcraft (WOW) som døme. Det er eit verdsomspennande spelsamfunn som har 10 millionar spelarar. WOW har hierarkisk oppbygging og lag kalla "guilds" eller klaner som kjempar i timevis i planlagde slag. Nokon av desse laga krev at du spelar 6-7 dagar i veka frå klokka 19-24. Helseøydeleggjande og stillesitjande aktivitet vil mange sei. For dei på innsida har eg fått fylgjande vurdering: "Det er hardt arbeid og ein krevjande sport, ja dataspill i dag er idrett" seier Arvid Mallaug (2010). Han har vore ein av dei beste i Europa i WOW. Han legg til at deltaking der også er ekstremt sosialt som følgje av innebygde mikrofonfunksjonar. Bruk av dataspel er vorte sett på som ein fåre for sosiale samver og for utvikling av kreativitet og fantasi (Liestøl 2005 s. 187) Medan barn og ungdom opplever spelingsa som frigjerande, meiningsfull og underhaldande vert vaksne ståande med ei oppleving av dataspellets makt og eigen avmakt (Liestøl 2005 s. 190).

Eg opplver at dei tre unge synes vere upåverka av nyttetenking når dei presenterer si fritid.  
Dei presenterer fritida som ei tid fri frå nytte. Dei nyt fritida.

### *Organiserte fritidsaktivitetar*

Aslak og Christer har sine presentasjonar av eige fritid vist at dei ikkje tek del i organiserte fritidsaktivitetar. Bjørn viser til trommekurset han var på. Aslak fortel når han blir spurt, at han før har vore med i ein sjakkklubb. Det sosiale aspektet ved organiserte fritidaktivitetar er knytt til at slike aktivitetar også gjev ei oppleving av fellesskap (Tønder and Stureson 2008 s. 75). Overraskande er det ei undersøking viser at ungdom med nedsett funksjonsevne i større grad enn annan ungdom er medlem i organisasjonar. Undersøkinga gjev dverre ikkje svar på om eller i kva grad desse unge er inkludert i organisasjonane (Tønder and Stureson 2008 s. 76-80 )

Rambøll peikar i sin rapport på at for dei ”ikkje synleg funksjonshemma” der Asperger-syndrom høyrer heime, vert det organiserte tilbodet sett på som mindre godt, utfrå vanskar med å fungere i ein grupp situasjon (Kunnskapsdepartementet 2008 s. 30).

Organisert fritidsaktivitetar for barn og unge handlar om aktivitetar på fritid som er vaksenstyrte, avtalt på førehand, føregår jamnleg på avtalte stader og tidspunkt. Aktivitetane vert arrangert av frivillige organisasjonar eller det offentlege og er opne for alle eller visse aldersgrupper. Forutsigbarhet og grad av kontroll gjer at slike aktivitetar er ein veleigna kontekst for å overkoma sosiale og fysiske barrierer som hemmer mange unge funksjonshemma i å ta del i fritidsaktivitetar og på andre samfunnsarena meiner Mette Løvgren (2009 s.7-8).

Løvgren skriv om unge funksjonshemma, sjølvbiletet og deltaking i fritidsaktivitetar. Rapporten hennar tek for seg unge med epilepsi, tunghørde, astma/allergi og CP. Sjølv om informantane hennar ikkje hadde Asperger-syndrom kan funna likevel ha ein overføringsverdi, alle desse unge har ein meir eller mindre usynleg funksjonshemmning. Funna kan vere relevant å samanlikne med historiene om fritid som dei tre unge har fortalt meg. Majoriteten av dei 29 informantane hennar, oppfattar ikkje deltaking i organiserte fritidsaktivitetar som viktige i deira kvardag. Dette meiner Mette Løvgren kan reflektere tidlegare negative erfaringar frå slik deltaking, og svikten i organiserte fritidsaktivitetar når det gjeld å inkludere og integrere desse unge. I rapporten fortel ungdomane om møter med

fordommar og negative stereotypiar i deira sosiale miljø, anten det er på skulen, innanfor fritidsaktivitetar eller andre arenaer i livet. Graden av sosial intergrasjon blant hennar informantar var låg, og deira skildring av eige sjølvbilete er knytt til korleis informantane oppfattar at deira omgjevnader og jammaldrande ser dei (Løvgren 2009 s.9). Løvgren konkluderer med at deltaking i organiserte fritidsaktivitetar kan fremje sosial tilhøyrslle og bidra til eit positivt sjølvbilete. Det gjer ho sjølv om majoriteten av informantane hennar opplever organiserte fritidsaktivitetar som ein konservativ arena der barrierer for sosial deltaking vert reproduusert. Løvgren argumenterer innanfor likskap/ulikskapsdikursen der velferdstaten kompenserer for funksjonshemminga ved å tilføre ressursar ( jfr.Solvang 2000 s. 5). Løvgren tek utgangspunkt at i det normale er deltaking i organiserte fritidsaktivitetar, dei som ikkje deltek må bli meir som andre. Det må tilførast ressursar både innan kompetanse og nedbygging av sosiale og fysiske barrierer for å få dette til. Løvgren slik eg oppfattar det, ser på fritid som eit middel til å oppnå eit mål.

Det kan tenkjast at fritid kan vere eit mål i seg sjølv. Fritid for dei tre unge eg har møtt er meir som ei frikopling frå alt, tida dei disponerer sjølv fri frå miljøterapeutar, spesialpedagogar og foreldre sine mål om nytte. Då er det er kanhende like greitt at dei tre unge eg har snakka med ikkje tek del i organiserte fritidsaktivitetar. Det kan sjå ut til at organiserte fritidsaktivitetar er ein usikker stad for sosial inkludering.

Løvgren har i rapporten også nokre fortellingar om vellukka inkludering. Dei handlar om oppnåing av eigne mål med deltaking, vurdering av den enkelte utfrå individuelle føresetnader for deltaking og oppleving av anerkjenning og inkludering (Løvgren 2009 s.37-42). Vellukka deltaking i organiserte fritidsaktivitetar kan soleis vere viktig for den enkeltes sjølvbilete og livskvalitet (Løvgren 2009 s.57). Dei organiserte aktivitetane har liten plass i dei tre unge sine presentasjonar som Bjørn seier når me oppsummerer hans fritid:

Bjørn: *så e eg med på den derre....*

Inger Helen: *turgjengen?*

Bjørn: *Ja turgjengen*

Den organiserte fritida vert ein parantes, sett høve til den frie tida. Den fritida som andre organiserer for dei er i liten grad framme i presentasjonane deira. Sjølv om Aslak seier at det er greitt å spela med andre når han er på tur. Bjørn viste video frå trommekurset og turar med støttekontakt. Og Christer fortel om at han har ein som han spelar gitar og reparerer og ordnar

gitarar saman med, er ikkje desse organiserte fritidstiltaka som er deira fokus i presentasjon av fritid. Det som tek plass i deira eigen presentasjon er aktivitetar i den tida dei disponerer sjølv, det er dette dei ser på som viktig.

Det kan også sjå ut som om desse tre unge ikkje tykkjест vere så opptatt med kva andre meiner er godt for dei. Kan hende kan eg forstå det slik at det nettopp er føremuner med å ha Asperger-syndrom som gjer at dei tre unge er i stand til å få ei så god fri tid? Den herlege skilnaden mellom oss og dei andre?

### *Avsluttande ord*

Dei unge presenterer interessene dei har på fritid som si fritid. Det eg har funne svar på er kva aktivitetar/hobbyar betyr for dei. Samstundes er det *i fritida* desse aktivitetane skjer, i den tida desse ungdomane disponerer sjølv. Dei tre unge presenterer seg som alminnelege, unge og kompetente på sine fritidsinteresser, med ei innhaldsrik og variert fritid. Det er det uttrykket dei gjev og formidlar ( jfr. Goffman 1992 s. 12-13).

Fritida slik dei presenterer den framstår for meg som dyrebar og kostbar. Dei interessene dei har tek stor plass og dei tek mykje tid. Fritida er den tida dei deltek på eigne vilkår anten åleine, til ein viss grad i sosiale medier eller saman med få andre.

Dei er ”herleg” opptatt av det dei driv med. Aslak, Christer og Bjørn presenterer fritida si som noko dei nyttar til det dei er mest interessert i. Dei dyrkar sine interesser og ser ut til å vere upåvirka av forventningar frå andre. Dei er også opptatt av aktiviteten i seg sjølv. Kan hende er det den positive skilnaden ved å ha Asperger-syndrom, som gjer at dei kan dyrka sine interesser utan tanke på nytte og kva andre meiner. Eg sit att med inntrykket at fritid er ei skattekiste for dei.

## **Kapittel 8: Heilt alminneleg og ganske forskjellig**

### *Innleiande ord*

I mi forsking har eg etablert ei gruppe som har undersøkt og presentert eiga fritid. Gjennom den metodiske innfallsvinkelen deltakande forsking, har eg også fått høve til å sjå på korleis dei kommuniserer og samarbeider. Eg har sett på gutanes samspele og samhandling i lys av opp mot Goffmans daglege rollespel(jfr 1992). Framgangsmåten har gjeve meg innsyn i føresetnader for sosial deltaking.

Deira eigen presentasjon av si fritid som har vore utgangspunkt, og saman har me snakka om fritida deira. Det er i dei daglege levde liva at kimen til utvikling startar, det er i ein kontekst for varige endringar, tufta på ein prosess av empowerment og deltaking. Empowerment involverer kritisk læring som oppmuntrar menneske til å stille spørsmål ved sin røyndom (Ledwith 2005 s. 1). I eit slikt arbeid kan ein nytta fortellingar i freistnaden på å utvikla kritisk medvit ( Ledwith s. 67). Eit av forskingsspørsmåla opna for og kunne virke mobiliseraende for endring.

På samlingane har det utvikla seg ulike fellesskap, eg vil her gje felleskapa namn. I dette kapittelet tek eg med det som har relevans frå analysesamlinga knytt til deltaking og fellesskap. Eg vil oppsummere mine funn med omsyn til føresetnader for sosial deltaking. Data frå analysesamlinga vert også brukt i dette kapitelet.

Eg vil også sjå på barrierer i lys av merkelappen Asperger-syndrom, og om den rådande forståinga av Asperger-syndrom kan opna og stengja for fellesskap med andre. Eg undrast på om sjølve merkelappen kan vere ei barriere for deltaking. Den rådande forståinga av Asperger-syndrom kan knytast til det Solvang (2000) namngjev som *normalitets- og avviksdiskursen*. Eg skal vidare sjå på kva dei to diskursane; *likskap/ulikskap diskursen* og *oss og dei andre diskursen* har å seie for korleis me kan forstå Asperger-syndrom og deltaking ( jfr. Solvang 2000). Eg vil også kort sjå på funksjonshemmande barrierer lys av den sosiale modellen.

## *Fellesskap og føresetnader*

I møte med dei tre unge har eg funne fylgjande fellesskap: Filmfellesskap, tranformers-felleskap, Playmo/lego-fellesskap, datafellesskap, spelfellesskap, musikkfellesskap, fellesskap-gjennom-disiplinering, god- idéfellesskap, humor-og-ertefellesskap, historiefellesskap, bufellesskap, turfellesskap, hjelpe-og-bli-hjelpenfellesskap, og me-som-har-så-dyre-hobbyar-fellesskap, ut-og-lufte-oss-ilag-fellesskap, latterfellesskap, kompetansefellesskap, gøy-på-same-revy-fellesskap og invitasjon-til-eit-band-fellesskap. Fellesskapa skiftar, dei er overlappande og det treng ikkje vere alle tre eller oss alle fem som er ”inn i skapet” samstundes.

Gruppa var ikkje ei eksisterande gruppe, men vart etablert av forskingsføremål. Gruppa har eit klart siktemål og deltaking her er eit tydeleg definert ( jfr. Bauman and May 2004 s. 63). Dei tre unge kan seiast å vere plasserte i fleire felles kategoriar. Dei er i ungdomar, dei er gutter, dei har Asperger syndrom, dei kjenner kvarandre litt. Dei har, som det kjem til syne, ein del felles fritidsinteresser. Oppleving av å høyre til i eit fellesskap er på sitt sterkeste når me trur me ikkje har valt det med vilje (Bauman and May 2004 s. 59-60). Å ha noko til felles, er eit godt utgangspunkt for fellesskap. Ideala som opprettheld ”oss” er solidaritet, gjensidig tillit og samkjensle. Fellesskapet er godt å opphalde seg i, me forstår dei andre der og får hjelp om treng det (Bauman and May 2004 s. 43-45).

I første samling skjedde det ei forsiktig tilnærming mellom gutane. Spirar til fellesskap oppstår når alle fortel kva hobby dei har. Gustavsson(1999) skriv om vårt behov for å samanlikna oss med samanliknbare andre. I slike dømmeituasjonar set me våre medmenneske i ulike kategoriar utfrå kor samanliknbare dei er med oss sjølv i den aktuelle situasjonen (Gustavsson 1999 s. 40-42). Det kan vere å ha kompetanse på Transformers, slik både Aslak og Bjørn har. Aslak latterlegjer ved imitasjon og gjesping, og viser slik at han tek avstand frå dei delar av Bjørns fritid som er ikkje samanlikningsverdig ( jfr. Billig 2005 ). Når andre delar av Bjørns fritid som Transformers er tema er samhandlinga mellom dei prega av anerkjenning og gjensidighet, dei to skaper eit ”me”. Fellesskapet skaper ei anerkjenning av den andre som kan noko og som viser seg som kompetent. Dei er med andre som dei ynskjer å samanlikne seg med.

Felleskap spirar gjennom den humor som dei tre unge, eg og forskingsassistenten har og saman utviklar. Humor vert brukt og bidrar til utvikling av felleskap. Spøk og vitsing vert er del av den kulturen som etablerer seg i gruppa. Humor spelar ein sentral og viktig rolle i alt sosialt liv, og er samstundes naudsynt for å forstå seriøst sosialt liv (Billig 2005 s. 4-5). Når Christer vitsar fører det til at me andre ler og flirer. Spøk og vitsing på samlingane er prega av interaksjon. Spøk er interaktiv og deltaking naudsynt for å lukkast (Fine and Soucey 2005 s. 3). Samspelet utvikla og endrar seg frå samling til samling, dei unge nyttar aktivt humor som smøremiddel i bygging av sosiale relasjonar. Dei har både gjort seg bruk av den gode humoren, den som smør og utviklar fellesskap (Fine and Soucey 2005). Men også latterlegjering som ifylgje Billig er kjerna i alt sosialt liv (Billig 2005 s. 2). Aslak er den som viser ei tydeleg endring i veremåte frå første til femte samling, han vert tryggare fordi han får positiv attendemelding frå dei andre på dei avtrykk han gjev (Goffman 1992 s.13). Bjørn seier direkte til Aslak at han er morosam, dei ler og fortel vitsar til kvarandre. På analysesamlinga viser Aslak seg tildømes som ein imitator både av Kirkvaags ”vart du skræmd no ja” figur og på Terminator. Han er god på imitasjon og får positiv respons frå oss andre på imitasjonen. Humor er ein smøringsmekanisme i sosiale relasjonar. På samlingane bidrar alle bidrar til utvikling av ein positiv gruppekultur. Vitsar, vittige kommentarar, erting og ein porsjon latterlegjering bidrar i samlingane til utvikling og regulering av relasjonar oss imellom (jfr. Billig 2005; Fine and Soucey 2005).

Felleskap vert utvikla gjennom korleis ein opptrer saman og møter kvarandre. Ytringar som ”*e da nåken som blir med ut, det er så kjedelig åleine*”, ”*du er grådig morsom du, det har du alltid vært*”, og ”*skal vi starte band sammen*” varierer frå å vere spede spirar til klare invitasjonar. Det handlar også om måten ein gjev tilbakemelding til dei andre på. Tilbakemeldingane dei gjev kvarandre på samlingane stadfestar den andre og dei viser gjensidig interesse for kvarandre sine fritidsyslar. Desse tre gutane viser at dei respekterer, anerkjenner og verdset kvarandre. Bjørn gjev Christer karakteristikken *han e jo en musikar*. Aslak kjem fram til at gitarinteressa til Christer er ein dyr hobby. Aslak og Bjørn er i same divisjon når det gjeld Transformers ( jfr. Gustavsson 1999 ). Utsegner stadfestar dei andre utfra dei uttrykka dei har gjeve frå seg ( jfr. Goffman 1992 ). Aslak anerkjenner Bjørn når han å oppsummere med at ”me driv med mykje det same”. Den yngste får anerkjenning av den eldste. Gjensidig anerkjenning er grunnleggjande element i sosialisering og utvikling av fellesskap (Honneth 2008).

I møte med andre menneske dannar me oss bilete av den me samhandlar med, noko informasjon har me gjerne på førehand, noko fangar me opp der og då. Goffman meiner menneske handlar målretta for å gje andre det inntrykket han ynskjer å gje, og for å kontrollera deira åtferd og måten dei behandlar han på (Goffman 1992 s. 13). Kvalitative avvik i sosialt samspele og kommunikasjonsmønstre er ein sentralt kjenneteikn ved Asperger-syndrom (Martinsen and Tetzchner 2007 s. 5). Den måten dei tre unge opptrer på annleis enn slik menneske med Asperger syndrom vert presentert innan den medisinske modellen. Dei tre unges sjølvrepresentasjon på samlingane me har hatt, har utfordra den altoverskuggande diagnosen dei har. Ei sosial rolle omfattar fleire enkeltroller spelt av ein og same person (Goffman 1992 s. 23). Dette gjer også desse tre unge. Rollene dei har spela på samlingane har vore truverdige og har ikkje sådd tvil hjå publikum. Dei meistrar det Goffman kallar kunsten å kontrollere inntrykk, og har den dugleik som skal til for å lukkast i å framföra si rolle (Goffman 1992 s. 173).

I gruppa vert det etablert felleskap ut frå interesser. Minkler nyttar omgrepene *a sense of community* (Minkler 2006 s. 1,23,30,129,306,356). Dette omgrepet kan skrivast om til ei oppleveling av fellesskap. Fellesskap eller community kan vere menneske som delar ei felles sak eller interesse og eit ynske om å få til endringar(jfr Warren i Walter 2006 s. 67). Dei tre unge har både fellesskap gjennom det dei har av felles interesser, og dei gjev uttrykk for å trivast saman. Bauman og May (2004) fokuserer på det som skilnad frå dei andre og semje og behag i fellesskapet. Dei er ikkje så behageleg med kvarandre at dei ikkje utfordrar andre i musikksyn, tvevar, ertar og latterleggjer kvarandre. Dei er ærlege med kvarandre og let tildømes ikkje vere å kommentere for fredens skuld, slik som når Aslak ”bomma” på ein transformersfigur og Bjørn poengterer det kraftig. Eller når Aslak ertar Christer med at gitarar til to-tre tusen kroner er ”*sånn kasta ette deg gitar*”.

På den andre sida viser dei også evne til å dekkja over når Aslak vert usikker og ikkje klarar å gjere greie for kvifor han tok nettopp dette biletet. I denne situasjonen viser dei andre ”takt” ved ikkje å spørje meir og bidrar slik at Aslak kan oppretthalda sitt inntrykk ( jfr. Goffman 1992 s. 21).

Å ha Asperger-syndrom vert av dei ikkje presentert som ein identitet. Men dei presenterer identitet gjennom interessene dei har slik som Aslak seier det på anaylsesamlinga ” eg e playmomannen”, og Bjørn som godt kunne tenkt seg å vere sånn ”robotaktig”. På samlingane

vert det etablert eit felleskap ut frå interesser og ikkje utfrå kva ein kan kalle for problemfokus. Å vere med ”sine eigne” det vil sei andre med Asperger-syndrom vert ikkje sett ord på, anna enn som ei overraskande oppdaging på første samling.

Dei tre unge har synt at dei individuelle føresetnader for sosial deltaking. På samlingane har dei synt at dei er i stand til å ta del i det daglege rollespelet. Dei inviterer til fellesskap. Dei anerkjenner kvarandre. Dei har evne til å kommunisere og viser forståing for, og innleving i, den andre sine interesser. Dei viser at det kan etablere fellesskap gjennom bruk av humor. Dei regulerer gruppefellesskapet gjennom å vitsa og spøke med kvarandre. Dei viser og teikn til at dei kan regulere fellesskap gjennom latterlegjering.. Dei viser dei har interesse, evne og kompetanse til å inngå i fellesskap med andre. Dei utfordrar slik veletablerte oppfattingar om menneske med Asperger-syndrom.

På den eine sida viser det seg at desse tre unge har føresetnader for sosial deltaking. På den andre sida, dei på når dei vert direkte spurt, fortel dei om sine vanskår knytt til det å ha Asperger-syndrom. Det finnes nokre barrierer som hindrar dei. Dette kan vere usynlege barrierer og uforståelege barrierer for andre, men høgst reelle og hemmende for den det gjeld. Ein fellesnemnar for dei vanskane menneske med Asperger-syndrom har er at dei har størst vanskår med forhold som dei dei fleste menneske er herre over og ser på som mest sjølvsagde. Dette gjer at dei framstår som sære og annleis (Martinsen and Tetzchner 2007 s. 5).

### *Fellesskap og ambivalens*

I skule og arbeid er det i stor grad institusjonaliserte reglar og rammer for deltaking. Me går i klassen med dei på same alder og same studieretning, me er på same arbeidsplass med andre som er tilsett der. I skuletida og i arbeidtida kan me ikkje velja kven me kan vere saman med i stå stor grad som i fritida. I fritida er det større rom for deltaking i det ein kan velje sjøl. Val kjem som følgje av tildømes interesser og alder. Gjennon samvær med jamnaldrande foregår mykje av utprøvinga og den sosiale læringa. Fritid saman med andre representerer eit stort nytt felt for oppleving og meiningsdanning (Øia and Fauske 2010 s. 186-187).

Dei tre unge eg har møtt fortel om ei fritid åleine eller saman med få andre. Få kan vere både familie, vene og støttekontaktar eller andre hjelparar. Saman med vene har dei mest ein interessefellesskap, dei er saman utfrå kva ein likar å gjere i lag. Denne fellesskapen kan og

ha sine utfordringar. På analysesamlinga, der berre Aslak og Bjørn var tilstades, vert dei stilt følgjande spørsmål om fritidsaktivitetar saman med andre:

*Hege: Liker dokker å gjøre disse tingene sammen med andre eller likar dokker best å vere en?*

*Bjørn: av og til e det greit å få gjort det aleine. På grunn av at, det kan jo være noe som gjør at du har lyst å være aleine. På grunn av at då får du liksom ...at andre ..foreksempel noe du og en an skal gjøre, og så er det noe du gjør ant, istedenfor det han andre ville at vi skulle ... For det e jo noen ganger litt bra å spille aleine*

Fellesskap har positivt forteikn, det er noko me automatisk tenkjer på som godt og viktig. Bjørn set ord på det vanskelege med fellesskap. Usemje i aktivitet eller val av aktivitet er vanskeleg. Usemje kan vere vanskeleg å takle og å løyse. Eit handlingsalternativ er då å velje fellesskap vekk. Bjørn sine set ord på det diagnostikarar påpeikar menneske med Asperger-syndrom slit med, samhandlingsvanskar. Kommunikasjon med andre ikkje er enkelt. Dei mange og uskrivene sosiale reglane, det å kunne justere seg etter den aktuelle situasjonen og å etablere nære relasjonar er vanskeleg (Martinsen and Tetzchner 2007). Vanskane er knytt til å forestille seg den andre sine tankar, kjensler og idear og kunne foreta seg sosiale vurderingar og avvegingar (Martinsen and Tetzchner 2007 s. 234). Samtalen over utvikla seg slik vidare:

Inger Helen: *korleis er det med deg Aslak?*

Aslak: *Det er jo sånn eg vil helst fint klara meg å spela åleine*

Bjørn: *Det klarar no eg og*

Inger Helen: *ein ting er kva ein klarar ein annan ting er kva ein vil, vil ein spela med andre eller vil ein vere åleine? (stille lenge)*

Aslak: *det spørst kor tid det er*

Inger Helen: *kor tid passar det å vere åleine då...kor tid passar det å vere i lag med nåken?*

Bjørn: *når du ikkje har noe å gjøre...då passar det å være med andre men aleine så visst du ikkje orkar så mye mas rundt deg, då kan det være noe sånt*

Inger Helen: *korleis er det for deg Aslak?*

Aslak: *det går av og til heilt fint*

Inger Helen: *kva er det som går heilt fint?*

Aslak; *på tur og sånt då kan eg spilla med nåken andre og*

Inger Helen: *når du e på tur spilla du med andre, er det sånn at når du er heime til vanleg så spilla du(avbrutt at Aslak)*

Aslak: *då kan eg spilla åleine og*

Mas på den eine sida og det å kjede seg på den andre sida er det Bjørn forklarar som grunnar til å velje eller velje vekk fellesskap. Aslak svarar både og på spørsmålet. Aktivitetar som å

spele klarar han fint gjere åleine. Aslak vil helst spele åleine seier han. Han vil helst klara seg åleine. Men å spele saman med nokon andre gjer han på turar. Han formulerer seg som at det å spele åleine, er det han føretrekk. Samvær med andre presenterer dei som noko i dei dei kan velje å vere i eller ikkje. Fellesskap under aktivitetar dei likar som spel er avhengig av ulike moment.

Sjølvrepresentasjonen deira ber preg av at dei ynskjer å vise seg som kompetente menneske i stand til å delta saman med andre. Dei har ei fritid åleine eller saman med og svarar på at det er greitt slik. Tøssebro (1996) peikar på at det er vanleg at personar som vert spurt om sine levekår, forsvarar det dei har. Det ligg eit element av å ville forsvare sin eigen identitet i det å vere nøgd, det handlar om kva ein har oppnådd og dimed kven ein er (s. 65). Dette kan gjerne vere ei hovande forklaringa her. I denne konkrete situasjonen var uttrykket dei gav frå seg ikkje fullt så eintydig. Det finnes eit både og. Vanskar i å vere med andre let seg ikkje underslå. Å takla aktivitetar med andre kan vere vanskeleg. Så vanskeleg at fellesskap vert valt vekk. Det kan handle om sosiale barrierer, sosiale barrierer vert skjeldan gjenkjend som barrierer men tilskrive trekk ved personen (Løvgren 2009 s. 9).

På spørsmål om kva dei kunne ynskt seg annleis på fritida jamfør forskingsspørsmåla mine, har dei har ingen store ynske om endring. Dei tilkjennegjer ingen lengsel etter meir sosial kontakt med andre, andre aktiviteter eller anna innhald i fritida. Dei presenterer seg som nøgde med situasjonen. Det er tid for å går frå individnivå til å sjå på Asperger syndrom i eit anna og overordna perspektiv.

### *Typisk Asperger eller typisk Aslak?*

I mitt forskingsarbeid har eg arbeidd med å fri meg frå å tenkje på diagnose ”typisk Asperger”, til å tenkje på personen; ”typisk Aslak”. Scheflen (1978) viser at kjerna er at tolkinga kjem først: Du ser det når du trur det, i noko mon ser du det du vil sjå. Tolkingar kan supplere og utelukke kvarandre, alle er dei på sett og vis ufullstendige (Scheflen 1978 s. 68). Mi forsking har vore ei reise i ulike tolkingar og forståingar. Eg starta med det velkjende og trygge ”typisk Asperger-syndrom”, tufta på den medisinsk orienterte forståinga av syndromet. Mi utdanning som sosionom kombinert med eit arbeid med tilrettelegging av fritid i kommunen, der diagnose utløyser rett til tenester, prega meg då eg starta. ”Typisk Asperger” gjev eit sett med tolkingar av åtferd og samhandling. Samstundes skuggar ”typisk-Asperger” for noko anna. Playmointeressa til Aslak kan oppfattast som sær avdi han har Asperger-

syndrom, eller rettare når Aslak har Asperger syndrom, vert playmointeressa sær.

Merkelappen Asperger-syndrom kan forklara den gitarinteressa tChrister har ved å koble den til kjenneteikn som eit avgrensa, stereotyp og gjentakande repertoar av interesser og aktivitetar (Bingham 2010 s. 41; WHO 2010). Diagnosekriteria overskuggar andre forklaringar som at gitarinteressa er ”arveleg”, Christer er musikalsk og fellesskap i musikken vert positivt forsterka i hans familie. Det at Christer har fleire og varierte fritidsinteresser utfordrar meg til å finna andre forklaringar. Bjørn òg viser oss varierte fritidsinteresser.

Christer handlemåte og evne til å hjelpe Aslak med datavanskar ved å ”ramme inn og gje handlingsrom”, utfordrar diagnosekriteria. Me ser at dei to andre stadfesta og anerkjenner Christers interesser, sjølv om ingen av dei har same interessefelt. Dei viste evne til å leva seg inn i og forstå kva gitarinteressa betyr for Christer. Aslak foreslo ein familiesamankomst til Bjørn for at han kan treffa nær slekt, han aldri har møtt. Dette forslaget kom Aslak med trass at han sjølv opplever av familesamankomstar er vanskelege.

I mi forsking har eg møtt tre unge som ikkje tek del i lagslivet i det heile, og dei ynskjer det slik. Desse tre unge er utan same fundament som eg, men dei ser av slik årsak ikkje ut til å ha nokon vesentleg mangel. Desse unge tykkjест ha størst glede av den frie tida dei har når dei konsenterer seg om sine interesser helst åleine og stundom saman med få andre.

Sjølvpresentasjon deira utfordrar biletet me har av menneske med Asperger som hjelpetrengjande, som avhengige av hjelp. Eg har endra oppfatting, frå å sjå det sære har eg gått over til å sjå det alminnelege. Aslak og Christer presenterer den fritida dei har, som fri tid, det er den tida dei sjølv rår over. For meg som arbeider med tilrettelegging av fritid var dette ei viktig oppdaging.

Med fåre for å kaste barnet ut med badevatnet, vil eg presisere at mine konklusjonar er tufta på kva den enkelte av dei har presentert i si framføring. Det kan vere at dei spelar rollene sine godt og med vilje underslår eller underkommuniserer andre delar av fritida si. Ei slik framføring er ikkje typisk for Asperger syndrom, det er typisk for menneske. Det er ein del av det å vere vanleg ( jfr. Sacks 1984 ; Goffman 1992). Aslak presentere ei god og innhaldsrik fritid men han kjem også med ein kommentar på analysesamlinga som nyansere inntrykket ( jfr. Goffman 1992 s. 173). Når eg spør Aslak om korleis han synes det har vore å kome på samlingane seier han: ”*Ellers hadde eg berre site heime og ikkje gjort ein dritt*”. Innhaldsrik

fritid er ikkje heile biletet. Samstundes er det å kjede seg, å gjere ingenting ganske så alminneleg (jfr. Sacks 1984). Merkelappen Asperger syndrom gjer at ein tenderer til å automatisk kople det å ”ikkje gjere ein dritt” til eit symtom på diagnosen. Det å ikkje gjere noko er også ein del av det å vere vanleg (jfr. Sacks 1984) Forklaringa kan vere Asperger syndrom, med det kan også finnast andre forklaringar.

### *Merkelappen Asperger-syndrom*

Det me kan kalla overskuggande diagnoser namngjev Goffman(2000) som stigma. Eit stigma innheld ein spesiell relasjon mellom ein eigenskap og ei stereotyp klassifisering av menneske (Goffman 2000 s. 16). Merkelappen Asperger-syndrom er ei altoverskuggande diagnose og kan sjåast på t som eit slikt stigma, eit avvik frå det normale. Stigmaet skuggar for og dekkjer over andre kvalitetar, og bidrar til at personar med eit stigma uansett rang eller kompetanse ender med å presentere sin kategori (Goffman 2000 s. 42). Det spesielle Asperger, vert det sentrale og ein risikerer å oversjå det alminnelege (Tøssebro and Lundeby 2002 s. 11).

